



# Fylkesdelplan for klima og miljø

## Mål, strategiar og tiltak

Fylkestinget mars 2009

## Innhald

FØREORD .....	7
<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>8</b>
1.1 Om planarbeidet.....	8
1.2 <b>Viktige innspel i høyringsrunden.....</b>	<b>8</b>
1.3 <b>Faglege utfordringar i klimaarbeidet .....</b>	<b>9</b>
Utfordringar i høve utsleppsreduksjon .....	9
Utfordringar i høve tilpassing til klimaendringar .....	9
Etablering av målhierarki for utsleppsreduksjonar.....	10
Prinsipp for å utvikle overordna klimamål i høve utslepp av klimagassar i ein regional samanheng..	10
Korleis evaluere måloppnåing i høve utsleppsbiten i klimaplanen .....	11
Om utslepp og klimatilpassing .....	11
Skilnaden mellom ein produksjons- og forbruksretta klimapolitikk .....	12
<b>2. NASJONALE RAMMER OG FØRINGAR.....</b>	<b>13</b>
2.1 Norsk klimapolitikk .....	13
2.2 Klimaforliket på Stortinget .....	13
2.3 Flæte-utvalet .....	14
2.4 Klima 21.....	14
2.5 Stortingsmelding om landbruk og klimautfordringar .....	14
2.6 KS sitt landsting 2008 .....	15
2.7 Ny planel i plan- og bygningslova .....	15
2.8 Krav til staten.....	16
<b>3. ÅRLEG RULLERING AV FYLKESDELPLANEN OG SYSTEM FOR RAPPORTERING OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING.....</b>	<b>17</b>
<b>4. REDUKSJON AV KLIMAGASSUTSLEPP .....</b>	<b>18</b>
Overordna mål.....	18
Hovudstrategiar.....	18

<b>4.1 PRODUKSJON.....</b>	19
<b>4.1.1 Industri .....</b>	19
Hovudstrategiar.....	19
Korleis er stoda i dag?.....	19
Tiltak.....	21
<b>4.1.2 Transport .....</b>	22
Hovudstrategiar.....	22
Korleis er stoda i dag?.....	22
Tiltak:: .....	27
<b>4.1.3 Landbruk.....</b>	28
Hovudstrategiar.....	28
Korleis er stoda i dag?.....	28
Tiltak: .....	30
<b>4.1.4 Reiseliv .....</b>	30
<b>4.1.5 Offentleg sektor generelt.....</b>	31
Hovudstrategiar.....	31
Korleis er stoda i dag?.....	31
Tiltak: .....	33
<b>4.1.5.1 Den fylkeskommunale verksemda.....</b>	35
Hovudstrategiar.....	35
Korleis er stoda i dag?.....	36
Tiltak .....	38
<b>4.2 FORBRUK.....</b>	41
Hovudstrategiar.....	41
<b>4.2.1 Forbruksdrivne klimagassutslepp .....</b>	41
Hovudstrategiar.....	41
Korleis er stoda i dag?.....	42

Tiltak: .....	43
4.2.2 Reiseliv .....	44
<b>5. TILPASSING TIL KLIMAENDRINGAR .....</b>	<b>45</b>
Overordna mål .....	45
Hovudstrategiar .....	45
Konkretisering og avgrensning .....	45
<b>5.1 Klimaendringar og regionale ulikskapar .....</b>	<b>47</b>
Delmål regionale ulikskapar .....	47
Hovudstrategiar .....	47
Korleis er stoda i dag? .....	47
Tiltak: .....	48
<b>5.2 Landskap, biologisk mangfald og leveområde .....</b>	<b>49</b>
Delmål landskap, biologisk mangfald og leveområde .....	49
Hovudstrategiar .....	49
Korleis er stoda i dag? .....	49
Tiltak: .....	51
<b>5.3 Havnivåauke .....</b>	<b>52</b>
Delmål havnivåauke .....	52
Hovudstrategiar .....	52
Korleis er stoda i dag? .....	52
Tiltak: .....	53
<b>5.4 Transportsektoren .....</b>	<b>54</b>
Delmål transportsektoren .....	54
Hovudstrategiar .....	54
Korleis er stoda i dag? .....	54
Erfaringar hittil .....	56
Tiltak: .....	57

<b>5.5 Landbruk.....</b>	58
Delmål landbruk.....	58
Hovudstrategiar.....	58
Korleis er stoda i dag?.....	58
Tiltak:.....	61
<b>5.6 Fiskeri og fiskeoppdrett.....</b>	62
Delmål fiskeri og fiskeoppdrett.....	62
Hovudstrategiar.....	62
Korleis er stoda i dag?.....	62
Tiltak:.....	64
<b>5.7 Infrastruktur.....</b>	65
Delmål infrastruktur .....	65
Hovudstrategiar.....	65
Korleis er stoda i dag?.....	65
Tiltak:.....	66
<b>5.8 Bygningar.....</b>	67
Delmål bygningar .....	67
Hovudstrategiar.....	67
Korleis er stoda i dag?.....	67
Tiltak:.....	68
<b>5.9 Vasskraftproduksjon .....</b>	69
Delmål vasskraftproduksjon .....	69
Hovudstrategiar.....	69
Korleis er stoda i dag?.....	69
Tiltak:.....	71
<b>5.10 Samfunnsendringar og klimatilpassing.....</b>	71
Tiltak .....	71

5.11 Reiselivet.....	71
<b>6. OPPFØLGING FYLKESDELPLAN FOR KLIMA OG ENERGI 2003 .....</b>	<b>72</b>
Hovudstrategiar.....	72
Korleis er stoda i dag?.....	72
Tiltak:.....	75
<b>7. KOMMUNAL VERKSEMID OG PLANLEGGING.....</b>	<b>77</b>
Delmål kommunal verksemid og planlegging.....	77
Hovudstrategiar.....	77
Korleis er stoda i dag?.....	77
Tiltak:.....	79
<b>8. KRAV TIL STATEN - nasjonale rammer og føringar .....</b>	<b>80</b>
<b>8.1 Reduksjon av klimagassutslepp .....</b>	<b>80</b>
Generelt .....	80
Industri.....	80
Transport .....	80
<b>8.2 Tilpassing til klimaendringar .....</b>	<b>81</b>
Generelt .....	81
<b>9. AKTUELLE TILTAK – budsjettmessige konsekvensar .....</b>	<b>82</b>
<b>VEDLEGG nr. 1 .....</b>	<b>84</b>
Nasjonale hjelpemiddel til bruk i kommunalt klimaarbeid .....	84
Utsleppsreduksjonar.....	84
Lovverk .....	84
Rettleiarar og støtteordningar.....	85
Klimatilpassing .....	85
Lovverk .....	85
Retningsliner.....	86
Forvaltningsorgan.....	86

Tilskot .....	86
<b>Kompetanseheving klima.....</b>	<b>86</b>
Informasjon.....	86
Kommunenettverk .....	87
Kurs / etterutdanning.....	87
<b>VEDLEGG nr. 2 .....</b>	<b>88</b>
<b>Ordliste .....</b>	<b>88</b>

## FØREORD

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 24.mars 2009 Fylkesdelplanen for klima og miljø.

Ein fylkesplan skal samordne nasjonal og lokal politikk, omsetje nasjonale mål til regionalt og lokalt nivå. Vidare skal planen formidle lokale og regionale synspunkt inn til dei nasjonale styresmaktene. Gjennom eit omfattande planarbeidet har fylkeskommunen lagt vekt på å få fram ein samla og forpliktande klimapolitikk for fylket. Fylkesdelplanen skal hjelpe og støtte regionale styresmakter og kommunane i deira klimaarbeid.

I kapittel 1.1 er det gjort nærmare greie for planprosessen.

Fylkestinget hadde som mål å utarbeide ein omfattande plan. Målet er vidare å gjennomføre ei systematisk oppfølging av planen. Dette krev kompetanse og kapasitet. Difor er det tilsett ein klimakoordinator som skal vere sentral i dette arbeidet.

Vi står overfor store utfordringar i høve dei forventa klimaendringane. Det hastar med å setje i verk tiltak. Alle gode krefter i Sogn og Fjordane må stille opp.

Eg oppmodar alle innbyggjarar i fylket, alle offentlege styresmakter, næringslivet, frivillige organisasjonar og andre om å medverke i dette viktige arbeidet.

Nils R. Sandal  
Fylkesordførar

# **1. INNLEIING**

## **1.1 Om planarbeidet**

Fylkesordførar Nils R. Sandal tok i sin tale i fylkestinget i juni 2007 til orde for at det vart utarbeidd ein Klima- og miljøplan for fylket. Fylkesutvalet gjorde i august same året vedtak om å starte opp prosessen for utarbeiding av ein fylkesdelplan om temaet.

Som ein lekk i planarbeidet vart det laga eit eige ”Analyse- og utfordringsdokumentet”. Det har vore eit siktet mål å beskrive utfordringane knytt både til sårbarheit i høve klimaendringar og til reduksjon av klimagassutslepp og relatert forbruk. Dette er i seg sjølv noko nytt. Analyse- og utfordringsdokumentet blei ikkje politisk behandla, men la likevel grunnlaget for det vidare arbeidet.

Den 7. april 2008 blei eit framlegg til planprogram sendt ut på høyring. Dette blei endeleg godkjent i Fylkesutvalet den 9. juni same året.

Høyringsutkastet for sjølve fylkesdelplanen som blei sendt ut på høyring i september 2008, var delt i to – Mål- og strategidokumentet og Handlingsprogrammet. Høyringsfristen blei sett til 31.12.08. Det kom inn 17 fråsegner til høyringsutkastet innan rimeleg tid for fristen. Vi har teke omsyn til fleire av innspela i det endelige framlegget.

Den vedtekne fylkesdelplanen er samla i eitt dokument.

Partnarskapen har stilt opp i ein felles dugnad i produksjonen av dokumentet. Utan deira aktive innsats hadde vi ikkje fått dette til. Vestlandsforsking har elles vore rådgjevar for oss under heile planprosessen. Dessutan har vi også støtta oss på ei referansegruppe (med representantar frå KS, Fylkesmannen, NHO, Innovasjon Norge, Vestlandsforsking, Norges Geotekniske Institutt, miljøorganisasjonane, bondelaget og LO) som har gjeve viktige innspel til retning og innhald.

Føremålet med planarbeidet har mellom anna vore å freiste finne ut kva konsekvensar klimapolitikken til Regjeringa og Stortinget har for dette fylket. Vidare vurdere korleis fylket på ein mest mogleg effektiv måte kan medverke til at Noreg når sine klimapolitiske mål. Dessutan har formålet vore å lage ein politikk og utforme tiltak for å avgrense skadeverknadane av eit framtidig endra klima i Sogn og Fjordane.

Dette er ambisiøse mål. Kunnskapen i eigen organisasjon er avgrensa om dette. Det har difor vore trøng for både å samle relevant kunnskap og å bygge opp eigen kompetanse. Vidare er det sortert blant mange moglege behov for oppfølging innanfor klimagassutslepp og klimasårbarheit.

Prosesssen har vore tidkrevjande og komplisert med mange partar involvert.

## **1.2 Viktige innspel i høyringsrunden**

Det blei arrangert ein høyringskonferanse den 30.09.08. Under konferansen kom det fram til dels kraftig kritikk mot høyringsutkastet. Høyringsfråsegnene er meir positive i si tilnærming.

På høyringskonferansen og i høyringsrunden blei det mellom anna peikt på følgjande:

### a) Positive sider

- Både analyse- og utfordringsdokumentet og sjølve høyringsutkastet gir eit solid fagleg grunnlag for vidare bearbeiding og kan skape eit godt grunnlag for handling.
- Ambisiøst og inkluderande planarbeid – demokratisk prosess.
- Skisserer tiltak innanfor mange sektorar.
- Prosessen syner vilje til å gjere noko i høve klimautfordringane.

### b) Negative sider

- Målformuleringane er for lite konkrete og er ikkje etterprøvbare.
- Tiltaka er ikkje konkrete nok. Planen er ikkje nok handlingsretta og gir ikkje tilfredsstillande retning for arbeidet.
- Ikkje godt nok system for ansvarsdeling, tidfesting og oppfølging.
- Manglande vurdering og synleggjering av kostnader ved ulike tiltak.

## 1.3 Faglege utfordringar i klimaarbeidet

### Utfordringar i høve utsleppsreduksjon

Fylkesdelplanen for klima og miljø skal kunna vurderast i høve mål om reduksjon av klimagassar og grad av tilpassing til forventa klimaendringar.

Usikkerheit og mangel på data i høve lokale og regionale klimagassutslepp er ei av hovudutfordringane i lokal og regional klimahandling. Dette gjer det vanskeleg for desse styresmaktene å avdekke problemområda og å vurdere effekten av lokale tiltak.

Statistisk sentralbyrå (SSB) offentleggjer energibruk og klimagassutslepp på kommunenivået. Desse tala blir brukte som grunnlag for lokale klimaplanar. Det blir reist kritikk mot kvaliteten på dette datagrunnlaget. Nasjonale tal blir nedskalerte til kommunenivået etter eigne fordelingsnøklar, men fangar i liten grad opp dei faktiske klimagassutsleppa. Mellom anna knyter det seg stor usikkerheit til utslepp i kommunane si eiga verksemd.

Data frå SSB gir likevel eit greitt utgangspunkt for å få oversikt. Tala er derimot for upresise til å fange opp utvikling over tid eller måle effekten av lokale tiltak for reduksjon av klimagassar. Vidare kan dei også vere mindre relevante i forhold til dei faktiske lokale utfordringane. Det er difor trøng for i kvart konkrete tilfelle å tolke slike data og vurdere om det må gjerast supplerande datainnsamling lokalt.

Ei anna utfordring vil vere å kjenne tilstrekkeleg til effekt og kostnader av ulike utslepps-reduserande tiltak.

### Utfordringar i høve tilpassing til klimaendringar

Det er lite tilgjengelege data for moglege konsekvensar av klimaendringar regionalt og lokalt. Det som finst av data er nedskaleringar av sjølve klimaendringane.

For å kunne vurdere konsekvensane av klimaendringane føreset dette at vi:

- bestiller nedskaleringar av moglege framtidige klimaendringar,
- gjer sektorvise vurderingar av korleis desse kan slå ut – krev involvering; og

- samstundes gjere vurderingar av korleis samfunnet endrar seg og gjer seg meir eller mindre sårbar overfor klimaendringar.

På fleire område er slik sett kunnskapsgrunnlaget for dårleg til å setje i verk relevante tiltak.

I forhold til klimatilpassing er det eit stort behov for kunnskapsutvikling og vidare eit behov for å avgrense og konkretisere arbeidet. Vi føreslår difor ein analysedugnad (jf. kap. 5) i samarbeid med KS (kommunane), Fylkesmannen og Vestlandsforskning for å møte desse utfordringane og for å systematisere arbeidet.

### **Etablering av målhierarki for utsleppsreduksjonar**

Overordna mål for fylkesdelplanen kan ha tre føremål:

- 1) Dei kan vere eit grunnlag for å utvikle meir operative mål som igjen skal gi grunnlag for å vedta verkekittel og konkrete tiltak.
- 2) Dei kan ha eit symbolsk føremål som også kan vere viktig signal om kva vi oppfattar å vere viktige langsiktige utfordringar i klimapolitikken.
- 3) Dei kan vere med på å gi politiske signal til sentrale styresmakter for å påverke rammevilkåra for realisering av eigne ambisjonar.

Vi legg i fylkesdelplanen opp til eit ambisiøst overordna mål for utsleppsreduksjonar. Samstundes er det viktig å vere klar over:

- at kunnskapsgrunnlaget for å nå eit så ambisiøst langsiktig mål i dag ikkje er til stades og
- at tidsfaktoren i klimapolitikken er svært krevjande. Vi har det travelt med å setje i verk tiltak fordi effektane av klimaendringar vil bli meir alvorlege di høgre konsentrasjon vi får av klimagassar i atmosfæren.

Poenget er at det langsiktige målet er gitt og at det må bli lagt opp til ein politikk som inneber at fylkeskommunen og partnarskapen bind seg til årleg å kome opp med nye ambisiøse mål og tiltak.

### **Prinsipp for å utvikle overordna klimamål i hove utslepp av klimagassar i ein regional samanheng**

I prinsippet kan ein tenkje seg to måtar å utvikle overordna mål på nasjonale politikkområde - ei ovanfrå-og-ned og ei nedanfrå-og-opp tilnærming. Den første tilnærminga inneber at ein regionalt prøver å avleie mål ut frå gjeldande nasjonale (eller for den del internasjonale) mål. Den andre tilnærminga inneber at ein regionalt utviklar mål først og fremst ut frå kva som er ønskjeleg og relevant regionalt.

Klimapolitikk er eit politikkområde som har blitt konkretisert gjennom samspel mellom ulike forvaltningsnivå. Klimapolitikken blir gjerne oppfatta som eit ”internasjonal” politikkområde. Slik sett framstår den som eit klassisk eksempel på eit ovanfrå-og-ned politikkområde for regionale styresmakter. Likevel er det også slik at representantar for regionale og lokale styresmakter i nokre tilfelle (både nasjonalt og internasjonalt) har vore tidlegare ute enn nasjonale styresmakter med å utvikle klimamål.

I forhold til utslepp av klimagassar er det utvikla nasjonale og internasjonale mål.

Når det gjeld å bryte ned dei nasjonale måla, er det ei utfordring at ein har lagt inn internasjonale tiltak (vern av regnskog og kjøp av klimakvotar) for å kompensere for eigne utslepp. Det blir

såleis hevda at det ikkje er sett noko tak på det norske utsleppsnivået. Utslepp som er over krava sett av FN sitt klimapanel vil bli salderte gjennom internasjonale tiltak. Det er også uklart kva som ligg i målet om å bli karbonnøytral. I tillegg er det framleis uklart kva Regjeringa og Stortinget forventar av innsats frå regionale og lokale styresmakter.

Førebelser er det ikkje utvikla nasjonale mål for korleis ein skal tilpasse seg klimaendringane. Hausten 2008 blei det starta opp eit arbeid (NOU) for å greie ut samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensane av klimaendringar. Utvalet er leia av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

### **Korleis evaluere måloppnåing i høve utsleppsbiten i klimaplanen**

Det er ei rekke faktorar som gjer det vanskeleg å etablere eit system for å vurdere i kva grad vi når måla i planen:

- a) Det er ikkje mogleg å få ei direkte kopling mellom det overordna målet vi har sett om å bli klimagassnøytral i 2030 og underordna operative delmål. Det vil seie at dei operative måla skal kunne summere seg opp i det overordna målet. Til det er kunnskapsgrunnlaget for dårleg og tidsfaktoren for komplisert.
- b) Den offisielle utsleppsstatistikken ser i hovudsak på utslepp knytt til produksjon, mens han ikkje inkluderer forbruksrelaterte utslepp.
- c) Tilgjengeleg regional og lokal statistikk over klimagassutslepp er i hovudsak nasjonale tal som er brotne ned etter ulike prinsipp. Det er ikkje tal som har kome fram ved å studere utsleppskjeldene i dei ulike lokalsamfunna, og det er ofte nytta svært ulike prinsipp for korleis ein skal bryte ned dei nasjonale tala. Dette gjer det krevjande å tolke den offisielle utsleppsstatistikken for kommunar og fylke.
- d) Sogn og Fjordane er eit lite fylke rekna i folketal. Dette gjer at data som er generert frå nasjonale utvalsgranskningar ofte ikkje let seg bryte ned til vårt fylke med mindre vi bestiller ekstra omfangsrike datainnsamlingar.

**Vi legg difor opp til eit toårig prosjekt for å utvikle indikatorar som kan seie noko om kva retning utviklinga går i høve til overordna mål og delmål (system for retningsanalyse).**

Nasjonalt er det på nokre område utvikla slike indikatorar. På generell basis har også fylkeskommunen tidlegare nytta seg av retningsanalyse i høve miljøutfordringar.

Indikatorar blir brukt for å gje innsikt i forhold som er for kompliserte eller for kostbare til å måle direkte. Ved å forenkle kompliserte forhold skal ein indikator gi eit tydeleg signal om ein tilstand eller om endring i tilstanden.

For næringslivet er det etablert system og programvare som skal måle bedrifta si bærekraft. Dette eller liknande system kan bli kopla på det toårlige prosjektet for å sjå om denne typen system kan tilpassast det offentlege og det skisserte systemet for retningsanalyse.

### **Om utslepp og klimatilpassing**

Det er viktig å vere klar over at det er ein nær samanheng mellom den utslepps- og tilpassingsorienterte delen av klimapolitikken. Samfunnet kan vere sårbart for endringar både i klimaet og klimapolitikken. Også endringar i klimapolitikken – som t.d. høgre drivstoffavgifter – vil påverke samfunnet. Samstundes kan det vere ein samanheng mellom tiltak for å redusere klimagassutslepp og tiltak for å tilpasse seg klimaendringar. Eit ofte nytta eksempel gjeld arealplanlegging. Mens det ut frå eit ønske om å redusere klimagassutslappa kan vere fornuftig å

leggje ny busetnad nærist mogleg sentrum, kan det ut frå omsynet til klimasårbarheit vere fornuftig å leggje ny busetnad vekk frå sentrum dersom sentrum er langs eit flaumutsett vassdrag.

Det at vi vel å sjå desse to tilhøva i samanheng, er noko forholdsvis nytt i Noreg. Regjeringa sin klimapolitikk slik han kjem til uttrykk i mellom anna St.meld. nr. 34 ”Norsk klimapolitikk”, konsentrerer seg i all hovudsak om utslepp av klimagassar og tiltak for å få ned desse utsleppa.

Tradisjonelt har skiljet gått mellom ein utslepps- og ein tilpassingsorientert klimapolitikk. Så seint som sommaren 2007 var dette skiljet ikkje omtalt i den ”offisielle” norske klimapolitikken. Ingen av dei norske stortingsmeldingane omtalar korleis klimaendringane vil ramme Noreg og tek ikkje opp trøngen for tiltak for å tilpasse seg slike endringar.

Hausten 2007 vart det etablert ei tverrdepartemental arbeidsgruppe med sekretariatet lagt til ”Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap” (DSB). Dette arbeidet blir no vidareført i Flate-utvalet.

**Tabellen nedanfor er eit framlegg til kategorisering av ulike former for klimatiltak:**

	<b>Direkte</b>	<b>Indirekte</b>
<b>Tilpassing (til klimaendringar)</b>	(1) Tiltak for å meistre klimaendringar som vil kome, krisehandtering.	(2) Førebygging gjennom tiltak som gjer oss meir robuste i forhold til endra klima. Tilpassing til konsekvensane av (framtidig) klimapolitikk
<b>Utsleppredusjon (av klimagassar)</b>	(3) Tiltak for å redusere klimagassutslepp knytt til produksjon og energibruk	(4) Endre forbruket av varer og tenester for dermed å redusere utslepp knytt til produksjon av dei same varene og tenestene.

### **Skilnaden mellom ein produksjons- og forbruksretta klimapolitikk**

Den nasjonale og internasjonale klimapolitikken rettar seg i all hovudsak mot dei produksjonsretta utsleppa med eit lite unnatak av forbruksretta utslepp kopla til persontransport og energibruk.

Utsleppa frå forbruk er for Noreg sin del i sum om lag 20% lègre enn dei frå produksjon. Dette viss vi reknar at så godt som alt direkte og indirekte forbruk av elektrisk kraft i Noreg kjem frå norsk vasskraft utan utslepp av klimagassar.

Dei forbruksrelaterte utsleppa i Noreg aukar meir enn utsleppa frå produksjon og har ei anna sektorvis samansettning enn desse utsleppa. Det er difor viktig å supplere det eksisterande produksjonsperspektivet med eit forbruksperspektiv. Samstundes inneber dette at vi også må vere villige til å endre det private og offentlege forbruket.

## **2. NASJONALE RAMMER OG FØRINGAR**

### **2.1 Norsk klimapolitikk**

I St.meld. nr. 34 (2006- 2007) ”Norsk klimapolitikk” foreslår regjeringa følgjande mål:

- Noreg skal være karbonnøytralt i 2050.
- Noreg skal fram til 2020 kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarende 30 prosent av Noreg sine utslepp i 1990.
- Noreg skal skjerpe sine Kyoto-plikter med ti prosentpoeng til ni prosent under 1990-nivået.

Regjeringa har ein tredelt strategi for å nå måla. Ein betre internasjonal klimaavtale er det første og viktigaste elementet i klimapolitikken. Det andre elementet er at Noreg må hjelpe fram utsleppsreduksjonar i utviklingsland og raskt veksande økonomiar som Kina og India. Det tredje elementet er at innsatsen for reduksjon av utslepp i Noreg vert intensivert.

Måla skal nåast på denne måten:

- Halde fram med aktiv bruk av generelle verkemiddel som CO<sub>2</sub>-avgift og kvotar.
- Aktiv bruk av Kyoto-mekanismane som kvotekjøp og utsleppsreduksjonar i utviklingsland.
- Tiltak som er kostnadseffektive i lys av forventa stigande karbonpris over levetida til investeringa og som ikkje nødvendigvis vert utløyste av eksisterande verkemiddelbruk.
- Sterk satsing på teknologiutvikling.
- Satsing på tiltak som mobiliserer befolkninga tidleg til lågutslepps forbruksmønster.

Regjeringa foreslår sektorvise klimahandlingsplanar og sektorvise mål for dei sentrale utsleppssektorane i Noreg. Det vert lagt fram handlingsplanar for petroleum og energi, transport, industri, primærnæringer og avfall, samt kommunalt klimaarbeid og drifta av statleg sektor.

Hovudformålet med dei sektorvise klimahandlingsplanane er å identifisere verkemiddel som gir kostnadseffektive utsleppsreduksjonar for den enkelte sektoren.

Det blir ikkje presentert eit eige reduksjonsmål for kommunesektoren. Her peikar regjeringa på plan- og bygningslova som eit svært sentralt verktøy.

Regjeringa viser vidare til at mange av dei relevante verkemidla for kommunesektoren er omtalt under dei respektive sektorane.

### **2.2 Klimaforliket på Stortinget**

Etter at klimameldinga vart lagt fram, vart det mykje diskusjon om meldinga var konkret og ambisiøs nok. Ikkje minst om det i stor grad vart lagt opp til å innfri målsettingane ved kvotekjøp i utlandet.

Det vart teke initiativ for å få til eit breitt klimaforlik på Stortinget. Dette vart inngått i januar 2008 med tilslutnad frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre. Forliket inneber at desse partia sluttar seg til klimameldinga med tillegg som mellom anna omfattar desse hovudpunktata:

- Noreg opnar for å framkunde målet om å bli eit karbonnøytralt samfunn frå 2050 til 2030.
- Partane meiner det er realistisk å gå ut frå reduksjonar i dei norske klimagassutsleppa på 15-17 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar innan 2020 når skog er inkludert. Dette inneber i tilfelle at

om lag 2/3 av Noreg sine totale utsleppsreduksjonar vert tekne nasjonalt. På grunn av at det er usikkert på kva område forsking og teknologiutvikling vil ha størst effekt, har partane ikkje funne grunnlag for å fordele desse utsleppskutta på sektorar.

- Det skal settast av betydelege beløp til satsing på fornybar energi, kollektivtransport og tiltak for å redusere utslepp frå transport. Vidare gjekk avgifta på autodiesel og bensin opp med høvesvis 10 og 5 øre literen.
- Klimaforliket ført til at regjeringa sette av 70 millionar kroner ekstra i 2008 til forsking på fornybar energi og CO<sub>2</sub>-handtering. Innan 2010 skal dei offentlege midlane vere minst 600 millionar kroner. 150 millionar kroner vart sett av til eit demonstrasjonsprogram for utvikling av havvindmøller og andre umogne energiteknologiar.
- Regjeringa vil legge fram ein eigen handlingsplan for overgang frå fossile til fornybare energikjelder til oppvarming. Det blir krav om fleksible energisystem i offentlege bygg.
- Regjeringa tek oppatt forhandlingane med Sverige om grøne sertifikat for fornybar kraftproduksjon.

## 2.3 Flæte-utvalet

Dette er eit offentleg utval som skal greie ut samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensane av klimaendringar. I mandatet heiter det mellom anna at utvalet skal:

- ha ein gjennomgang av kva risiko klimaendringane representerer på ulike samfunnsområde. På grunnlag av denne gjennomgangen skal dei så identifisere verkemiddel og tiltak.,
- vurdere ansvars- og rollefordelinga mellom styresmakter på ulike forvaltningsnivå med tanke på at omsynet til framtidige klimaendringar blir ivaretake og
- gjennomgå forsking på området og drøfte på kva område det er behov for meir kunnskap.

## 2.4 Klima 21

Regjeringa har sett i gang arbeidet med å lage ein opptrapplingsplan for klimaforsking i Noreg. Klima 21 er namnet på dette strategiske samarbeidsprosjektet mellom næringslivet, miljøorganisasjonane og forskingsmiljøet.

Det skal satsast sterkare på norsk klimaforsking. Trådane skal samlast og ny kunnskap skal på bordet. Ei styringsgruppe er på plass med konserndirektør Siri Beate Hatlen i Statkraft som leiar.

Sekretariatet er lagt til Forskningsrådet.

## 2.5 Stortingsmelding om landbruk og klimautfordringar

Landbruks- og matdepartementet skal våren 2009 leggje fram ei Stortingsmelding om landbruk og klimautfordringar.

Næringsaktørane og representantar for forsking og forvaltning er involverte i arbeidet med meldinga. I tillegg gir ei ekspertgruppe med fagfolk frå dei fremste fagmiljøa i landet på landbruk og klima sine råd undervegs.

Stortingsmeldinga vil ta opp fire sentrale tema:

- 1) Binding av karbon gjennom berekraftig skogbruk og meir bruk av trevirke.
- 2) Utslepp og binding av klimagassar frå jordbruket og i matsektoren.

- 3) Meir satsing på bioenergi.
- 4) Konsekvensane for landbruket av klimaendringane og tiltak for tilpassing til endringar i klimaet.

## 2.6 KS sitt landsting 2008

Landstinget til KS vedtok 6. februar 2008 samrøystes ein resolusjon om at kommunesektoren tek ansvar i klimapolitikken.

Rolla til kommunesektoren som samfunnsutviklar, tenesteytar, innkjøpar, eigedomsforvaltar og myndigheitsutøvar med ansvar for planlegging, gjev sektoren ein unik sjanse til å leggje til rette for det gode og klimavenlege livet i lokalsamfunnet.

Auka satsing på kollektivtransport og andre klimavenlege transportløysingar – mellom anna gjennom større statlege løvingar til kollektivtransport – må til for å nå klimamåla.

Landstinget meiner at alle kommunar og fylkeskommunar skal:

- Sette seg konkrete klima- og energimål.
- Utarbeide og sette i verk klima- og energiplanar som ein del av kommune-/fylkesplanen, med spesiell merksemd mot areal og transport, energi og avfall og eiga verksemrd.
- Inngå forpliktande partnarskap med innbyggjarar, næringsliv og statlege etatar for å gjennomføre tiltak som skal redusere utslepp av klimagassar.
- Utarbeide planer for førebyggande tiltak, klimatilpassing og beredskap for å motverke konsekvensane av endra klima.
- I endå større grad bruke plan- og bygningslova til å stille strenge krav til energibruk i bygningar.

Landstinget forventar at staten:

- Inngår meir forpliktande partnarskap med kommunesektoren, overfører nye oppgåver og tilbyr fleire og sterkare juridiske og økonomiske verkemiddel.
- Koordinerer sin innsats og tilfører nødvendige ressursar for å sikre ny kunnskap, også på regionalt og lokalt nivå.
- Opprettar eit nasjonalt klimafond (etter svensk modell) for å realisere lokale klimatiltak.
- Flytter langtransport av gods frå veg til bane og kjøl.
- Sikrar betre avskrivingssatsar for energi- og miljøtiltak i bygg og lægre avgifter på miljøvenlege varmekjelder til hushald.
- Legg til rette for auka bruk av naturgass der dette gir ein positiv klimagevinst.

## 2.7 Ny planel i plan- og bygningslova

Lagtinget vedtok 5. juni 2008 Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova - plandelen). Odelsinget gjorde eit tilsvarande vedtak den 29. mai.. Lova blei sanksjonert i statsråd den 27. juni 2008. Den nye lova blir antakeleg sett i verk frå 01.01.2010. Det skal utarbeidast nødvendige forskrifter, rundskriv og rettleiing.

Den nye plan- og bygningslova skal bli ein meir effektivt reiskap for klimaarbeidet i kommunar og fylkeskommunar. Lova slår no fast at desse skal ta klimaomsyn i si planlegging. Dei skal utarbeide planar som reduserer energibruk og transportbehov. Kommunane blir i lova også pålagt å utarbeide risiko og sårbarheitsanalysar. Slik sett er vi med Fylkesdelplan for klima og miljø i forkant av nye og komande lovpålagte oppgåver.

## **2.8 Krav til staten**

Vi har i innleiinga peikt på at staten ikkje er tydeleg nok i sine krav og forventningar til det lokale og regionale nivået. Den nye plan- og bygningslova rettar opp noko av dette inntrykket.

Vi har prøvd å synleggjere krav til statlege styresmakter. Desse vil bli samla i eit eige punkt for oppfølging.

### **3. ÅRLEG RULLERING AV FYLKESDELPLANEN OG SYSTEM FOR RAPPORTERING OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING**

Tiltaksdelen av fylkesdelplanen utgjer handlingsprogrammet og skal når planen er endeleg vedteken, trykkast opp som eit eige dokument.

Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år av Fylkestinget i samband med den årlege budsjettetthandsaminga.

Kvart fjerde år – ved oppstart av ny valperiode – skal det utarbeidast klimarekneskap for fylket. Denne skal leggjast fram for Fylkestinget med eventuelle framlegg til justeringar av klimaplanen. Det vil seie at vi legg opp til ei ”lettare” rulling kvart fjerde år. Mellom anna med grunnlag i den framlagde klimarekneskapen.

Vi har i kapittel 1.3 peikt på utfordringar i høve utarbeiding av mål og korleis evaluere måloppnåing i høve utslepp av klimagassar. Der skisserte vi at det er behov for å byggje opp eit system for retningsanalyse med eigne klimaindikatorar for utslepp. **I dette ligg også å finne metodar for utrekning av dei reelle regionale og lokale utsleppa. Til prosjektet kan også koplast arbeidet med å utarbeide sektorvise mål for utsleppredusjonar**(sjå kap.4).

Dette vil bli eit omfattande prosjekt. Omfanget tilseier at det vil bli berørt av reglar for innkjøp av tenester.

I 2009 blir det sett av kr. 200 000 til eit forprosjekt som skal kartlegge behovet for eit slikt system, samt omfang og innhald i eit eventuelt hovudprosjekt. Forprosjektet vil kunne danne grunnlaget for ei utlysing av hovudprosjektet.

## **4. REDUKSJON AV KLIMAGASSUTSLEPP**

Gjeld tiltak for å redusere utslepp av klimagassar (jf. Kyoto-avtalen) og førebygging gjennom endring av produksjon, forbruk og samfunnsinstitusjonar som bidreg til utslepp.

### **Overordna mål**

Sogn og Fjordane fylke skal ta sin del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030

### **Hovudstrategiar**

- Få tydeleggjort ansvar og plikter for regionale og lokale styresmakter i høve reduksjon av klimagassutslepp.
- Sogn og Fjordane skal gjennom å satse på tiltak som er mest effektive i dette fylket vere ein aktiv medspelar for å nå nasjonale mål for reduksjon av klimagassutslepp.
- Forplikte regionale og lokale styresmakter til aktivt å redusere utslepp av klimagassar.
- Motivere næringslivet og landbruket til aktivt å redusere utslepp av klimagassar.
- Motivere til reduksjon av privat forbruk som bidreg til klimagassutslepp og skape haldningars og medvit knytt til klimautfordringar også blant folk flest.
- Stimulere til energiøkonomisering gjennom støtteordningar.
- Stimulere til miljøsertifisering av offentlege og private verksemder.
- Tilføre nødvendige menneskelege (organisering) og økonomiske ressursar for å kunne møte utfordringane.
- Ha fokus både på produksjon og forbruk som årsak til klimagassutslepp - direkte og indirekte.
- Utnytte binding av CO<sub>2</sub> gjennom skog som verkemiddel og som ein del av det totale utsleppsrekneskapen.
- Følgje opp arbeidet som er starta mellom Nordsjølanda med tanke på å redusere utslepp av industriavfall, kloakk og anna forureining.

### **Kommentar til overordna mål og delmål**

Vi har sett oss eit ambisiøst mål og viser i den samanheng til drøftinga i kapittel 1.3.

Utfordringa vil vere å konkretisere måla (delsmål) for den enkelte sektoren. I dag har vi ikkje tilfredsstilande kunnskap som vi kan nyte til å differensiere mellom sektorar. Grunnen til dette er at det ikkje er utarbeidd ei **referansebane**. Det vil seie ei framskriving av utsleppa slik vi trur dei vil bli dersom det ikkje blir sett inn tiltak for utsleppsreduksjon. I nokre sektorar vil utsleppa vekse og i andre sektorar vil dei gå ned. Dette uavhengig av kva klimapolitiske tiltak som blir sette inn. Det er med bakgrunn i denne referansebanen vi må vurdere reduksjonspotensialet i kvar sektor. Difor har det lite for seg å skissere til dømes 15 % reduksjon for alle sektorar. Det kan bli å berre tenke på eit tal.

Følgjande døme kan illustrere kva utfordringar vi står overfor med til dømes eit delmål på 15% reduksjon av utsleppa innanfor dei ulike sektorane innan 2020:

1. Frå 1991 til 2005 var det 15% nedgang i utsleppa frå landbruket i Sogn og Fjordane; mest som følgje av at husdyrproduksjonen har gått ned. Landbruket i fylket har såleis alt innfridd det skisserte delmålet på 15% for sektoren.

2. Motsett er det med transportsektoren der det har vore ein sterk utsleppsauke frå 1991 fram til i dag. Vegtrafikken har auka utsleppa med 31% i perioden 1991-2005. Samstundes reknar SFT i si referansebane for vegtrafikken med ein utsleppsauke på 40% frå 2005 til 2020 dersom ingen klimatiltak blir gjennomførte. Viss vi aksepterer premissane for SFT si referansebane, vil eit krav om å redusere utsleppa med 15% under 1991-nivået innan 2020 bety at ein må setje inn tiltak for å få ned utsleppa frå vegtrafikken i Sogn og Fjordane med 177.500 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Dette er eit tal som er nesten like stort som dei samla utsleppa i 1991 og meir enn ei halvering jamført med referansebanen.

Døma ovanfor syner at det blir feil i denne omgang å indikere sektorvise mål for utsleppsreduksjon. Vi har ikkje det bakgrunnsmaterialet som skal til for å etablere fornuftige referansebaner for dei ulike sektorane. Difor har vi i denne omgangen nøydd oss med å setje opp eit overordna langsiktig mål. Samstundes har vi skissert eit arbeid for å bryte ned dette i sektormål i ettertid. **Det er viktig at desse sektormåla også blir kopla til fornuftige referansebaner.**

Ulike sektorar må på sikt ha ulike mål for at vi skal kunne nærme oss den overordna målsetjinga. Det kan ikkje vere meiningsa at vi skal leggje opp til krav med konsekvensar som at enkelte verksemder, bønder o.a. må leggje ned drifta, mens andre som har godt spelerom for utsleppsreduksjonar går fri.

## 4.1 PRODUKSJON

### 4.1.1 Industri

Det er ikkje mogleg pr. i dag å fastsetje kor mykje prosentvis reduksjon kvar sektor må bidra med for at fylket skal nå den overordna målsetjinga om å ta vår del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytrale i 2030.

Dei ulike sektorane skal difor utarbeide konkrete mål for korleis dei kan bidra til å oppfylle den overordna målsetjinga for fylket. Kvar sektor får frist til å gjere dette innan utgangen av 2011 og dette arbeidet skal koplast opp mot det toårige prosjektet som det er gjort greie for i kapitla 1.3 og 3.

#### Hovudstrategiar

- Fylkeskommunen skal saman med aktørane i næringslivet finne tiltak som er mest effektive for måloppnåing. Samstundes føre ein løpende dialog med industrien, vertskommunar og styresmakter for å stimulere til:
  - fornying av teknologi,
  - å erstatte oljefyring med gass-, eventuelt bioenergifyring og
  - å erstatte fossilt kol med biokarbon (trekol) som reduksjonsmiddel i ferrolegeringsindustrien.
- Målrette arbeidet med klima- og miljøfremjande tiltak i industrien og næringslivet elles.

#### Korleis er stoda i dag?

Sogn og Fjordane er eit industrifylke med stort innslag av prosess- og annan industri. Industribedriftene stod i 2006 for 20% av verdiskapinga i Sogn og Fjordane og 16% av sysselsettinga. I motsetnad til mange andre fylke er industrien framleis den viktigaste næringa i privat sektor i Sogn og Fjordane.

Rapporten ”Klimagassutslepp i Sogn og Fjordane 1991-2005” utarbeidd av Vestlandsforsking, syner av prosessindustrien i Årdal, Høyanger og Svelgen står for 28% av klimagassutsleppa i fylket. Trass i ein kraftig nedgang på 12% frå 1991, slapp desse fabrikkane ut 1,3 mill. tonn ulike fluorkarbongassar og karbondioksid i 2005.

Både Hydro og Elkem driv omfattande forsøk for kraftig reduksjon av utsleppa. Dette i tillegg til kjøp av klimakvotar.

Hjå Elkem Bremanger er det bruk av kol i produksjonsprosessen som er den store kjelda til CO<sub>2</sub>-utslepp. Bedrifta har dei seinare åra gjennomført ei rekke forsøk med biopellets i produksjonen, noko som er både meir miljøvenleg og billegare.

Frå 1990 til 2006 har Hydro Aluminium redusert utsleppa med heile 450.000 tonn berre i Sogn, ein reduksjon på heile 35%. Det vart i 2007 løyvd midlar frå Hydro til eit nytt testanlegg i Årdal der ein skal utvikle ny teknologi som både skal få ned utsleppa av fluorkarbon, redusere energibruken, resirkulere varmen og få til CO<sub>2</sub>-fangst i fabrikkane.

Utsleppa frå industrien elles i fylket er først og fremst knytt til bruk av olje og gass til oppvarming og i produksjonen.

Reinare og fornybare energikjelder er basisen for ny industri i fylket. NorSun sin solcellefabrikk i Årdal og brenselscellefabrikken i Høyanger er gode eksempel på dette. I kva grad verft og mekanisk industri kan engasjere seg i vindindustrien vil tida vise.

Klimautfordringar for industrien vil vere:

- krav om redusert klimagassutslepp,
- krav om karbonnøytral drift via kvotekjøp,
- auka pris på innsatsfaktorar som blir definerte som ”klimafiendtlege” og
- at større fare for flom, ras og springflod kan råke direkte og indirekte.

Nye sjansar for industrien vil vere:

- nye forretningsområde som alternative energikjelder,
  - produkt med miljøeffekt som gjev konkurransefortrinn,
  - at klimavenleg drift kan redusere kostnadane og
  - at klimavenleg drift aukar stoltheiten og motivasjonen hjå dei tilsette.
- (Kjelde: ”Klimagassutslepp i Sogn og Fjordane 1991-2005”)

Dei store industriaktørane vert følgde opp av sentrale myndigheter med omsyn til utsleppsmengder. Men mindre industri og SMB-verksemder har i sum også vesentlege utsleppsmengder. Det er difor viktig å skape incentiv for at også desse skal bli betre på dette området.

Gjennomgangen ovanfor viser at det er mogleg å møte utfordringane i høve klimagassutslepp med ulike tiltak i fylket vårt. Ein del er alt gjennomført, men det er viktig at ein framover satsar på større systemtiltak for å redusere utslepp av klimagassar.

## Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Stille strenge krav om miljøprofil ved tildeling av offentleg støtte til næringslivet.	Verkemiddelaktørane: Fylkeskommunen, Fylkesmannen og IN	Etablere kriteria	Innan 31.12.2011
Eige miljøprogram retta mot små og mellomstore bedrifter: <ul style="list-style-type: none"> <li>Miljøsertifisering, teknologisk forbetring, energieffektivisering og bruk av meir miljøvenlege energiformer.</li> </ul>	Fylkeskommunen, NHO og Bedriftsforbundet  Fylkeskommunen	Etablere prosjekt /miljøprogram  Etablere tilskotsordning miljø-sertifisering	2009  2010
Stimulere til kunnskapsoverføring – fokus på miljø- og klimaspørsmål.	NHO, Bedriftsforbundet og verkemiddelaktørane	På næringskonferansar og andre treffpunkt der den regionale partnarskapen møter næringslivet	Kontinuerleg
Vurdere konkrete utviklingsprosjekt.	Fylkeskommunen saman med aktørane i næringslivet	T.d. utvikling av industri med CO2-binding på Lutelandet	Kontinuerleg
Utnytte potensialet som klimaendringane gir for etablering ny ”grøn” næring/nye ”grøne” produkt.	Verkemiddelaktørane saman med aktørane i næringslivet	- Jf. Fylkesdelplanane for småkraft og vindkraft. - Forsking, produktutvikling og støtte til etablering	Kontinuerleg
Legge til rette for større lokal eigarskap innanfor vindkraft og anna energiproduksjon.	Verkemiddelaktørane saman med aktørane i næringslivet		Kontinuerleg

## 4.1.2 Transport

Det er ikkje mogleg pr. i dag å fastsetje kor mykje prosentvis reduksjon kvar sektor må bidra med for at fylket skal nå den overordna målsetjinga om å ta vår del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytrale i 2030.

Dei ulike sektorane skal difor utarbeide konkrete mål for korleis dei kan bidra til å oppfylle den overordna målsetjinga for fylket. Kvar sektor får frist til å gjere dette innan utgangen av 2011 og dette arbeidet skal koplast opp mot det toårige prosjektet som det er gjort greie for i kapitla 1.3 og 3.

### Hovudstrategiar

- Sogn og Fjordane skal gjennom å satse på dei tiltaka for transportsektoren som gjev best klima- og miljøeffekt vere ein aktiv medspelar for å nå nasjonale mål for reduksjon av klimagassutslepp.
- Styrking av kollektivtrafikken.
- Gjennom langsiktig satsing på infrastruktur legge til rette for miljøvenleg kollektivtrafikk som når alle kommune- og skulesentra, samt legge til rette for tenlege løysingar for utkantane.
- Sjøtransporten av gods skal aukast på dei områda som ligg til rette for dette.
- Auke tal gang og sykkelvegar rundt skulane i fylket i samarbeid med kommunane.
- Utbetring av dagens vegstandard for å redusere utslepp frå køyretøy.

### Korleis er stoda i dag?

Rapporten ”Klimagassutslepp i Sogn og Fjordane 1991–2005” viser at auken i utsleppa frå vegtrafikken på 31 prosent frå 1991 til 2005 er eit direkte resultat av vekst i transportarbeidet. Dette er ein nasjonal trend som også gir seg utslag i fylket vårt.

Målt i passasjerkilometer var auken i dette tidsrommet på 22 prosent. I tillegg har talet passasjerar pr bil blitt mindre på desse åra.

Veksten i transportarbeidet er særleg sterk for godstransport med ein auke i utsleppa frå lastebilar og bussar på heile 50 prosent i løpet av 15-årsperioden.

Vurderingane i klimameldinga (St.meld 34) byggjer i stor grad på ein tiltaksanalyse for 2020 som SFT har utført. Den viser til aktuelle tiltak innan transportsektoren. Tiltaka kan gjennomførast til låg eller middels kostnad, men med ulik vanskegrad:

- Betre kollektivtrafikk
- Effektivisering av personbilar
- Fornying av kystfrakteflåten
- Bruk av biodrivstoff i ferjeflåten
- Samordna godstransport på veg
- Tiltak for redusert bilbruk
- Betre organisering av personreiser
- Redusert drivstoff-forbruk ved privat bilkøyring

Det er kjent at därleg vegstandard fører til eit meirforbruk av drivstoff og dermed større utslepp av skadelege gassar. I Sogn og Fjordane er ein stor del av vegnettet i svært därleg stand med utslite og sporete dekke, mykje svingar, smale parti og med mange stigningar. Dette fører med seg ein miljøfiendtleg køyremåte. Eit betre vegnett vil gje mindre utslepp

og spare tid og materiell.

### **Effektive transportløysingar**

I utsleppstatistikken for Noreg blir til dømes berre utslepp frå innanlandsk transport med skip teken med - gjeld både på og avlessing på norsk område.

Næringslivet sine totale transportar er på 186 mrd tonnkm.

For skip vil det norsk transportomfanget variere alt etter kva definisjonar som blir valde. Globalt står sjøtransporten for over 70% av utførde tonnkm.

For å finne klimaeffektive transportmiddel har vi valt å sjå på energibruken pr tonnkm. Vi har sett opp ei forenkla rangeringsliste - med dei transportmiddel som har minst kostnad og energibruk pr tonnkm på topp:

- 1) Skip med mindre fart enn 15 knop dvs 28 km/time
- 2) Dieseldrivne tog
- 3) Elektrisk drivne tog
- 4) Store lastebilar, trailerar m.v.
- 5) Skip med større fart enn 30 knop, det vil seie 56 km/time
- 6) Fly (fart over 500 km/time)

For persontransporten finn vi at ekspressbussar har noko mindre energibruk pr. setekilometer enn intercitytog og langt lægre enn høgfartstoga.

### **Infrastruktur og kollektivtrafikk**

Det er fornuftig å satse på kollektivtrafikk også i distrikta.

Det er sterkt fokus på kollektivtransport i byane og bruk av jernbane i persontransport. Samstundes er det ei gjengs oppfatning av at det vil vere vanskeleg å få til gode og tenlege kollektivopplegg i distrikta.

Transportøkonomisk institutt har laga ein rapport "Bedre kollektivtransport i distiktene". Av rapporten går det fram at tilgangen til kollektive transporttilbod kan karakteriserast som dårlig eller svært dårlig i 81 % av det som stort sett går under nemninga distrikt i rapporten.

Ein mogleg grunn til desse konklusjonane er at analysane bygde på lokale og regionale ruter, mens interregionale samband ikkje låg innanfor mandatet for arbeidet. For distrikta er det svært viktig at ein arbeider vidare med interregionale samband. Dette fordi her kan nøkkelen ligge til eit langt betre kollektivtilbod i distrikta enn det TØI-rapporten skisserer.

For å sikre betre kollektivtransport i distrikta, kan det vere ei løysing at ein utviklar høgfrekvente stamruter langs hovudvegane i landet. Desse stamrutene går innom dei fleste kommune- og skulesentra. Slike ekspressbussruter fungerer ofte godt som lokalruter i distrikta. Langs desse hovudvegane bur 80 % av folket i kort avstand frå vegen - også i mange distriktsfylke. Med eit slikt opplegg står berre 20 % av folket i distrikta att med dårlig eller svært dårlige kollektivt transporttilbod utifrå definisjonen som er nytta i TØI-rapporten.

Forutan det vegnettet som eignar seg for høgfrekvente gjennomgårsruter, vil det utanom byane sjeldan vere mogleg å oppnå gode kollektive transporttilbod med tanke på frekvens.

I fylket vårt bur 81% (88000 personar) i gangavstand (500 meter) frå busshaldeplass. 42% av befolkninga har gangavstand til ekspressbusstrasè, mens 58% bur utanfor området.

Det mest aktuelle nettet for gjennomgåande høgfrekvente ekspressruter i fylket i framtida vil vere: Rv 15 Måløy – Stryn – Otta, Rv 5 Flora – Førde – Sogndal, Rv 55 Vadheim – Sogndal – Gaupne, E16 Bergen – Voss – Lærdal , E39 Stavanger/Bergen – Lavik – Vadheim – Førde – Eid – Stryn og framtidig kystveg Måløy – (Førde/Flora) kryssing Førdefjorden - Askvoll- Fjaler – Vadheim.

### **Kollektiv arbeidspendling**

Sogn og Fjordane har mange bu- og arbeidsområde der mange i dag nyttar eigen bil i staden for kollektivtransport. Ved å legge til rette for attraktiv kollektivtrafikk på desse strekningane vil vi kunne redusere den store personbiltrafikken monaleg.

Ein bør finne gode kollektivløysingar for bygder og mindre stader i fylket gjennom drosjebussar til og frå ekspressbåt, ekspressbuss og arbeidsruter. Tilbodet med tingingsruter og sørvissskyss må utvidast. Det er viktig at ein ikkje avgrensar arbeidet med kollektivløysingar til fylkesgrensa dersom ein kan oppnå betre dekning av utkantane i fylket ved å samarbeide med nabofylka.

Fylkeskommunen vil prøve ut eit rimeleg kollektivtilbod i eitt eller fleire ”pendlarområde” med vekt på god frekvens og regularitet.

### **Sjøtransport – Stad skipstunnel**

Det er eit uttalt nasjonalt mål å få til ei overføring av gods frå veg til sjø.

Størstedelen av godstransporten vert i dag utført på sjøen. Vi ser likevel ein sterk auke i transporten på veg. Dette skuldast internasjonaliseringa av økonomien og har mellom anna medført ein auka produksjon og handel på tvers av landsdelar og landegrenser. Oppbygging av sentrallager for store geografiske område fører til auka transportarbeid. Ein del av desse godslastene er stykgods og ein del treng rask framføring. Det er difor ikkje realistisk å få til ei storstila overføring av gods frå land til sjø. Men innanfor nokre nisjar er dette mogleg.

Den norske skipsleia er godt verna med øyar mot storhavet bortsett frå nokre få vanskelege punkt. Mellom anna Stadthavet som ligg som ei alvorleg sperre for mindre skipsfart og lektertransport. Desse kan i framtida bli svært nyttige transportmiddel i lokaltransporten på kysten. Dette fordi energibruken er liten i høve til lastebil og jernbane. Store skip i europeisk kystfart har ikkje bruk for Stad skipstunnel, men også for desse skipa er ei skjerma lei nyttig i sterkt uver.

I framtida vil energisparing bli viktig. Stad skipstunnel er eit opplagt tiltak for å få inn meir energisparande transportmiddel i den lokale godstransporten på strekninga Møre og sørover til Rogaland. Dette er kanskje det viktigaste produksjonsområdet i landet og har mykje intern varetransport.

### **Fjord1 Fylkesbaatane**

Fjord1 er eit transportkonsern med omfattande aktivitet på sjø og land i store delar av Noreg. Aktiviteten er organisert i fire forretningsområde: sjø, buss, gods land og service. Aktiviteten deira er viktig i høve klimagassutsleppa i transportsektoren. Ekspressrutene som datterselskapet

Fjord1 Fylkesbaatane har mellom Sogn, Nordfjord og Bergen - i tillegg til lokale båtruter - har eit oljeforbruk som tilsvarar om lag 9 millionar liter årleg.

Fjord1 Fylkesbaatane har gjennomført følgjande tiltak den seinare tida:

- Oppstart gassferjer i Hordaland og Rogaland: NOx-reduksjon på 90% og CO2-reduksjon med ca 20%.
- Kontrahering av nytt ferjemateriell (fire ferjer) med levering 2008/2009/2010: NOx-reduksjon 30-40% og CO2-reduksjon 15-20% samanlikna med brukta, gamalt ferjemateriell.
- Sandblåsing og påføring av tinnfritt botnstoff på 8 ferjer.
- Montering av interseptor på hurtigbåtane - 5-7% lægre brenseloljeforbruk.
- Kontrahering av to nye ekspressbåtar for levering i 2009/2010 - 37% lægre CO2-utslepp - samt lægre NOx-utslepp.

Selskapet har slike konkrete planar:

- Følgje opp vedtekne tiltak gjennomført i 2007 og i 2008.
- "Miljøfyrtårn"-sertifisering - der målsettinga mellom anna er knytt til 10% lægre CO2-utslepp.
- Utarbeide ei "Miljøside" som kan koplast mot heimesida til selskapet (bevisstgjering).
- Samarbeide med forsking og andre reiarlag om utveksling av ulike miljøtiltak.
- Vurdere å bruke gass i staden for brennolje i ulike anbod - der dette er økonomisk lønsamt eller etter krav frå oppdragsgivar.

## Flytransport

Reisevaneundersøkinga frå 2002 viser at folk i Sogn og Fjordane brukar mindre enn halvparten så mykje fly på lengre reiser enn folk i resten av landet. Dette fordi folk flest i resten av landet har betre flytilbod. Samanlikna med til dømes fylka nord og sør for oss er bruken om lag det halve.

I følgje TØI sine prognosar er det 5 gonger så mykje utslepp frå utanlandsflyging enn frå innanlandsflyging. Slik sett er det flytransporten til og frå utlandet som bør bekymre mest. Tiltak mot den vesle trafikken på småflyplassane for å få nedgang i CO2-utslepp vil nærmast ha minimal effekt. Vestlandsruta til Widerøe har eit utslepp på 20.000 tonn CO2 pr år. Det utgjer mindre enn 1 % av den forventa veksten i utslepp frå utanlandstrafikken frå 2007 til 2020. Reduksjon i trafikken på småflyplassane vil difor berre ha ein symboleffekt. Derimot vil ein reduksjon i dette tilbodet ha svært negativt verknader for næringslivet regionalt.

I "Strategi for norsk luftfart" frå Samferdsledepartementet er det også gjeve uttrykk for uro:

"Innanfor luftfarten er veksten i fritidsreiser til utlandet ei kjelde til uro. Regjeringa vil ved vurdering av tiltak unngå tiltak med negative konsekvensar for lufttrafikken i distrikta."

## Ny teknologi - køyretøy

Utsleppsgrava til tyngre køyretøy ( $> 3,5$  tonn totalvekt) har i løpet av dei siste 10 – 15 åra blitt gradvis skjerpa. Skjerpinga gjeld nye kjøretøy og det har vorte gitt rimelig tid før nye krav trer i kraft. På den måten kan produsentane klare å tilpasse seg nye krav.

I prosent er det snakk om 60-95% reduksjon i utsleppa mellom Euro 0- og Euro V-krav. Utsleppa frå nye dieselmotorar er frå 2005/2008 dermed så små at dei lokale miljøgevinstane ved å velje alternative drivstoff som Naturgass (CNG) og Propan (LPG) blir relativt sett lægre enn dei har vore tidligare. Det betyr at vurdering av klimagassutslepp saman med meirkostnader

(investering og drift) vert meir avgjerande for val av motorteknologi og drivstoff for nye bussparkar.

Ved ei avveging av meirkostnader i forhold til utsleppsreduksjonar i høve nykjøp av bussar, er dei nyaste dieselsbusane - med anten integrert eller ettermontert reinseutstyr - eit svært godt alternativ på kort sikt. Nye EU-krav til utslepp frå tunge kjøretøy pressar fram mindre ureinande og meir effektive dieselmotorar. Frå produsentane si side vert det satsa på denne ”kjende” teknologien.

## Biodrivstoff

I tiltakspakken til SFT er satsing på innblanding av biodrivstoff i bensin/diesel mellom dei viktigaste tiltaka i høve utslepp i transportsektoren. Det er kome fram mange reservasjonar mot bruk av biodrivstoff som klimaløysing. Fleire studiar som er presenterte den siste tida viser at biodrivstoff ofte fører til større utslepp av klimagassar enn bruk av vanleg, fossilt brensel. Vidare synest det som om produksjonen av biodrivstoff krev like mykje energi som dei drivstoffa som skal erstattast. Det vert såleis ikkje netto nedgang i CO<sub>2</sub>-utsleppa. Dessutan krev produksjonen så store jordbruksareal at resultatet raskt kan verte ei global matvarekrise. Nasjonale styresmakter må auke forskingsinnsatsen på dette området for å sikre at vi finn tenlege og klimavenlege løysingar innan transportsektoren.

Ein må ha fokus på biodrivstoff som ikkje er produsert på matjord. Sjå på mogelegheitene for å drive bussar med biogass frå avfall eller biodiesel.

## Krav til staten

Fylkeskommunen skal målbere følgjande overfor sentrale styresmakter:

1. at statlege samferdsleloyvingar vert slik at vegstandarden i Sogn og Fjordane kan betrast monaleg,
2. at rammevilkåra for samferdsla blir slik at vi kan få kollektivtilbod som konkurrerer på frekvens, betre komfort, kortare reisetid og prisar,
3. at vi får til ei rask realisering av Stadt skipstunnel, noko som vil medverke direkte på målet om overføring av gods frå land til sjø,
4. at den nasjonale klimapolitikken må få meir sikker kunnskap om biodrivstoff som effektivt klimatiltak,
5. utbeta infrastruktur for å oppnå miljøgevinst med køyring/transport,
6. avgiftslette for å oppnå raskare fornying av bilpark,
7. vrakpanten vert auka vesentleg og
8. skatte-/avgiftslette som stimulerer til bruk av alternativt drivstoff.

Haldningsskapande arbeid i høve privat bilbruk er omtalt i kapitlet om forbruk, sjå kapittel 4.2.1.

Vidare kan tilgangen og prisen på olje kome til å endrast mykje i løpet av det 21. århundret. Dette kan få store konsekvensar; mellom anna blir effektiviteten i transporten utfordra. Staten må ta omsyn til dette framtidsbiletet i si planlegging og mellom anna leggje til rette for forsking på alternative energikjelder.

**Tiltak:**

Tiltak	Ansvarleg	Korleis
Fylkeskommunen skal nytte sine direkte vekemiddel til: a) å stille strenge krav om reduksjon i klimagassutslepp ved kjøp av transporttenester på sjø og land. Ved anbodsutlysing skal reduksjon av klimagassutslepp vektast høgt. b) sikre infrastruktur for ladestasjonar for el-bilar og fyllestasjonar for alternative drivstoff. c) i si samferdsleplanlegging generelt og kollektivtrafikkplanlegging spesielt legge vekt på å byggje ut infrastruktur og trafikksystem som legg til rette for miljøvenleg passasjerframföring som når alle kommune- og skulesentra, samt finne tenlege løysingar for utkantane d) auka satsing på kollektivtransport. e) prøve ut eit rimeleg kollektivtilbod i eitt eller fleire ”pendlarområde” med vekt på god frekvens og regularitet. f) vurdere korleis ein kan få raskare tilgang til å nytte ny, beste teknologi for reduserte utslepp for båt- og bussmateriell.	Fylkesrådmannen  Verkemiddelaktørane saman med aktørane i næringslivet Fylkesrådmannen  Fylkeskommunen Fylkeskommunen Fylkesrådmannen	Ved anbodsutlysing  Kontinuerleg  Ved rullering Samferdsleplanen  Vurderast ved årleg budsjettahandsaming Eige prosjekt  Ved anbodsutlysing
Ha ordna og trygge parkeringsplassar ved buss-stopp og buss-stasjonar/knutepunkt.	Statens vegvesen, fylkeskommune og kommunane	Arealplanlegging
Forsere utbygging av gang- og sykkelvegar.	Fylkeskommunen	Som ein del av igangsett arbeid med samferdsleplan

### **4.1.3 Landbruk**

Det er ikkje mogleg pr. i dag å fastsetje kor mykje prosentvis reduksjon kvar sektor må bidra med for at fylket skal nå den overordna målsetjinga om å ta vår del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytrale i 2030.

Dei ulike sektorane skal difor utarbeide konkrete mål for korleis dei kan bidra til å oppfylle den overordna målsetjinga for fylket. Kvar sektor får frist til å gjere dette innan utgangen av 2011 og dette arbeidet skal koplast opp mot det toårige prosjektet som det er gjort greie for i kapitla 1.3 og 3.

#### **Hovudstrategiar**

- Sogn og Fjordane skal gjennom å satse på tiltak som er mest effektive for landbruket i dette fylket vere ein aktiv medspelar for å nå nasjonale mål for reduksjon av klimagassutslepp.
- Målretta oppfølging av regionale (Kystsogmeldinga) og nasjonale (Stortingsmelding om landbruk og klimautfordringar) føringar for landbruket.
- Utnytte potensialet i opptak og lagring av CO<sub>2</sub> i skog, men ikkje slik at dette kjem i konflikt med verdfullt kulturlandskap.

#### **Korleis er stoda i dag?**

##### **Nasjonale strategiar for reduserte klimagassutslepp i landbruket**

St. meld. Nr. 34 (2006- 2007) om norsk klimapolitikk skisserer gjeldande nasjonal politikk på dette området. Ei ny Stortingsmelding om landbruk og klimautfordringar kjem i løpet av våren 2009 og vil kunne legge nye nasjonale føringar for sektoren.

Landbruket sin samla del av CO<sub>2</sub>-utsleppa utgjer berre ca 1 %. På den andre sida blir ca. 50 % av dei samla CO<sub>2</sub> -utsleppa bunde av tilveksten i skogen. Samla sett bidreg derfor landbruket med større CO<sub>2</sub> binding enn utslepp.

Men landbruket står for nesten halvparten av utsleppa av klimagassane metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Kvar av desse gassane tilsvarar ca 5 % av utsleppa for alle klimagassar, målt i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. På landsbasis står landbruket dermed for ca 10 % av samla utslepp av klimagassar. Her i fylket er andelen ca 12 % på grunn av relativt meir landbruksdrift og husdyrhald enn i mange andre fylke.

#### **Jordbruk**

Utslepp av lystgass N<sub>2</sub>O fra jordbruket er knytt til mellom anna drift av jordbruksareala, spreiing av mineralgjødsel og husdyrgjødsel, nedbryting av restavlingar og dyrking av myrområde. Det er stor usikkerheit omkring mengda av desse utsleppa og kva tiltak som er mest effektive. Lystgass inneholder nitrogen. Det er derfor eit aktuelt tiltak å redusere tilførselen av nitrogen i kombinasjon med redusert nitrogentap i sjølve jordbruksdrifta.

Utslepp av metan CH<sub>4</sub> er knytt til fordøyingsprosessen hjå husdyr og lagring og spreiing av husdyrgjødsel. Også på dette området er det usikkert kva tiltak som gir effekt, men drøvtyggjarar (ku, sau og geit) lagar meir metan i fordøyingsprosessen enn andre husdyr, også avhengig av kva type dyra et. Det er starta nokre forsøksanlegg for oppsamling av metan frå store gjødsellager. Dette kan også bli aktuelt for store fellesfjøsar her i fylket, men pr. i dag er det neppe kome så langt at det er kommersielt, teknisk og økonomisk forsvarleg.

## **Behovet for meir kunnskap og konsekvensar for vårt fylke**

Jordbruksdrifta her i fylket er i hovudsak basert på grasproduksjon og husdyrhald. Nokre av dei nemnde tiltaka vil gje slike utfordringar:

- Det trengst meir kunnskap og erfaringar for å spare på og utnytte nitrogengjødsla betre.
- Dyrking av myrområde representerer større utslepp av klimagassar enn mineraljord. Eventuell restriksjonar på dyrking av myr vil spesielt gje utfordringar på kysten.
- Metanutslepp frå husdyr er ei utfording, men samtidig ein del av den naturlege prosessen ved kjøtproduksjon. Det er lite formuftig å redusere husdyrhaldet her i fylket dersom alternativet er import/transport av kjøt frå utlandet. I den globale matsituasjonen er det heller ikkje fornuftig å redusere kjøtproduksjon frå grasetrarar og erstatte det med kornetande dyr som fjørfe og svín.
- Vi treng meir kunnskap om effekten av ulike førtypar når det gjeld metangass.
- Vi treng meir erfaring og kunnskap om oppsamling av metangass frå store gjødsellager gjennom å opprette eit forsøksanlegg her i fylket.

## **Skogbruk**

Statens forerensingstilsyn (SFT) har rekna ut at skogen i Noreg årleg tek opp om lag 27 millionar tonn CO<sub>2</sub>, tilsvarende halvparten av dei samla utsleppa av klimagassar i landet. Bakgrunnen for dette er at det samla tømmervolumet i skogen har auka sterkt dei siste 100 åra. Hogsten i Noreg utgjer om lag 1/3 av tilveksten og det er mogleg å auke hogsten vesentleg, frå ca 10 til 15 millionar m<sup>3</sup>. Dette utan at det får store negative konsekvensar for det biologisk mangfaldet og andre miljøverdiar. Det er lagra store mengder karbon i skogøkosystemet, det vil seie i jordsmonnet, i trea og i myr. Og det er viktig at skogen blir forvalta slik at ikkje desse store karbonmengdene blir frigjorde. Karbonbinding i veksande skog representerer i seg sjølv ikkje noko varig løysing, men ved rett ”klimatisk” bruk av stokken vil det gje ein positiv effekt. Dessutan vil det vekse opp ny skog på hogstarealet.

Ved bruk av tre til varige konstruksjonar bind ein karbon lenger enn treet si levetid. Dessutan kan tre delvis erstatte andre produkt som stål og betong som representerer store utslepp ved produksjon.

Den delen av tømmerstokken som ikkje kan brukast til varige konstruksjonar, bør til slutt brukast til bioenergi, eventuelt etter ein ”runde” som papir, papp, trefiberprodukt eller materialrestar. Dette naturlege krinslaupet vil ideelt sett kunne gje ein trippel effekt:

- binde ein del karbon i konstruksjonsvirke i bygningar,
- delvis erstatte andre bygningskonstruksjonar som gir større utslepp i produksjonen og
- redusere bruken av fossilt brensel ved å auke bruken av bioenergi frå skogen og tre- og papiravfall.

Med bioenergi meiner vi her trefiber til brensel, ikkje omdanning av trefiber til biodiesel då det pr i dag gir for store energitap på vegen frå trefiber til drivstoff.

## **Opptak og lagring av CO<sub>2</sub> i Sogn og Fjordane**

Utifrå tilgjengeleg statistikk om netto tilvekst i skogen har vi berekna det samla karbonopptaket i skogen til litt over 1 million tonn CO<sub>2</sub> per år. Dette tilsvarer om lag halvparten av samla utslepp av klimagassar her i fylket målt i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Binding i skog kan også aukast noko ved auka skogplanting i skogsområda, men det bør vel og merke skje på arealtypar som blåbær- og småbregnemark som vi har rikeleg av. Teoretisk sett kan CO<sub>2</sub>-opptaket nærmast doblast ved å

auke kulturskogen til ca 20 % av det produktive skogarealet. Ein slik auke kan vere meir konfliktfylt og må i så fall skje etter ei medvite prioritering av klimatiltak.

Skogsdrift, treslagskifte og om det er rett å satse på karbonbinding i skogen som eit klimatiltak, er delvis omdiskutert. Til sist handlar dette om politiske val og kva type tiltak vi ynskjer å bruke i klimapolitikken. Vi er eit skogreisingsfylke med sterkt auke i den ståande kubikkmassen og hogsten kan tidoblast dei neste 20 åra. Ein realistisk skog- og klimapolitikk bør legge til rette for at desse skogareaala blir forsvarleg forvalta, også for å ta ut klimaeffekten. Treslagskifte utanom desse eksisterande areala bør avgrensast til skogsmark med liten miljøkonflikt. Planting på myrområde, på jordbruksareal og andre kulturlandskapsområde er korkje ynskjeleg eller naudsynt.

### Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Kunnskapsutvikling på desse områda: a. vurdere jordvern som klimatiltak, b. karbonfangst i jordsmonnet, c. om miljøvenleg gjødselhandtering med redusert nitrogentap, herunder også nye metodar og løysingar for lagring og spreiing av husdyrgjødsel, d. om metangassanlegg i gjødsellager her i fylket og e. om miljø- og klimavenleg skogsdrift.	Fylkesmannen, landbruksorganisasjonane og kompetansemiljøa i fylket	Utarbeide konkrete bestillingar til aktuelle fagmiljø og/eller målbere behov overfor statlege styresmakter	2009
Stimulere til og gjennomføre utviklingsprosjekt i høve punkt a), b) og c) ovanfor.	Fylkesmannen og IN i samarb. med lanbr.org.	Innarbeide i BU-strategien og etablere eigne tilskotsordningar	2010
Gjennomgang og oppfølging av skogpolitikken, jamfør Kystsksogmeldinga: a. auka bruk av bioenergi og vassboren varme i store bygg og b. om omfanget av treslagskifte som eit klimatiltak. Utnytte potensialet i opptak og lagring av CO <sub>2</sub> i skog.	Fylkesmannen i samarbeid med landbruksorganisasjonane	Utarbeide plan for gjennomføring av tiltak	2009
Gjennomgang og oppfølging av ny Stortingsmelding om landbruk og klimautfordringar	Fylkesmannen i samarbeid med landbruksorganisasjonane	Utarbeide plan for oppfølging	2009
Auka støtte til driftsplanlegging i skogbruket	Fylkesmannen og IN	Eigne støtteordningar	2010

#### 4.1.4 Reiseliv

Det blir her vist til eigen reiselivsplan for fylket som er under utarbeiding. Denne planen skal ta opp i seg følgjande føringar frå planprogrammet for Fylkesdelplan for klima og miljø:

Viktig å kartlegge på kva område reiselivet bidreg til utslepp av klimagassar, kva verkemiddel som kan setjast inn, kva konsekvensar eventuelle verkemiddel vi få for næringa og behovet for omstilling.

#### **4.1.5 Offentleg sektor generelt**

Det er ikkje mogleg pr. i dag å fastsetje kor mykje prosentvis reduksjon offentleg sektor må bidra med for at fylket skal nå den overordna målsetjinga om å ta vår del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytrale i 2030. Særleg gjeld dette regionale statlege og fylkeskommunale institusjonar der vi ikkje har same tilgangen på relevante data som for kommunane.

Det må difor setjast i gang eit arbeid for utarbeide konkrete mål for korleis offentleg sektor kan bidra til å oppfylle den overordna målsetjinga for fylket. KS Sogn og Fjordane får ansvaret for dette og arbeidet kan koplast opp mot det toårige prosjektet som det er gjort greie for i kapitla 1.3 og 3.

#### **Hovudstrategiar**

- Forplikte regionale og lokale styresmakter til aktivt å redusere utslepp av klimagassar. Dei skal setje i verk både direkte - og indirekte tiltak for utsleppsreduksjon.
- Tilføre det offentlege nødvendige menneskelege (organisering) og økonomiske ressursar for å kunne møte utfordringane.
- Ha fokus både på produksjon og forbruk som årsak til utslepp - direkte og indirekte.
- Miljøsertifisering av kommunane i fylket/fylkeskommunen.
- Skape haldningar og medvit knytt til klimautfordringar også blant innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

#### **Korleis er stoda i dag?**

Med offentleg sektor meiner vi regionale statlege styresmakter, fylkeskommunen og kommunal sektor.

Offentleg sektor bidreg til utslepp av klimagassar både gjennom direkte utslepp (produksjon av varer og tenester) og gjennom det offentlege forbruket.

Den kommunefordelte utsleppsstatistikken til Statistisk sentralbyrå og Statens forurensingstilsyn gir eit visst bilet av direkte utslepp for kommunane innanfor dei ulike sektorane.

Det ligg elles føre materiale om utslepp av klimagassar i fylket, seinast Vestlandsforskingrapport nr. 6/2008 ”*Klimasårbarheit og klimagassutslepp for Sogn og Fjordane*” som gir eit visst bilet for offentleg sektor.


I klimameldinga er det ikkje definert mål for utsleppsreduksjonar for kommunal sektor. Det vert derimot peika på plan- og bygningslova som eit sentralt verktøy. Lokal/regional forvaltning kan ikkje bruke forskrifter og avgifter slik som staten, men er likevel ikkje utan verkemiddel.

Gjennom planar kan ein til dømes styre overordna strukturar og prosessar i ei retning som over tid kan vere avgjerande for å få til gode løysingar med omsyn til klimaet.

I høve aktuelle tiltak må ein ta omsyn både til kostnader og kor lette dei er å gjennomføre. Det er ikkje alle tilaka som er relevante i ein fylkesdelplan for Sogn og Fjordane, men ei tenking som har fokus på det som gjev effekt og er lett å gjennomføre vil likevel ha mykje føre seg.

I notatet ”Klimatiltak i kommunesektoren” viser SFT ei oversikt over klimatiltak der kommunane berre sit med delar av verkemidla. Utsleppsreduksjonane kan likevel utløysast i samarbeid med andre forvaltningsorgan på regionalt og statleg nivå.

## Klimatiltak i kommunesektoren



SFT har følgjande råd til iverksetting (men innser at forholda er ulike rundt omkring):

- Gjennomføre tiltaka som har høgt reduksjonspotensiale og krev stor eller middels grad av kommunale verkemiddel (ringen øvst til høgre).
- Tiltaka med lægre reduksjonspotensiale og stor grad av kommunale verkemiddel må vurderast ut frå kostnadseffektivitet.

I tabellen under er det gjort eit forsøk på å etablere ein struktur for å skilje mellom ulike måtar kommunar og fylkeskommunar kan gripe den utsleppsorienterte klimadebatten. Langs den eine aksen er det skilt mellom kommunen og fylkeskommunen sine hovudroller i politikk og forvaltning:

- drift av eigne institusjonar,
- produksjon av offentlege tenester,
- arealplanlegging og
- samfunnsutvikling.

I høve samfunnsutviklinga skil vi mellom ei lokal, nasjonal og internasjonal rolle. Langs den andre aksen er det gjort eit skilje mellom ei rein forbruksinnretning og ei rein produksjonsinnretning. Poenget med å dra eit slik skilje er for det første å vise at det er meiningsfylt å skilje på denne måten. Dernest å få fram at mange av dei ”tunge” verkemidla som kommunar og fylkeskommunar disponerer i røynda hører inn under den delen av klimapolitikken som er minst tydeleggjort i den nasjonale klimapolitikken; nemleg den forbruksinnretta delen. Vidare får tabellen fram at ein forbruksinnretta klimapolitikk er noko langt meir enn berre å oppmøde folk til frivillig å endre forbruket.

Kommunale innsatsområder	Endre forbruket (offentlig og privat forbruk)	Redusere direkte utslipp (fra offentlig og privat virksomhet)
Drift av kommunale institusjoner	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Energisparing</li> <li>- Overgang til økologisk og lokal mat i kantiner</li> <li>- Miljøvennlig innkjøpspolitikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Overgang fra olje til ny fornybar energioppvarming</li> </ul>
Produksjon av kommunale tjenester	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Miljøundervisning i barnehage og ungdomsskole</li> <li>- Tiltak for å redusere avfallsproduksjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Legge til rette for og stille krav om bruk av ny fornybar energi</li> <li>- Redusere metanutslipp fra fyllinger</li> <li>- Overgang til tjenestebiler med mindre utslipp</li> </ul>
Arealplanlegging	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Transportreduserende arealplanlegging</li> <li>- Restriktiv parkeringspolitikk</li> <li>- Legge til rette for mindre boliger</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Legge til rette for netto karbonbinding der dette ikke fører til uhedige konflikter på andre områder</li> </ul>
Samfunnsutvikling:		
- Lokalt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Holdningsskapende arbeid i forhold til innbyggerne generelt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Økonomisk og annen støtte til miljøvennlig næringsutvikling</li> <li>- Miljøkrav i kommunale næringsfond</li> </ul>
- Nasjonalt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kreve rammebetingelser som legger til rette for mer miljøvennlig forbruk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kreve rammebetingelser som legger til rette for mer miljøvennlig produksjon</li> </ul>
- Internasjonalt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Involvering i bistandsarbeid som fremmer en mer rettferdig global fordeling av bruk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Klimainnretta vennskapskommune samarbeid</li> </ul>

## Tiltak: \* Offentlege etatar: Regionale statlege etatar, fylkeskommunen og kommunane.

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Bruke tilgjengelege verkemiddel i plan- og bygningslova for å sikre langsigtige og heilskaplege løysingar som reduserer utslepp av klimagassar.	Kommunane	Ved rullering kommuneplan	
Ta omsyn til energibruk og utslepp i regulerings- og kommunedelplanar innan transport, energiforsyning, næringsutvikling og lokalisering av tenester.	Kommunane	Ved rullering kommuneplan	
Kommunane bør stille miljøkrav i sin bruk av kommunale næringsfond.	Kommunane	Etablere kriteria	2010
Energiøkonomisering og omlegging til miljøvenlege energiformer i alle offentlege bygg. Herunder utfasing av fossilt brensel i eigen bygningsmasse.	Offentlege etatar*	<p>Eigne handlings-/klimaplanar</p> <p>Spesielt vurdere bruk av fjordvarme (fjordfylket) og oppvarming frå skogvirke (næringsutvikling)</p>	Innan 2020

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Gjennomføre pålegg om energisparing og energieffektive løysingar ved nybygging. Bør også gjelde for rehabilitering av offentlege bygg.	Offentlege etatar*	I samsvar med ny teknisk forskrift – TEK 07	Kontinuerleg
Stille krav om løysingar for bioenergi, fjernvarme, varmepumper eller vassboren varme ved godkjenning av nye bustader/bustadområde.	Kommunane	Byggjesaksbehandling/rullering kommuneplan	Kontinuerleg
Innkjøpsprofil som stiller krav til klima-/miljøeigenskapar og livsløpskostnader. Også klimagassutslepp som vil kome andre stader/utanlands skal takast med i rekneskapen.	Offentlege etatar*	Jamfør Regjeringa sin ”Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser”	Kontinuerleg
<p>Velje avfallsbehandling som reduserer klimagassutslepp og gir mest mogleg lokal gjenvinning:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- setje i gang arbeid med å få eit meir kontrollbart og likeverdig system for avfallsbehandling i fylket,</li> <li>- redusere avfallsmengd i deponi og leggje til rette for kjeldesortering,</li> <li>- redusere utslepp av metangass, utarbeide konkrete mål for reduksjon og</li> <li>- utarbeide system og planar for lagring, handtering og gjenvinning av kloakk til jordforbetring.</li> </ul>	<p>Offentlege etatar*</p> <p>Fylkesmannen</p> <p>Kommunane gjennom sine selskap for avfallshandtering</p> <p>Kommunane</p>	<p>Eigne handlings-/klimaplanar</p> <p>”</p> <p>”</p> <p>”</p>	<p>Kontinuerleg</p> <p>”</p> <p>”</p> <p>”</p>
Velje transportløysingar (til dømes for avfallstransport og ved leasing av bilar) som reduserer klimagassutslepp.	Offentlege etatar*	Eigne handlings-/klimaplanar	Kontinuerleg
Påverke energiforsyning og -effektivitet gjennom eigarskap i kraftlag/energiverk.	Fylkeskommunen og kommunane	Gjennom eventuelle eigarkrav til styra	Gjennomdrøfta innan 2011

#### **4.1.5.1 Den fylkeskommunale verksemda**

Det er ikkje mogleg pr. i dag å fastsetje kor mykje prosentvis reduksjon offentleg sektor må bidra med for at fylket skal nå den overordna målsetjinga om å ta vår del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytrale i 2030. Særleg gjeld dette den regionale statlege og fylkeskommunale institusjonar der vi ikkje har same tilgangen på relevante data som for kommunane.

Vi har ikkje eksakt statistikk over kva den fylkeskommunale verksemda bidreg med av klimagassutslepp. Det er difor behov for å kartlegge dette og elles vurdere tilgjengelege data. Trondheim kommune har til dømes utvikla ein metodikk for berekning av klimagassutslepp frå kommunen si eiga verksemd. Der blir kommunerekneskapen brukt til å beregne utsleppa.

Det må setjast i gang eit arbeid for å utarbeide konkrete mål for korleis fylkeskommunen kan bidra til å oppfylle den overordna målsetjinga for fylket.

Fylkeskommunen treng vidare å målrette og ytterlegare konkretisere eige arbeid med reduksjon av klimagassutslepp. Klimamål/-strategiar og klimatiltak skal innarbeidast i:

- fylkeskommunen sitt målekart og budsjett,
- dei sektorvise planane – mål, strategiar og handlingsprogram og
- institusjonane sine planar – mål, strategiar og handlingsprogram.

Fylkeskommunen skal rapportere på dette i den felles årsrapporten og i dei sektorvise årsmeldingane.

På nokre område sit fylkeskommunen med verkemiddel som kan påverke klimagassutslepp i fylket. Dette gjeld mellom anna ved kjøp av transporttenester, ulike støtte- og tilskotsordningar og miljøkrav til Innovasjon Norge sin bruk av verkemiddel.

Forvaltningsreforma vil tilføre fylkeskommunen nye oppgåver innan mellom anna samferdsle og miljø. Førebels er mykje uavklart, klimaforhold i denne samanhengen skal difor følgjast opp i dei sektorvise planane.

### **Hovudstrategiar**

#### **Generelt**

- Målrette klimaarbeidet i den fylkeskommunale verksemda.

#### **Opplæringssektoren**

- Elevar og lærlingar skal få kunnskapar og haldningar som er med og tek vare på det biologiske mangfaldet, kulturminne og kulturmiljø.
- Miljøprofilen skal vere tydeleg i entreprenørskapssatsinga.
- Miljøarbeidet skal ha både eit globalt og lokalt perspektiv.
- Skuleplanar for å integrere miljøtenking og miljøretta åtferd i alle fag.
- Elevar og lærarar skal saman arbeide med korleis ein på kvar enkelt skule kan bidra til å betre klima og miljø.

## **Drift, forvaltning og intern transport**

- Redusere utslepp frå drift, forvaltning og intern transport i samsvar med gitte mål for verksemda. Dei tilsette skal gjennom sitt dagsverke arbeid medverke til dette.

## **Bygningsdrift**

- Redusere klimagassutsleppa gjennom energisparing, effektivisering og vidare utfasing av fossilt brensel.

## **Samferdsle**

- Skjerpe miljøkrava ved kjøp av transporttenester.
- Kartlegge kva kollektivtilbod/tiltak som vil gje god klimavinst og rette inn innsatsen her.

## **Korleis er stoda i dag?**

### **Drift og forvaltning**

Fylkestinget vedtok på møte 17.10.2006 ”Miljøprofil for det fylkeskommunale innkjøpet”. Det skal stillast krav til miljø med vekting frå 5-20% ved alle fylkeskommunale anbod. Miljøprofilen til fylkeskommunen skal synleggjera og det skal leggast vekt på miljøeigenskapane til produkta og tenestene.

Tilsette skal gjennom sitt dagsverke virke medverke til at fylkeskommunen når dei fastsette måla sine innanfor vedtekne økonomiske råmer. Dette vil vere eit bidrag for å nå nasjonale og internasjonale mål for klima og miljø

Tilsette skal ha fokus på klima og miljø i dei dagsverke rutinane for innkjøp, avfallshandtering og praktisk reinhald. Alle tilsette skal ha ei bevisst haldning til kjeldesortering

### **Reinhald, renovasjon kontor/-rekvisita**

Fylkeskommunen vektar miljø som tildelingskriterium. Ved utlysing av anbod våren 2008 var miljøvektinga for kontorrekvisita 10 % og reinhaldrekvisita 15%. Alle tilbydarar må levere inn eigenerklæring for HMS/miljø.

I avtalen med dagens leverandør av reingjeringsrekvisita og hygienepapir er det lagt vekt på systematisk miljøarbeid. Dei fleste av produkta er svanemerka eller innanfor kriteria for svanemerking.

Vidare legg vi vekt på:

- miljøvennleg produksjon,
- minst mogleg bruk av emballasje og å få til returordning for emballasje,
- koordinering av transport med utnytting av fyllingsgrad og
- at alle varer stettar EU sine krav til kvalitet, miljø og tryggleik.

Fylkeskommunen nyttar i dag kjeldesortering for det meste av avfallet. Det vert også vektlagt gjenbruk av møblar.

## **Intern transport**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har avtale for leasing av bilar til tenestekøyring. Pålagde serviceavtale sikrar at bilane får naudsynt ettersyn i avtaleperioden og regelmessig kontroll av co2-utslepp.

Vi legg vinn på å:

- skifte ut bilar etter avtalt leasingperiode,
- ha service på bilane til rett tid og
- i større grad bruke samkøyring.

### **Bygningsdrift**

Oppvarming av fylkeskommunale bygg er basert på el-kraft som i hovudsak er levert fra vasskraftverk. I delar av bygningsmassen er det i tillegg installert oljekjelar som tek toppbelastningar i kalde periodar. Oljebruken utgjer i dag om lag 2-5% av totalt oppvarmingsbehov.

I dag er vi med i eit treårig prosjekt i regi av ENOVA med fokus på energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. I tillegg føl vi opp nye forskrifter for energisparing i nybygg.

### **Opplæring**

Fylkestinget vedtok 08.04.2008 ”*Rom for alle – syn for den enkelte, mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008-11*”. Her er temaet berekraftig samfunnsutvikling eitt av innsatsområda som er trekte fram under kapitlet om vidaregåande opplæring si samfunnsrolle.

Det vert lagt vekt på at fylkeskommunen har skrive under *Fredrikstad-erklæringa* frå 11.02.1998 der ein har forplikta seg til å gjere ein innsats for ei berekraftig samfunnsutvikling. Målet er ei samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for kommande generasjonar. Problemstillingar knytte til ressursbruken, miljøbelastninga og klimaendringar vil vere aktuelle tema i vidaregåande opplæring. Elevar og lærlingar skal ha forståing for at lokalsamfunnet har ei nøkkelrolle i å legge til rette for ei berekraftig utvikling.

Arbeidet for ei berekraftig utvikling er eit ansvar for alle samfunnssektorar. Det er viktig at elevar og lærlingar ser behovet for at arbeidet for berekraftig utvikling er prega av langsiktig tenking, systematikk og ønske om kontinuerleg forbetring.

Det er i dag ikkje uttømmande oversikt over dei vidaregåande skulane sine ulike tiltak som rettar seg mot klima- og miljøutfordringane. Truleg har skulane svært ulikt fokus på dette, men utviklingsplanane deira skal fange opp dette fokuset.

### **Fylkeskommunale tilskot**

I dag vert det ikkje stilt krav til klima og miljø ved tildeling av fylkeskommunale tilskot til ulike tiltak.

I kapitlet om klimagassutslepp i transportsektoren er det sagt at fylkeskommunen framleis skal stille strenge krav om reduksjon i klimagassutslepp ved kjøp av transporttenester på sjø og land.

### **Fylkeskommunal organisering**

Fylkeskommunen må vurdere korleis ein organiserer seg i høve klimautfordringane. Det vert her vist til kapitlet ”Kommunal verksemd og planlegging” for nærmare omtale.

## Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
<u>Generelt</u>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>Innarbeide mål, strategiar og tiltak for klimaarbeidet i eksisterande sektorvise og institusjonelle planar, fylkeskommunen sitt målekart og årsbudsjett/økonomiplan.</li> <li>Etablere system for rapportering på klimaarbeidet i den fylkeskommunale verksemda</li> <li>Utvike metode for kartlegging av reelle utslepp i den fylkeskommunale verksemda.</li> <li>Utvike system for retningsanalyse i eiga verksem med klimaindikatorar</li> <li>Vere pådrivar for meir forsking og bruk av miljøvenleg teknologi.</li> <li>Opprette ein eigen fylkeskommunal miljøpris.</li> <li>Ha haldningsskapande kampanjar om klima og miljøarbeid.</li> <li>Lage ein felles fylkeskommunal idébank for korleis vi kan redusere klimagassar og skape eit betre miljø.</li> </ul>	Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen	Ved rullering og årleg revisjon, behandling budsjett. I årsrapporten og sektorvise årsmeldingar Eige prosjekt Eige prosjekt, sjå ovanfor Sak til Fylkestinget  	Kontinuerleg 2010 Oppstart 2010 Oppstart 2010 Kontinuerleg 2010 Kontinuerleg Oppstart 2011
<u>Drift og forvaltning</u>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide mål for reduksjon av avfallsvolum og redusert papirbruk.</li> <li>Ved reforhandlingar og inngåing av nye innkjøpsavtalar skal vektinga av klima- og miljøkrav aukast.</li> <li>Utvide kjeldesorteringa.</li> <li>Haldningsskapande arbeid i den fylkeskommunale organisasjonen.</li> <li>Miljøsertifisering av heile den fylkeskommunale verksemda.</li> <li>Miljøsertifisering av Fylkeshuset.</li> <li>Stimulere til auka bruk av videokonferansar o.l. i staden for flytransport og annan transport.</li> </ul>	Institusjonane Innkjøpssjefen Institusjonane Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen Fylkesrådmannen	Utarbeide handlingsplan Oppfølging vedteken miljøprofil Miljøsertifisering Miljøsertifisering Eiga tilskots-ordning Oppfølging av vedtak FT-sak 31/06	2010 Kontinuerleg Sjå eige opplegg for dette Innan 2014 2009 Kontinuerleg
<u>Bygningsdrift</u>	Bygge- og eigedomssjefen	Oppfølging handlingsplan	Innan 2020
<ul style="list-style-type: none"> <li>Fase ut brenselanlegg som nyttar fossilt brensel og erstatte dei med anlegg basert på ny miljøvenleg teknologi.</li> </ul>			

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
<u>Bygningsdrift</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fastsette konkrete energisparetiltak i alle fylkeskommunale bygg.</li> <li>Fokusere på opplæring/ oppdatering av driftspersonalet.</li> </ul>	Bygge- og eidegomssjefen Bygge- og eidegomssjefen	I samsvar med ny teknisk forskrift - TEK 07 Plan for opplæring	Kontinuerleg Kontinuerleg
<u>Intern transport</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Krav om reduksjon av CO2-utslepp på 15 % ved leasing av nye bilar gjennom t.d. å nytte drivstoffeffektive bilar, el-bilar og hybridbilar.</li> <li>Påverke bilførarane til miljøbevisste haldningar i trafikken.</li> <li>Stimulere tilsette og politikarar i fylkeskommunen til å velje miljøvenleg transport og praktisere reglar om samkøyring.</li> <li>Tiltak for å samordne pendlartransport.</li> <li>Premiere ”sykle til jobben” og andre tiltak som reduserer bilbruken.</li> </ul>	Innkjøpssjefen Fylkesrådmannen Fylkesordføraren og fylkesrådmannen Fylkesrådmannen	Ved inngåing av ny innkjøpsavtale   Mellom anna vurdere innføring av P-avgift på alle fylkeskommunale parkeringsplassar, likevel slik at dette er avstemt med lokale ordningar.	2010   Kontinuerleg 2010  Kontinuerleg
<u>Fylkeskommunale tilskotsordningar</u> Det skal utarbeidast miljø- og klimakrav i høve tilskotsordningar/551.60- og fylkeskommunale midlar.	Fylkestinget	Etablere kriteria og følgje opp	Innan 30.06.2011
<u>Opplæring</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vidaregåande opplæring skal skape haldningar og medvit knytt til klimautfordringane. Dette skal ha høg prioritet.</li> <li>Legge grunnlag for gode vaner og haldningar ved å stimulere til at elevar går/syklar/nyttar kollektiv transport til skulen.</li> <li>Elevar skal gjennom elevmedverknad få høve til å delta konkret i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp.</li> </ul>	Fylkesdirektøren OA Fylkesdirektøren OA, rektorar, elevråda Rektor	Oppfølging handlingsprogram   Kontinuerleg 2010  Kontinuerleg	

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Opplæring</u> Økologisk mat og mat frå nærmiljøet i kantiner på dei vidaregåande skulane (grøne kantiner ved dei vidaregåande skulane kan ha fleire føremål. Ligg allereie inne som eit tiltak i opplæringssektoren sitt handlingsprogram).</li> <li>• Utnytte kompetansen hjå jordbrukskulane i klimaarbeidet – kople dei på aktuelle prosessar.</li> <li>• Ressursbruk, miljøbelastning og klimaendring skal vere reflektert i utviklingsplanane til dei vidaregåande skulane.</li> </ul>	<p>Dei vidaregåande skulane</p> <p>Fylkesdirektøren OA Rektorane</p>	<p>Oppfølging handlingsprogram</p> <p>Oppfølging gjennom handlingsprogr. Oppfølging gjennom skulane sine utviklingsplanar</p>	<p>Kontinuerleg</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Kontinuerleg</p>

## 4.2 FORBRUK

Det er ikkje mogleg pr. i dag å fastsetje kor mykje forbruket må reduserast i prosent for at fylket skal nå den overordna målsetjinga om å ta vår del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytrale i 2030.

Det må difor utarbeidast konkrete mål for korleis redusert forbruk kan bidra til å oppfylle den overordna målsetjinga for fylket. Dette arbeidet skal koplast opp mot det toårige prosjektet som det er gjort greie for i kapitla 1.3 og 3.

### Hovudstrategiar

- Redusere det offentlege og private forbruket som bidreg til utslepp av klimagassar i samsvar med gitte mål.
- Klimagassutslepp frå innbyggjarane sitt private forbruk skal også omfattast av tiltaka for å redusere klimagassutsleppa.
- Ta opp overfor nasjonale styresmakter at klimagassutslepp som kan knytast til nordmenn sitt private forbruk må inn som ein naturleg del av den nasjonale klimapolitikken.
- Tiltak for å redusere klimagassutslepp frå forbruk bør rettast inn mot område som gir mest effekt.

#### 4.2.1 Forbruksdrivne klimagassutslepp

### Hovudstrategiar

- Vi kan skilje mellom tre tiltaksområde:
  - a. ”biff” (kva vi et)
  - b. ”bil” (persontransport)
  - c. ”bustad” (korleis vi bur)

Tiltaka kan vidare delast inn i tre styringsstrategiar vist under i prioritert rekkefølgje. Det vil seie strategi 1) vert prøvd først. Om han ikkje har tilstrekkeleg effekt går ein så over til strategi 2) osb..

1. Effektivisere: Halde fast på det grunnleggjande forbruket (t.d. persontransport) og val av type forbruk (t.d. privatbil), men gjere type forbruk meir utsleppseffektivt (t.d. redusere utslepp pr personkilometer for transport med privatbil).
2. Substituere: Halde fast på det grunnleggjande forbruket (t.d. persontransport), men endre til ein type forbruk med mindre klimagassutslepp (t.d. skifte frå privatbil til kollektivtransport).
3. Redusere: Endre det grunnleggjande forbruket ut frå omsynet til å redusere klimagassutslepp (t.d. redusere omfanget av persontransport).

Ved iverksetjing av styringsstrategiane kan ein så dele inn i tre verkemiddelkategoriar vist under i prioritert rekkefølgje. Det vil seie strategi 1) vert prøvd først. Om han ikkje har tilstrekkeleg effekt går ein så over til strategi 2) osb.:

1. Informere (t.d. miljømerking, informasjonskampanjar, undervisning).
2. Stimulere (t.d. tilskot, redusere skattar og avgifter, teknologiske tiltak, visse former for planlegging).
3. Avgrense (t.d. forbod, avgifter, visse former for planlegging).

## Korleis er stoda i dag?

I prinsippet finst det to kategoriar av forbrukarar – offentlege verksemder og privat hushald. Det forbruket som skjer innanfor private verksemder blir i denne samanhengen oppfatta som innsatsfaktorar for produksjon til sluttforbruk innanfor offentleg verksemd eller privat hushald.

I regjeringa si klimamelding frå 2007 er ordet ”forbruk” berre omtalt ein gong i samandraget:

*”Særskilte tiltak kan også bli vurdert for å mobilisere befolkningen til tidligere omstilling til forbruksmønstre som gir lave utslepp, enn det som en forventet stigende karbonpris vil utløse alene”.*

Den forbruksinnretta delen av klimapolitikken frå regjeringa kan på bakgrunn av dette sitatet reduserast til to element: Avgifter på karbon (eit statleg tiltak) og informasjonstiltak.

Bruken av fossile brensel i produksjonen av forbruksvarer er ein viktig årsak til klimagass-utsleppa. Difor må det også fokuserast på forbruksmønsteret.

Kyoto-protokollen plasserer som nemnt ansvaret for klimagassutsleppa etter opphavslanda (produksjonslanda). Dette fører ikkje alltid til dei rette og effektive klimatiltaka i Noreg. Ein viktig årsak til dette er at forbruksvarene i aukande grad vert importert frå land som ikkje er omfatta av Kyoto-avtalen. Samstundes knyter Noreg sine eigne utslepp seg til eksportvarer som vert brukt i utlandet. Dersom Noreg flytter produksjonen av aluminium til andre land med høgre utslepp for å redusere eigne utslepp, fører dette berre til høgre globale utslepp. ”Lavutslippsutvalget” var klar over dette, men hevdar at ein ikkje har metodar for å gje eit fullstendig bilet av denne situasjonen.

Dei siste åra har utsleppa av klimagassar i mange vestlege land flata ut. Er det slik at desse utsleppsreduksjonane for ein stor del skuldast at vestlege land let den forureinande produksjonen skje i utviklingsland som til dømes Kina?

Rapporten ”Norwegian Consumption, Chinese Pollution” viser at norsk og europeisk import av elektronikk, maskiner og andre produkt fører til hurtig veksande industriproduksjon, energibruk og klimagassutslepp i Kina.

Kinesiske CO<sub>2</sub>-utslepp som skuldast eksport til Noreg er nesten tredobla i perioden 2001-2006 – til eit rekordnivå på 6,8 millionar tonn.

Ei utgreiing gjort av Vestlandsforsking for Miljøverndepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet viser noko av det same biletet. I rapporten blei miljøbelastninga frå norsk forbruk og norsk produksjon samanlikna for perioden 1987-2007. Rapporten viste for det første at klimagassutsleppa frå norsk forbruk er noko høgre enn utsleppa frå norsk produksjon (om lag 1/3 viss vi reknar at all elektrisitetsforbruk utløyst av norsk forbruk har eit klimagassutslepp tilsvarande utsleppa frå den europeiske elkraftproduksjonen). Vidare viser rapporten at klimagassutsleppa knytt til norsk forbruk har auka meir enn utsleppa frå norsk produksjon (21 prosent for forbruk mot 14 prosent for produksjon). Innafor forbruket har miljøbelastninga frå dei tre store postane knytt til metaforane ”biff” (maten vi et), ”bil” (persontransport) og ”bustad” (bygging og drift av bustaden) halde seg relativt konstante – med eitt unntak – flytransport. Gjeld då særleg utanlands flytransport som har auka med om lag 800 prosent dei siste 20 åra. I tillegg har importen av forbruksvarer (særleg frå Kina) - utanom samlekategoriane ”biff”, ”bil” og ”bustad” og dei mest energikrevjande formene for fritids-

forbruk (som feriar, utstyr til friluftsliv og elektronisk heimeunderhaldning) - auka mykje i den same perioden.

Det er gjort ein regional analyse av klimagassutsleppa frå forbruk for Rogaland bygd på den nasjonale analysen Vestlandsforsking gjorde. Den viser at det berre var små forskjellar i dei forbruksrelaterte utsleppa pr innbyggjar i Rogaland og landsgjennomsnittet. Tilsvarande analyse vil snart vere ferdig for Sogn og Fjordane.

Vi finn i dag to tilnærtingsmåtar til korleis møte klimautfordringane på forbrukssida. Media ser ut til å fokusere på den individualiserte tilnærminga der det er fokus på kva den einskilde kan gjere frivillig, jf mellom anna TV-programmet "Klimaløftet". Regeringa på si side har meir fokus på produksjonsutsleppa og då med fokus også på trangen for å regulere utsleppa – ikkje berre satse på frivillige tiltak. I arbeidet med klimaplanen har vi hatt ei medvite haldning til begge tilnærningsmetodane. Det inneber at fylkeskommunen ønskjer å fokusere på dei forbruksrelaterte utsleppa og at tiltak retta inn mot forbruk også må kunne omfatte regulering – ikkje berre frivillige tiltak.

Det er ulike strategiar for å redusere miljøbelastninga som ein følge av forbruket. Dei harde verkemidla som skattar og liknande ligg i hovudsak til dei nasjonale styresmaktene å gjere noko med. Fylkeskommunar og kommunar har i større grad verkemiddel som ligg i den "mjukare" delen av skalaen. Til dømes informasjon og haldningskampanjar, men også her kan det vere aktuelt med dei meir "harde" verkemiddel – ikkje minst knytt til plan- og bygningslova

### Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Organisering	Når
Invitere kommunane i fylket til å delta i eit "klimamat-prosjekt" der ein bygger på erfaringane frå arbeidet med å leggje om til økologisk mat og mat frå nærmiljøet i kantinene ved dei vidaregåande skulane	Fylkeskommunen	Jf. kap. 4.1.5.1 og skissert tiltak under opplæring. "Klimamat-prosjektet" kan følgjast opp i forlenginga av dette.	2012
Styrke utvalet av økologisk mat og mat frå nærmiljøet / fylket i butikkane.	Verkemiddelaktørane, lokalt næringsapparat og næringa	Organiserast som prosjekt i BU-strategien	Kontinuerleg
Styrke den lokale tilgangen av mat frå nærmiljøet og økologisk mat.	Verkemiddelaktørane, lokalt næringsapparat og næringa	Sjå ovanfor	Kontinuerleg
Påverke buareal i private bustader – redusere storleiken på buarealet.	Kommunane	Arealplanlegging og byggjesaksbehandling	Kontinuerleg
Vurdere offentlege tilskotsordningar for å stimulere til klimavenlege løysingar for oppvarming i private hus.	Fylkeskommunen	Etablere fond eller vidareføre ENØK-fondet til også å omfatte tilskot til private.	2010
Legge til rette for gjenbruk.	Verkemiddelaktørane, lokalt næringsapparat og næringa.		Kontinuerleg

## **4.2.2 Reiseliv**

Det blir her vist til eigen reiselivsplan for fylket som er under utarbeiding. Denne planen skal ta opp i seg følgjande føring frå planprogrammet for Fylkesdelplan for klima og miljø:

Reiselivet er avhengig av både offentleg og privat reiseverksemnd og forbruk. Offentlege verkemiddel i form av auka avgifter på utsleppsrelatert forbruk og eit meir klimavenleg offentleg og privat forbruk kan påverke reisevanar og bruken av det reiselivet har å tilby.

Reiselivsplanen bør:

- Kartlegge korleis gjere reiselivet meir berekraftig og gjere fylket til eit berekraftig reisemål.
- Drøfte korleis omstille reiselivet i høve berekraft og eventuelle endringar av reisevanar som følge av eit meir klimavenleg forbruk.

## 5. TILPASSING TIL KLIMAENDRINGAR

### Overordna mål

Sogn og Fjordane skal vere best mogleg budd på klimaendringane og ikkje byggje ny sårbarheit inn i samfunnet.

### Hovudstrategiar

- Redusere negative konsekvensar og utnytte positive følgjer av venta klimaendringar.
- Styrke beredskapen mot klimarelatert skade.
- Vidareutvikle ROS-analysen som verktøy både regionalt og lokalt i kommunane og nytte Fylkes-ROSen aktivt som ein ressurs i arbeidet med klimatilpassing.
- Auke kunnskapsgrunnlaget for korleis ein kan tilpasse seg til klimaendringar. Engasjere sentrale og regionale fagmiljø i dette arbeidet. Jamfør elles Flæte-utvalet og Klima 21 som det er gjort greie for i kapittel 2.
- Offentleg og privat sektor skal ha eit aktivt forhold til å tilpasse seg til klimaendringar.

### Konkretisering og avgrensing

I planen er fleire temaområde omtalte når det gjeld konsekvensar av klimatilpassing.

Nokre av temaområda blir det alt arbeidd systematisk med (til dømes transport), mens det for andre område manglar mykje kunnskap om korleis effekten av klimaendringar kan slå ut (til dømes biologisk mangfald). Andre område igjen er særleg viktig økonomisk for fylket vårt (til dømes vasskraftproduksjon).

Det er svært ressurskrevjande å gjere sårbarheitsvurderinger for alle dei temaområda som er omtalte i planen. I alle høve om dette skal gjerast like grundig for alle områda. Vidare vil det venteleg kome opp behov for å vurdere nye temaområde etter kvart som ny kunnskap om klima og klimakonsekvensar oppstår og nye interesser blir involverte i klimadebatten. Det er difor viktig å etablere eit system for prioritering av kva temaområde som bør vurderast og kva type vurderingar som bør gjerast.

Det er likevel viktig å gjere ei første grov og brei vurdering av korleis endringar i klima og i samfunnet kan påverke fylket i framtida. Dette er også ei vurdering som bør gjerast med jamne mellomrom.

Ein slik analyse er ikkje gjort i dei føreliggjande dokumenta for fylkesdelplanen.

Utover ei slik første brei og grov vurdering av klimasårbarheita, kan det vere viktig å gripe fatt i nokre temaområde som ein ønskjer å gå djupare i. Det vil seie anten å styrke det meir grunnleggjande kunnskapsgrunnlaget eller å styrke kunnskapsgrunnlaget med tanke på å få eit betre grunnlag for å utforme tilpassingstiltak. Vi kan slik sett skilje mellom ei *kunnskaps-* og *handlingsretta* utdjuping for dei ulike sårbarheitstema.

Med bakgrunn i omtalen ovanfor legg vi opp til ein analysedugnad med følgjande prioriterte tiltak:

1. Gjere ei vurdering av dei viktigaste trekka i samfunnsutviklinga som gjer fylket meir eksponert for klimapåverknad. Vurderinga kan ha form av eit scenarioarbeid eller

”foresightarbeid” og skal mellom anna gi faglege innspel til kommunale klimasårbarheitsvurderingar.

2. Lage ei grov framstilling av korleis klimaet kan endre seg for fylket. Det er aktuelt å kontakte Bjerknessenteret og be om eit tilbod for eit slikt arbeid.
3. Samanstille resultata av analyse 1) og 2) for på den måten å gje ei brei og grov vurdering av den samla klimasårbarheita i fylket.
4. Invitere kommunane i fylket til å bli med på ein analysedugnad der fylkeskommunen tilbyr eit økonomisk spleislag og fagkompetanse til å gjennomføre regionvise analyser av den lokale klimasårbarheita. Arbeidet med å lage regionvise analysar av klimasårbarheit bør følgjast opp med tilsvarende koordinert samarbeid om å lage regionvise strategiar for klimatilpassing. Regioninndelinga kan ta utgangspunkt i eksisterande regionråd.
5. Det vil vere opp til regionråda og kommunane som takkar ja til invitasjonen å prioritere kva for tema som bør analyserast. Samstundes er det naturleg at fylkeskommunen lanserer inn dei sårbarheitstema som dei på si side meiner er særleg viktige å få analysert.

Analysedugnaden er føreslått organisert som eit eige prosjekt i samarbeid med KS (kommunane), Fylkesmannen, NVE og Vestlandsforskning.

NVE er frå 01.01.2009 tillagt eit meir omfattande forvaltningsansvar for førebygging av skredulukker. Dei bør difor koplast på denne dugnaden.

## 5.1 Klimaendringar og regionale ulikskapar

### Delmål regionale ulikskapar

- Skaffe mest mogleg bruksretta klimadata til konkret nytte i samfunnsplanlegginga.
- Vurdere uvissa knytt til klimadata slik at dette kan sjåast i samanheng med ulike tiltak og prioriteringar.

### Hovudstrategiar

- Nedskalere viktige klimaparameter og bruke dei til å prioritere innsats i høve til:
  - a. klimatilpassing
  - b. beredskap

Aktuelle parameter:

- Havnivåauke
- Gjennomsnittstemperatur
- Dagar med snødekke
- Gjennomsnittsnedbør
- Dagar med ekstremnedbør
- Ekstremvind
- Endring i skredaktivitet
- Flaum

### Korleis er stoda i dag?

Utfordringa i fylket vårt er dei store variasjonane frå kyst til innland og frå fjord til fjell. Vi har område med store variasjonar i belastninga frå vind, regn og snø. Det er difor krevjande å framstille lokale klimascenario med omsyn til havstigning, vind, temperatur, snø og nedbør

Det vert det nytta ulike klimamodellar for å seie noko om korleis klimaet vil endre seg. Desse er ei samling av best tilgjengelege kunnskapar med utgangspunkt i kjente klimasystem. Desse modellane er kalibrert i høve tidlegare observerte endringar. Klimamodellane er det best tilgjengelege verktøyet vi har til framskrivning av endringar.

Klimaet i Sogn og Fjordane vert påverka av dei globale klimasistema. Klimamodellane for dei globale systema vil ved nedskalering til fylkesnivået gi auka grad av usikkerheit. Vi har drøfta med Bjerknessenteret om vi skal bestille meir detaljerte og nye klimamodellar for fylket. Dette er ein jobb som vil vere relativt kostbar, men som også vil kunne nyttast i fleire fylke. På grunn av kostnadane vurderer vi om dette bør gjennomførast som eit samarbeidsprosjekt i Vestlandsrådet.

I påvente av nye klimamodellar vil det vere viktig å kjenne til ulikskapane for framtidige nedbørsprognosar. Nokre modellar gjev stor auke i nedbøren på Vestlandet (og tilsvarande stor nedgang på Austlandet), mens andre gjev nesten ei motsatt fordeling. Det RegClim i prinsippet har gjort er å slå saman desse to bileta. Dette er ikkje heilt uproblematisk. Ved å slå saman to i prinsippet like ”rette” nedskaleringar og å lage gjennomsnittet av desse gjev ikkje nødvendigvis sikrare informasjon. Det er viktig å vere merksam på at det eksisterer eit slikt spenn. Men vi kan likevel få fram at det til dømes er mindre variasjon for temperaturauken enn for nedbørsfordelinga. Slike vurderingar er svært viktig å få fram i det vidare analysearbeidet.

Det er tilgjengeleg vurderingar av korleis klimaendringane kan slå ut for Sogn og Fjordane ([www.senorge.no](http://www.senorge.no)). For alle dei ulike parametra er det likevel viktig å få fram variasjonsbreidda og ekstremverdiane. Dette til forskjell frå dei gjennomsnittstala som ligg til grunn for presentasjonen på [www.senorge.no](http://www.senorge.no).

## Tiltak

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Analysedugnad klimasårbarheit i fylket; jf. avsnittet om konkretisering og avgrensing i kap. 5	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane (KS), Fylkesmannen, NVE og Vestlandsforskning	Koordinerast gjennom eit eige prosjekt – analysedugnad.	Oppstart 2009
Skaffe kunnskap om farar og ulemper; jf. elles kap. 5.2 om Havnivåauke	Fylkesmannen, fylkeskommunen, NVE og kommunane	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Koplast til analysedugnaden - som på brei basis (havnivåauke, skredfare, flaum m.v.) også bør kartlegge farar og ulemper som følge av klimaendringar.</li> <li>2. Ved rullering av arealplanar i kommunane og på fylkesnivået (fylkesdelplan for arealbruk) – ROS- analysar.</li> </ol>	Oppstart 2010  Kontinuerleg
Samarbeid med forskningsinstitusjonar om kompetanseheving på klimaendring.	Fylkesmannen og fylkeskommunen	Jf. elles kap. 7 og tiltak for regional og lokal kompetanseutvikling	Kontinuerleg

## 5.2 Landskap, biologisk mangfald og leveområde

### Delmål landskap, biologisk mangfald og leveområde

#### 1. Landskap

- Ta vare på særmerkte og prioriterte landskapstypar og landskapsområde i fylket.

#### 2. Biologisk mangfald og leveområde

- Drive aktiv forvaltning av det biologiske mangfaldet – artar og økosystem - for å redusere eventuelle skadeverknadar av klimaendringane.

### Hovudstrategiar

- Ivareta det biologisk mangfaldet, leveområde og landskap gjennom arealplanlegginga.
- Sikre god skjøtsel av landskap og biotopar.
- I samfunnsplanlegginga vurdere konsekvensar av samfunnsendringar på landskap, biologisk mangfald og leveområde.
- Ta vare på artsmangfaldet.
- Ta særskilt omsyn til raudlista artar.

### Korleis er stoda i dag?

Mangel på kunnskap om artar og økosystem er ein grunnleggjande flaskehals; også i spørsmålet om verknader av klimaendringar

For fleire av dei omtalte trugsmåla (sjå nedanfor) mot det biologisk mangfaldet og landskapet vil klimaendringar verke saman med andre faktorar. Såleis kan det vere diskutabelt kor mykje av skadeverknadene som skuldast klimaendringar og kor mykje som skuldast andre faktorar.

Generelt er det grunn til å rekne med at klimaendringane vil gjere naturmangfaldet og landskapet meir sårbar overfor andre trugsmål, og omvendt. Kunnskapsmangel er eit gjennomgåande problem. Jamfør at det er berre eit mindretal av dei norske artane som det finst tilstrekkeleg kunnskap om til at dei i det heile har kunna vorte vurderte for raudlistestatus. Sagt på ein annan måte: For fleirtalet av norske artar veit ein så lite om miljøkrav, utbreiing og bestandsstatus at det ikkje er mogleg å seie noko pr. i dag om dei er truga eller ikkje, langt mindre kva dei i tilfelle er truga av. Korleis klimaendringar i komande år vil påverke dei veit ein endå mindre om. Auka kunnskap om artar og økosystem bør difor vere ein del av den generelle strategien for å redusere skadeverknader av klimaendringar.

### Nokre sannsynlege trugsmål mot biologisk mangfald og landskap i Sogn og Fjordane som følgje av klimaendringar

#### Reduksjon eller forsvinning av brear og breelvar

Brear er særprega landskapselement som er med på å forme både lausmassar, avrenningsmønster, lokalklima, livsmiljø og heile landskapet kring seg. Frå Sogn og Fjordane er det beskrive *endemiske* artar (det vil seie artar som ikkje er kjende frå andre stader) av fjørmygg (*Chironomidae*) frå breelv. Ei generell vekksmelting av breane vil gjere utdøying sannsynleg for breelvtilknytte artar.

#### Reduksjon og fragmentering av fjellareal

Vesentleg heving av skoggrensa vil redusere og fragmentere arealet med snaufjell. For fjellrev og villrein vil klimaendringar venteleg forsterke noverande trugsmål på ein dramatisk måte. Den truga fjellreven er utsett for konkurranse frå raudreven som i aukande grad tek fjellområde i bruk. Villreinen er naturleg tilpassa å trekke over store område, men har i nyare tid vorte oppdelt i

mange små og innestengde populasjonar. Dette som følgje av vear, hyttefelt og annan menneskeleg aktivitet som hindrar det naturlege trekket. Attgroing av skog kan truge opne samfunn av rik fjellvegetasjon.

Auka utbreiing av skog vil bidra til auka opptak av karbon. På den andre sida vil reduksjon i areal snødekte flater føre til auka varmeopptak, noko som kanskje veg opp denne effekten av skogen. Likeeins er det fare for at varmare klima kan gje auka frigjering av karbon frå humus, ikkje minst dersom ein får opptörking av myrar.

### **Forsuring av sjøvatn**

Sjøvatn vert rekna som lite utsett for forsuring til dømes frå sur nedbør. Dette på grunn av den store bufferkapasiteten. Men ein stor prosentvis auke i CO<sub>2</sub>-innhaldet i atmosfæren kan gje merkbart utslag. Det er fare for at korallar og andre organismar som byggjer opp kalkskjelett kan bukke under eller få ei sterkt redusert rolle. Slik sett kan planktonsamfunna verte sterkt endra. Dette kan ha store verknader både på økonomisk viktige fiskeartar og på det biologiske mangfaldet i havet generelt.

### **Reduksjon av sjeldsynte vegetasjonstypar som følgje av stigande havnivå**

Havstrandenger og strandskogar er spesielle miljø med mange spesielle artar. I Sogn og Fjordane er det små og spreidde førekomstar av desse som det er viktig å ta vare på. Dei er utsette både for vassnivåheving og auka bøljeerosjon.

### **Invasjon av skadegjerande artar**

Varmare klima kan føre til at nye artar (til dømes skadeinsekt og parasittar) kan vandre inn. Også endringar i nedbørsmengder og fuktclima kan skape livsgrunnlag for nye artar, til dømes av sopp. I tillegg til skadegjerarar på menneske eller avlingar kan det vere fleire som meir eller mindre i løynd fører til utkonkurrering og utdøyting av stadeigne artar i naturen. Dei kan også endre viktige funksjonar i naturlege økosystem.

### **Utdøyting som følgje av at artane ikkje kan flytte seg raskt nok**

For dei fleste artane og artssamfunna vil det truleg finnast eigna miljø også etter ei klimaendring - berre på ein litt annan stad, gjerne høgre opp mot fjellet. Problemet kan vere å spreie seg dit. Gjeld særleg for artar med låg spreiingsevne og der det skortar på eigna spreiingskorridorar eller "vadesteinar" på vegen. I tillegg til temperatur er både fukt/tørke og brannfrekvens viktige miljøfaktorar for mange artar og som kan verte endra gjennom klimaendringar. Kulturpåverknad er også ein svært avgjerande faktor i norsk natur. Den legg sterke føringar ikkje berre på kor artane kan vandre, men også på kor dei vil finne dei miljøfaktorane dei er tilpassa.

## Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Organisering	Når
<p>Aktuelle tiltaksområde:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Negative verknader av klimaendringar på landskapet i Sogn og Fjordane.</li> <li>2. Skadeverknader av invaderande artar.</li> <li>3. Verknader av havforsuring.</li> <li>4. Utdøying av artar og økosystem i fjellet som følge av klimaendringar.</li> <li>5. Forsvinnning av artar og økosystem som følge av havnivåauke og endra klima på veksestaden.</li> <li>6. Avbøtande tiltak mot forsuring og ureining av matjorda.</li> <li>7. Utvikle samarbeid og dialog med landbruksnæringa i høve skjøtsel, forvaltning og vern av kulturlandskap.</li> </ol>	<p>Fylkesmannen følgjer opp landskap, biologisk mangfald og leveområde saman med aktuelle fagmiljø og organisasjonar i fylket</p>	<p>Eigen prosess som koordinerer arbeidet mot aktuelle tiltaksområde.</p> <p>Tileigning av ny kunnskap vil vere ei vesentleg utfordring:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Auke kunnskapen om artar og økosystem for å redusere skadeverknader av klimaendringar.</li> <li>• Auka registrering av det biologiske mangfaldet og leveområda i fylket.</li> <li>• Kunnskapsutvikling om skadeverknader for landskapet som følge av klimaendringar.</li> <li>• Kartlegge regionalt og lokalt særmerkte landskapstypar/område som vil vere særleg utsette for klimaendringar.</li> </ul>	<p>Oppstart 2009, men med eit langsiktig perspektiv</p>

## 5.3 Havnivåauke

### Delmål havnivåauke

Redusere farar og ulemper som eit auka havnivå vil føre til for Sogn og Fjordane.

### Hovudstrategiar

- Unngå farar og ulemper når det er mogleg (arealplanlegging).
- Fokusere på sikringstiltak.
- Ta omsyn til at sikringstiltak aldri vil kunne gi 100% tryggleik (beredskapsplanlegging).

### Korleis er stoda i dag?

Under arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane (Fylkes-ROS) gjorde Fylkesmannen ei undersøking av stoda i kommunane. Halvparten av kommunane som svarte på undersøkinga opplyste at dei hadde registrert tilfelle kor høg vasstand hadde truga busetnad og næringsområde. Det er ikkje kjent at høg vasstand har ført til alvorlege personskadar.

### Generelt om havnivåauke

IPCC sine rapportar omtalar havnivåauke som ein av dei største og mest utfordrande verknadane av klimaendringane. Det er fleire årsaker til stiginga i havnivået. Den viktigaste er termisk utviding; det vil seie at vassmassane utvider seg på grunn av auken i havtemperaturen.

Dersom temperaturauken over land fører til at ismassane smeltar, vil mengda av vatn som renn ut i havet òg auke. Det er usemjø omkring kor raskt dei store ismassane på jorda kan smelte på grunn av temperaturauken. IPCC har sagt at det truleg vil ta minst eit par tusen år å smelte iskapper som isen over Grønland. Denne inneholder vassmengder tilsvarannde 6-7 meter i havnivåauke.

Bjerknessenteret driv forsking på havnivå og var ein stor bidragsytar til den siste IPCC-rapporten. Forskarane ved senteret konkluderer med at havnivåauken no (etter 1993) er på vel 3 mm årleg og at havet stig dobbelt så raskt som middelauken det siste hundreåret.

Gjennom sine modellar har Bjerknessenteret presentert estimat for den framtidige havstigninga langs kysten av Noreg. Desse syner at i våre område vil netto havstiging (kompensert for landheving) i år 2100 gje eit havnivå som er mellom 65 og 75 cm høgre enn i dag.

Havet vil stige i lang tid framover; sjølv hundrevis av år etter at det eventuelt er kontroll på dei globale utsleppa av klimagassar. Det vil difor vere heilt nødvendig å tilpasse seg dei endringane som kjem og å planlegge for å unngå framtidige ulemper på grunn av høgre havnivå.

Allereie i dag ser vi at havnivåauken er ei stor global klimautfordring. Lågliggjande landområde står i fare for å forsvinne og dette truar framtida til millionar av menneske. Men også i Sogn og Fjordane vil eit stigande havnivå kunne skape og/eller forsterke ei rekke problem langs kysten og fjordane:

- Større område kan verte utsett for overflaumingar, særleg under stormflod.
- Større påkjenningar (direkte slitasje, ”utvasking”, skred og erosjon) på sårbar infrastruktur som ligg langs flodmerket, til dømes:
  - vegar og veganlegg (bruver, ferjekaiar),
  - hamne- og kaianlegg, navigasjonshjelpemiddel (kaiar, moloar, fyr og merke),

- avlaups-/dreneringssystem (overlaup/tilbakeslag) og
- linje- og kabelnett m/tilhøyrande installasjonar for forsyning av straum og  
ekomtenester
- Erosjon.
- Forsterka konsekvensar av flaumar i elvar der utløpet er i lågliggjande elvesletter (særleg når dette skjer i kombinasjon med stormflod).
- Overfløyming av område for rekreasjon og turisme og natur- og kulturlandskap.
- Auka grunnvatn-nivå.
- Inntrenging av saltvatn i sjønære brønnar/drikkevassreservoar og leidningsnett.
- Regulariteten i skipstrafikken vert därlegare på grunn av påkjennningar på hamne-/kaianlegg og navigasjonshjelpemiddel.

**Tiltak:**

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Krav om byggjehøgde på grunn av havnivåauke.	Kommunane	Kommuneplan – arealplanlegging	Ved rullering
Andre førebyggjande tiltak: <ul style="list-style-type: none"> <li>● skaffe kunnskap om farar og ulemper og unngå desse når dette er mogleg, jf. elles innleiingsvis i kap. 5 og 5.1,</li> <li>● sikringstiltak og</li> <li>● beredskapsplanlegging.</li> </ul>	Fylkesmannen og kommunane	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Del av analysedugnaden</li> <li>- Kartlegging og arealplanlegging</li> <li>- Fylkes-ROS</li> </ul>	Kontinuerleg

## 5.4 Transportsektoren

### Delmål transportsektoren

Gjere transportnettet og samfunna i Sogn og Fjordane minst mogleg sårbar i høve klimaendringar.

### Hovudstrategiar

- Dei ulike transportsektorane har eit ansvar for å ivareta behova for klimatilpassing innan for sine område.
- Etablere ein brei dialog med alle aktuelle samfunnsaktørar for å gjennomføre ein samla beredskapsanalyse.
- Klargjere og tydeleggjere ansvar og roller.

### Korleis er stoda i dag?

Funksjonaliteten til transportsystema er sterkt påverka av ekstremvêrsituasjonar; til dømes ved at flaum, ras eller stormar blokkerer eller legg hindringar i vegen for mobiliteten i samfunnet. Dette gjeld både for person- og godstransport. Internasjonalisering av økonomien har ført til større produksjon og handel på tvers av landsdelar og landegrenser. Dette stiller strengare krav til kvaliteten i transportsystema og til kor føreseieleg godsframføringa er.

### Førebygging på infrastruktursida – veg og jarnbane

Det er eit stort behov for ny kunnskap på mange område innan vegsektoren for å kunne kartlegge konsekvensane av klimaendringane. Eksempelvis vil planlegging i forhold til skred/skredsikringstiltak ikkje lenger berre kunne basere seg på historiske data, men må no også ta omsyn til at klimaet vert endra. Den auka frekvensen av flaum og sørpeskred vil kunne gje problem på nye stader. Dette inneber at design av sikringstiltak i framtida må bli gjorde med tanke på forandringar i skredfrekvens og skredtype, samstundes som sikringstiltaka som er bygde på tidligare røynsler kan vise seg å vere utilstrekkelege.

Vegstyresmaktene har no starta eit arbeid for å møte desse utfordringane; også med omsyn til endringar i risiko og meir slitasje på vegar og bruer. ”Klima og transport” er eit fireårig forskings- og utviklingsprosjekt som Statens vegvesen har sett i gang i samarbeid med Jernbaneverket. Prosjektet starta i 2007 og er forventa sluttført i 2011. Følgjande delprosjekt inngår:

1. Premissar og implementering der det inngår klimaforsking og ny kunnskap.
2. Datagrunnlag for samordna vær- og klimadata.
3. Flaum- og erosjonssikring.
4. Skredrisiko kan endre seg som følge av klimaendringar.
5. Tilstandsutvikling på vegnettet.
6. Konsekvensar for vinterdrift fordi klimasonene endrar seg.
7. Sårbarheit og beredskap.

### Beredskap – Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

I ein ROS-analyse er det viktig å vurdere om det er mogleg å hindre at ei farleg hending i det heile skjer. Dersom dette ikkje er mogleg, blir utfordringa å redusere dei skadelege konsekvensane av hendinga.

Sjølv eit rikt, moderne og velorganisert samfunn må finne seg i at det ikkje er teknisk/organisatorisk mogleg å fjerne/redusere all risiko. Der det er mogleg vil ofte førebyggjande tiltak

bli svært dyre. Også i det skadeførebyggande/-reduserande arbeidet må difor nytten av tiltak avvegast i forhold til kostnaden med å etablere dei.

Fylkesmannen fekk i 2007 utarbeidd ein Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane. Det er gjort analysar av svikt i kritisk infrastruktur som for vegnettet.

Stengde vegar er relativt vanleg i Sogn og Fjordane. Dei fleste kommunane har vegstenging over ein kortare eller lengre periode i løpet av året. Over 90 % av kommunane gjev uttrykk for at det er skred og/eller flaum som er den vanlegaste årsaka til vegstengingane.

Dersom ei vegstenging gjer ambulansetransport umogleg, kan dette gjere situasjonen kritisk. Helikoptertransport kan vere eit alternativ i slike tilfelle, men nattemørke og vanskelege værforhold (skodde/snø/sterk vind) kan hindre dette.

Ved lengre stengingar vil også problem med forsyningar av matvarer vere ein kritisk faktor.

Lengre vegstenging kan også få så store følgjer for næringslivet at situasjonen vert kritisk av den grunn. Det har vore døme på dette i Årdal der Hydro har fått store problem når vegen mellom Årdalstangen og Øvre Årdal har vore stengt.

I ROS-analysen har Statens vegvesen vurdert kva tettstader i fylket som er mest utsatte for vegstenging. Vurderingskriteriet er om det er kritisk ved stenging. Det er tre tettstader i fylket der ei langvarig vegstenging (meir enn 12 timer) vil kunne få kritiske konsekvensar:

- Årdalstangen
- Øvre Årdal
- Høyanger

Vidare har ein vurdert at ei vegstenging til/frå ein del tettstader utgjere ein viss fare. Dette gjeld tettstadane Balestrand, Eivindvik, Gaupne, Måløy, Naustdal, Raudeberg, Sande, Solund, Svelgen og Vik.

### **Beredskap – Statens vegvesen**

I dag eksisterer det beredskapsopplegg på 5 nivå:

#### 1. Entreprenør på funksjonskontraktar.

Dette er første nivået i ein beredskapssituasjon. Dreier seg om mindre hendingar i samband med sterkt nedbør og dårlig ver.

#### 2. Byggherrevakt på distriktsnivå

Ved større hendingar vert byggherrevakta kontakta av entreprenøren eller vakta kan engasjere seg på eige initiativ. Byggherrevakta har som regel ein høgare beredskap om vinteren enn i sommarhalvåret.

#### 3. Krisestab på distriktsnivå

Denne vert etablert så snart ein ser at situasjonen kan eskalere til eit nivå som byggherrevakta ikkje kan takle åleine.

#### 4. Krisestab på regionnivå

Dette nivået vart etablert etter omorganiseringa av Statens vegvesen i 2003. I Region Vest har

den regionale krisestaben hatt fleire øvingar og den var sentral under dei store ras- og flaumhendingane i 2004 og 2005.

### 5. Krisestab på landsnivå

Ved særleg alvorlege hendingar vil Vegdirektoratet etablere ein sentral krisestab. Dette kan vere ved store personskadeulukker, ekstraordinære samfunnskonsekvensar og situasjonar der media-pågangen er særleg stor.

### Beredskapsvegar

Statens Vegvesen, Region Vest har hatt eit større arbeid med beredskapsvegar for stamvegnettet. Dette går ut på å utarbeide planar for tiltak der ei veg-/ferjerute vert stengd. Gjeld kva alternativ som kan vera tilgjengelege, kva slags transport desse vegane/båtrutene kan ta unna og kva skilting og informasjon som må til. Planarbeidet var lagt til kvart distrikt og blei ferdiggjort i løpet av 2008.

Det er ei utfordring å sikre at ferjekaiar som tidlegare har vore operative blir innlemma i eit beredskapsopplegg.

### Sjøfart

Planlegginga må ta høgde for dei utfordringane som klimaendringane stiller sjøtransporten overfor. Vi vil elles oppleve ei nedbryting av infrastrukturen på kysten. Konsekvensane kan bli forlis med tap av menneskeliv og materielle verdiar. Dessutan vil vi få dårlegare regularitet i båtrafikken.

Anlegg og verksemder både i skjerma farvatn og i meir værutsatte deler av kysten, vert utsette for ekstraordinær klimatisk påverknad. Dette freistar Kystverket å ta omsyn til i si framtidige planlegging og prosjektering.

Ei framtidig havstigning vil påverke infrastrukturen mest; til dømes i høve dimensjonering av høgde på moloar og kaianlegg.

### Luftfart

Luftfartslova krev godkjenning av flyplassar til allmenn bruk. Godkjenninga gjeld for 5 år og femner om tekniske og operative tilhøve - utforming av flyplassen/teknisk utstyr og organisatoriske forhold. Det vert stilt krav til mellom anna bakke-, lufttrafikk- og flyvårteneste, samt utstyr knytt til meteorologi, flynavigasjon og lufttrafikkleiing.

Endringane i dei klimatiske tilhøva vil gjere gjennomføringa av framtidige infrastrukturtiltak på fleire av lufthamnene vesentleg meir kostnadskrevjande enn i dag. Kvaliteten på dei tenestene som ein i dag yter vil kunne verte svekka i dei deler av landet der klimaendringane har størst negativ effekt.

### Erfaringar hittil

Mindre situasjonar vert handtert i samhandling mellom entreprenør og byggherrerevakt. Dei fleste sakene vert løyst tilfredsstillande, både praktisk og økonomisk.

Det har vore nokre større tilfelle der krisestaben har vorte etablert. Desse har vorte evaluert i ettertid. Informasjonsarbeidet kan bli betre. Generelt sett vil det stadig vere eit potensiale for forbetring. Samhandling med andre instansar har som regel fått ei positiv evaluering.

ROS-analysen har eit fokus på kritiske situasjonar. I klimaplanen må det vere eit mål å få fram førebyggande tiltak som reduserer dei negative effektane på det daglege transportbehovet.

Det bør gjennomførast ei samla beredskapsanalyse, vurdere felles planverk, samhandling ved drift av uønska hendingar og eit felles øvingsregime for å handtere uønska hendingar for heile transportsektoren i fylket. Ansvars- og rolleavklaring er her viktig og behovet aukar i takt med tiltakande klimaproblem.

Vi registrerer også eit behov for oppdatert ”online” informasjon om risiko ved ulike værtihøve og om allereie uønska hendingar.

## Tiltak

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Ta klimaomsyn ved all planlegging, bygging, drift og vedlikehald innan transportsektoren.	Statens vegvesen - Region Vest		Kontinuerleg
Utføre ein samla beredskapsanalyse for å: <ul style="list-style-type: none"> <li>• utarbeide eit felles planverk,</li> <li>• sjå på samhandlinga ved drift under uønska hendingar,</li> <li>• lage eit felles regime for å handtere uønska hendingar for heile transportsektoren i fylket,</li> <li>• utarbeide beredskapsplanar for gjennomføring av øvingar og</li> <li>• tydeleggjere ansvar og roller.</li> </ul>	Statens vegvesen - Region Vest	Etablere eit eige prosjekt som skal sjå på dei aktuelle tiltaksområda	Oppstart 2010
Utarbeide førebyggande tiltak som reduserer dei negative effektane på det daglege transportbehovet.	Sektoretatar	Eigne planverk	Kontinuerleg

## 5.5 Landbruk

### Delmål landbruk

- Redusere ulemper for landbruket som følgje av klimaendringar.
- Utnytte nye moglegheiter for landbruket som følgje av klimaendringar.

### Hovudstrategiar

- Kartlegge og førebyggje ulemper for landbruket som følgje av klimaendringar.
- Eit aktivt jordvern.

### Korleis er stoda i dag?

#### Generelt – landbruket

Landbruket er ei næring som lever i konstant tilpassing til endringane i veret. Dette går nærmast umerkeleg frå år til år, men over tid ser vi at året byr på andre temperaturar, nedbørsmengder, kuldeperiodar, snømengder og vekstsesong enn kva som var vanleg for 20 år sidan.

I dag veit vi ikkje nok om kva framtida vil bringe. Vi er usikre på kva område der vi må vi rekne med endå større tilpassingar. Eit anna spørsmål er om mildare klima også vil gje produksjonsforhold for nye planter, frukt og bær. Samla sett må vi konstatere at vi pr i dag har fleire spørsmål enn svar.

#### Jordbruk

Samanlikna med resten av landet er jordbruket på Vestlandet karakterisert ved:

- Mykje husdyrhald basert på grasproduksjon til storfe og sau.
- Vi har relativt mykje bratt areal og på kysten er det mykje myrjord.
- Frukt- og bærproduksjon lokalisert til nokre fjordbygder i Sogn og Nordfjord.
- Ein utprega småbruksstruktur samstundes som det samla produksjonsvolumet er stort.

Eit mildare, våtare og villare klima med til dømes ekstremt mykje nedbør kan gje fleire jordras og større problem med innhausting; særleg på myrjord.

Det bør vere ei målsetting å kome fram til nokre tilrådingar for kva som bør produserast kor på Vestlandet. Dette i forhold til det ”nye” klimaet og for å redusere negative klimaeffektar, både for økologisk og konvensjonelt landbruk. I tillegg til å vurdere korleis klimaendringane verkar inn på økologisk landbruk, må ein også sjå på korleis økologisk landbruk verkar inn på klimaendringane. Det er i dag ikkje semje om økologisk landbruk er betre enn konvensjonelt i høve klimaforbetring.

#### Grovfôrbasert kjøt- og mjølkeproduksjon

I dei nordiske landa er det særleg temperaturen som er den avgrensande faktoren for landbruksproduksjonen; både når det gjeld kva artar som kan dyrkast og avling pr dekar. Med 2 gradar auke i temperaturen globalt vil vekstsesongen bli lengre, noko som generelt fører til større avlingar.

I økologisk landbruk er det ei utfordring å produsere nok grovfôr på same areal som i konvensjonelt landbruk. Mellom anna på grunn av mindre moglegheiter til å supplere med kunstgjødsel. Dersom vi får større avlingar per areal, kan det gjere det lettare med økologisk grovfôrproduksjon. Dette kan i så fall vere eit nyttig argument for omlegging.

Det er eit spørsmål om klimaendringane vil føre til auka hjortebestand. Det er mange mekanismar her. Dersom auka attgroing og mildare vintrar gjev hjorten betre vilkår utan at reguleringa av bestanden vert dramatisk endra, kan dette føre til større bestandar. Hjort er eit kostbart skadedyr både i høve til grovförproduksjon og fruktdyrking. Også økologiske produksjonar kan vere særleg sårbare. Hjort og aukande attgroing kan også bidra til spreiing av flått. Samstundes kan hjorten vere ein positiv ressurs i høve matauk, jakt og rekreasjon.

Ulike jordsmønster har innverknad på kvar det er best føresetnader for grovfördyrking. Aukande nedbør kan medverke til å forsterke skilnaden mellom gunstige og mindre gunstige område. I så fall vert det viktig å finne ut kvar dei mest gunstige områda vil vere for framtidig satsing innan dei ulike produksjonane.

Klimaendringar påverkar husdyrhald indirekte gjennom tilgjenget og prisen på fôr og direkte gjennom effektar på helse, vekst og reproduksjon. For dyrehaldet kan høgre temperatur auke moglegheita for utandørs beite og grasproduksjonen vil auke med høgre temperatur og CO<sub>2</sub>-innhald i lufta. Auka temperaturar kan også få negative konsekvensar for husdyrproduksjonen. Særs varme somrar kan medføre varmestress. Auka nedbør om hausten kan forkorte beite-perioden idet markene kan bli for våte og gjørmete. Våtare og varmare tilhøve kan også auke førekomensten av insekt som til dømes stikkefluger. Desse kan vere ein plage for kveg og svin.

Varmare og våtare klima kan føre til aukande attgroing av utmarks- og fjellbeite som i dag er ein stor ressurs i landbruket; kanskje spesielt i økologiske husdyrproduksjonar med ekstensiv drift. Høgre tregrense kan og medføre meir skadedyr/snyltarar på sau.

Ugraskampen er ei stor utfordring for det økologiske landbruket. Vi må vite korleis ugrasa vil te seg i det nye klimaet. Lyssiv/knappsvit trivst godt i fuktig jord. Er det grunn til å rekne med nye aggressive ugrasssortar som følge av varmare, våtare klima?

### Frukt og bær

Eit viktig spørsmål vil vere om varmare klima kan gje nye planteartar i dyrkinga. Det må bli klarlagt kva artar det eventuelt er snakk om i høve til jordsmønnet. Raske klimaendringar kan vere vanskelege å takle for nokre artar. Er det behov for ei oversikt over kva artar som ein bør satse på i forhold til stresstoleranse? Når det gjeld nye artar/sortar som kan bli aktuelle, er dette noko avgrensa. Det er ikkje nok at plantene overlever, men dei må også produsere topp kvalitet. I så tilfelle må dei modne i den perioden lysmengda er god nok. Dette avgrensar utvalet. Det er ikkje så enkelt at vi med eit varmare klima kan dyrke det som trivst lenger sør.

Eit problem som blir forsterka er sjukdom og skadedyr. Ved høgre sommartemperaturar vil til dømes pærebrann og sharka kunne få auka omfang hos oss. Dette er som kjent to av dei farlegaste sjukdomane (høvesvis bakterie og virussjukdom) innanfor kjernefrukt og steinfrukt internasjonalt. Strategien for både sjukdomane er å halde dei borte frå våre dyrkingsområde. Elles vil meir nedbør i deler av vekstsesongen kombinert med høgre temperaturar føre til større sjukdomsproblem.

### Skogbruk

Skogbruket er ei langsiktig næring. Vi må difor å ta omsyn til klimaendringar i den langsiktige planlegginga. Men vi ser ikkje dramatiske endringar samanlikna med dagens praksis.

Spesielt i skogbruket i kystfylka der vi i stor grad plantar innførte treslag, har næringa gode kunnskapar om kva for plantemateriale som høver best. Eventuelle klimaendringar vil skje over

tid og gjev oss moglegheit til å tilpasse oss eit varmare klima. Vi vil nok likevel med varmare klima vere relativt forsiktige og konservative ved å bruke det som blir vurdert som trygt. Dette framfor forsøk med meir varmekrevjande artar og proveniensar for å få tak i ein mogleg meirtilvekst.

Vegbygginga bør tilpassast for å tåle meir nedbør. Driftsteknikken i skogen må basere seg på at vi ikkje lenger har stabile vintrar med snø og tele. Konkret betyr dette berekraftige bilvegar og i mange tilfelle taubaneløysingar ut frå bilvegen. Det bør også forskast på lette tekniske løysingar som kan hove for gardsskogbruket. Etter kvart som hausting av skogreisingsskogen skyt fart for alvor, er det viktig at vi tek omsyn til risiko for vindfelling ved framføring av vegr og ved hogstføring i større plantefelt. Generell kunnskap om vind og godt lokalkunnskap blir viktig i denne samanhengen.

Ein del skadeorganismar vil få levelege vilkår hjå oss ved temperaturauke. Samstundes kan kjende skadegjerarar få betre vilkår. Siste aktuelle art i denne samanheng er askeskuddsjukten. Denne har passert Lindesnes og er truleg på veg nordover langs kysten. Dette har ført til forbod mot sal av askeplanter.

### **Skader på bygningar og vegrar**

Med endra klima blir det endå viktigare enn i dag å sette krav til kvalitet på tekniske anlegg som bygningar og vegrar. Nyttårsorkanen 1992 gav også landbruket ein vekkar i så måte, både i hove bygningar, vegrar og skogsbestand.

Men pr i dag ser det ikkje ut som om normalkrava er for svake. Det handlar meir om å følgje dei i praksis.

### **Sikker matlevering og jordvern**

Både den sitjande og den førre regjeringa fann grunn til å understreke behovet for eit styrka jordvern. Det vart formulert ei målsetjing om å halvere den årlege nedbygginga av dyrka jord. Klimaendringane gjør dette endå meir aktuelt. Den globale matproduksjonen vil mest truleg gå ned, til dømes på grunn av vassmangel i nokre av dei mest produktive kornområda. Vi må difor også hjå oss ta vare på den dyrka jorda der ho ligg.

**Tiltak:**

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Kunnskapsutvikling om korleis møte utfordringar som følgje av klimaendringar.	Fylkesmannen og organisasjonane i landbruket	Ta initiativ overfor regionale og nasjonale fagmiljø for auka kunnskapsproduksjon på områda: <ul style="list-style-type: none"> <li>- nye kulturar innan jord- og hagebruk som er aktuelle og best klimatilpassa – både økologisk og vanleg drift.</li> <li>- nye driftsteknikkar.</li> </ul>	2009
Følgje gjevne standardar for vegar og bygningar.	Fylkesmannen	Betre informasjon og strengare krav til å følgje standarden for vegar og bygningar.	Kontinuerleg
Jordvern som tek vare på dei beste og mest samanhengande jordbruksområda.	Fylkeskommunen og kommunane	Arealplanlegging	Ved rullering

## 5.6 Fiskeri og fiskeoppdrett

### Delmål fiskeri og fiskeoppdrett

Tilpassa forvaltninga av dei biologiske og marine ressursane i fylket forventa klimaendringar.

#### Hovudstrategiar

- Legge til rette for ei kunnskapsbasert vidareutvikling av akvakulturnæringane i fylket.
- Legge opp til villfiskforvaltning som bidreg til utvikling av ein miljømessig og økonomisk bærekraftig industri.

#### Korleis er stoda i dag?

Global oppvarming vil auke temperaturen i norske kystvatn og påverke akvakulturnæringa monaleg. Studiar syner at temperaturen i havet i vårt fylke vil stige med 1,5-2 °C. Samstundes vil vi få auke i nedbøren året rundt. Auke i temperatur og ferskvasstillrenning vil vere større i fjordstroka enn i opne havstrok. Vi kan også rekne med mykje større svingingar i temperaturen i løpet av kortare tidsintervall.

I motsetnad til ville fiskebestandar er akvakulturorganismane ”låst” til einskilde lokalitetar. Det vert enda viktigare med artsspesifikke val av ”rett” lokalitet i høve til kva biologiske/fysiske krav ulike artar har til miljøet.

Når det gjeld artar i akvakultur - i motsetnad til hos villfisk, har vi større moglegheit for å gjere tilpassingar i framtidig akvakulturverksemd. Slik sett kan vi oppretthalde produksjonen av sjømat til ein stadig større marknad.

Utviklinga av akvakulturnæringa i fylket er også i større grad avhengig av sakshandsaming hjå regionale styresmaktar (Fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet Region Vest, Fylkesmannen) enn tilfellet er for villfisk (som i langt større grad er underlagt statlege styresmaktar).

Det er viktig at fylket følgjer med på resultata av det arbeidet som større nasjonale (og internasjonale) institusjonar gjer i høve klimarelaterte utfordringar. Bjerknessenteret og Havforskningsinstituttet har til dømes høg internasjonal kompetanse på dette feltet. SINTEF arbeider for sin del med å utvikle nye konstruksjonar av akvakulturanlegg som skal stå imot ekstremvær og vere tilpassa framtidig utvikling mot større anlegg.

Det blir viktig å få fram data som gjeld spesielt for Vestlandet og vårt eige fylke. Fylkesovergripande samarbeid vil her vere ønskeleg. Det vil vere lokale variasjonar på intensiteten av klimaendringane og denne kunnskapen må vi ha når vi skal planlegge arealbruken av sjøområda framover. Auka kunnskap om kystsoneforvaltning i eige fylke vil bli viktigare enn nokon gong. Det er viktig å bygge ein tverrfagleg kompetanse slik at klima, arealforvaltning på land, kystsoneforvaltning, næringsutvikling og samferdsle vert sett i samanheng.

#### Akvakultur – klimamessige utfordringar:

##### 1. Lokale klimaendringar rammer settefiskprodusentar:

- Større variasjonar i ferskvasstilførsel kan gje store utfordringar for settefiskprodusentane som er avhengig av jamn tilgang på vatn av god kvalitet og med stabil temperatur.
- Tørke og kraftig nedbør fører til variabel vasskvalitet som gjev stressrelaterte sjukdommar (til dømes IPN).

- Tørke om sommaren og mindre snø i nedbørfeltet kan føre til redusert tilgang på ferskvatn.
2. Tekniske konstruksjonar:
    - Auka konkurransen om lokalitetar fører til at fleire vêrutsatte lokalitetar vil bli teknne i bruk. Med meir ekstremvêr må vi stille høgre krav til konstruksjonar i sjøen.
  3. Artane sine miljøkrav:
    - Vi må få meir kunnskap om kva biologiske/fysiske krav ulike artar har til miljøet for å sikre optimal vekst og overleving.
    - Det vert endå viktigare med kritiske val av ”rette” lokalitetar for kvar einskild art utifrå opparbeidd kunnskap om kva biologiske/fysiske krav ulike artar har til miljøet.
  4. Sjukdom:
    - Vi må få meir kunnskap om konsekvensane av auka vasstemperatur på ”tradisjonelle sjukdommar/parasittar”, til dømes lakselus.
    - Vi må få meir kunnskap om varmekjære sjukdommar som etterkvert kan få større utbreiing i fylket vårt.

#### **Villfisk – klimamessige utfordringar:**

- Korleis ta vare på vill-laks og aure i eit klimaperspektiv.
- Bidra til auka kunnskap om endringar i ulike artar sine vandrings- og gytemønster.
- Klimaendringar kan påverke havstraumar og -temperatur og føre til endringar i pelagiske fiskebestandar.
- Endra vandringsmønster kan gje lengre fartstid ut til fangstfelta enn i dag. Dette vil bety auke i forbruk, drivstoff og klimagassutslepp frå fiskeflåten.
- Krav til mindre klimagassutslepp krev påmontering av ekstrautstyr på eksisterande fartøy. Ekstrautstyret tek plass på kostnad av lastekapasitet og kan føre til fleire turar til/frå feltet enn tidlegare.
- Meir ekstremvêr vil gje større krav til trygge fartøy.

**Tiltak:**

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Kartlegge konsekvensar og setje i verk tiltak for fiskeri og havbruk.	Fiskeridirektoratet Region Vest og fylkeskommunen	Eige prosjekt	Oppstart 2010
Berekraftig forvaltning.	Fiskeridirektoratet Region Vest og fylkeskommunen	Tilsyn og verkemiddelbruk	Kontinuerleg
Kunnskapsutvikling: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere pådrivar til å skaffe fram ny kunnskap om forventa klimamessige endringar.</li> <li>• Ta i bruk og vidareformidle ny kunnskap om dei klimamessige utfordringane.</li> </ul>	Fiskeridirektoratet Region Vest og fylkeskommunen	Del av prosjekt for å kartlegge konsekvensar og setje i verk tiltak, sjå ovanfor	Oppstart 2010

## 5.7 Infrastruktur

### Delmål infrastruktur

Redusere det potensielle skadeomfanget for infrastrukturen frå flaum i små vassdrag og tetting/oppstiving/tilbakeslag i overvass- og avlaupssystem.

### Hovudstrategiar

- Gjere infrastrukturen i fylket meir robust i høve venta havnivåauke og endring i flaumfrekvens og flaumsituasjonar.

### Korleis er stoda i dag?

#### Kartlegging av lokalklimatiske tilhøve

Klimaendring fører til endra skredrisiko:

I kontinentale klimastrøk, som f.eks. på Østlandet, er det størst skredhyppighet på vårparten i forbindelse med kraftig solinnstråling i sør- og vestvendte skråninger, se fig. 45 b. I typisk kystklima som langs vestkysten av Norge, er skredhyppigheten størst på høstparten i forbindelse med intenst regn, og ofte i kombinasjon med kraftig snøsmelting, se fig. 45 c. Undersøkelser har vist at skred kan bli utløst dersom vanntilgangen i form av regn og smeltevann overstiger ca. 8 % av gjennomsnittlig årsnedbør i løpet av ett døgn, eller 5 % i løpet av 12 timer. (Byggforskbladet nr . 311.135.).

Endringar i temperaturar, vindretning, nedbørsmengde og tidspunkt for nedbør kan gi endra vilkår for indirekte og direkte skadepotensiale. Prosjektet Geoextreme ([www.geoextreme.no](http://www.geoextreme.no)) som vert finansiert av Norges Forskningsråd (NFR) har som mål å beskrive endringane i skredfrekvens ut frå sannsynlege klimascenario og i tillegg dei sosioøkonomiske følgjene av dette. Dette arbeidet skal ferdigstilla i løpet av 2009.

### Behovet for betre og meir systematisk oversikt over utsette område i høve avrenning, dreneringssystem og lokale bekkar/vassvegar.

#### Nedbørsflommer i små vassdrag og urban flom.

Vassdragsloven gjelder også for nedbørsflommer i små vassdrag og urban flom, så NVEs ansvar er i prinsippet det samme her som for større vassdrag. I disse sakene er imidlertid lokal kunnskap og oversikt en så avgjørende faktor at det bør settes ekstra krefter inn på å gjøre kommunene i stand til å peke ut og håndtere problemområder. Plan- og bygningsloven og forurensningsloven gir kommunene et generelt ansvar, men dette blir i begrenset grad fulgt opp. Ny kunnskap om farene for mer ekstremnedbør i framtida skjerper kommunens ansvar ved planlegging nær små vassdrag og ved dimensjonering av systemer for håndtering av overflatevann. (Rapport 4/2008 Naturskade i kommunene, Vestlandsforsking)

Temaet har varierande fokus i kommunane. Tiltak som vert utførte er gjerne basert på erfaringar frå tidlegare skadesituasjonar.

#### Krav om byggjehøgde på grunn av havnivåauke og vurdering restriksjonar for flaumutsette område

Sjå elles kapittel 5.3 om havnivåauke.

Havstigning har generelt sett fram til i dag ikkje vore noko tema i samfunnsplanlegginga. Florø er unnataket i denne samanhengen. Dei har fastsett ei minste byggjehøgde i kommunedelplanen for FloraLandet.

NVE har for dei største tettstadane/vassdraga utarbeidd flaumsonekart. Desse byggjer på innhenta historiske data og tek ikkje omsyn til verknadane endra klima kan få på flaumhøgder og havnivå. Ein del stader kan følgjeleg verte meir utsette for flaum enn det ein kan lese ut av flaumsonekarta.

### Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Betre og meir systematisk oversikt over utsette område i høve avrenning, dreneringssystem og lokale bekkar/vassdrag.	Kommunane i samarbeid med mellom anna NVE	Arealplanlegging	Kontinuerleg og ved rullering
Krav om byggjehøgde på grunn av flaumutsette område.	Fylkeskommunen og kommunane	Arealplanlegging	Ved rullering
Innarbeide konsekvensar for infrastrukturen som ein del av ROS-analysen lokalt og på fylkesnivået.	Kommunane og Fylkesmannen	Arealplanlegging og Fylkes-ROSen	Ved rullering
Etablere rutinar for fortløpende registrering av relevante hendingar.	Kommunane og Fylkesmannen		Kontinuerleg

## 5.8 Bygningar

### Delmål bygningar

- Gjere regional og lokal byggjeskikk klimarobust.
- Sikre viktige bygg og bygningsmiljø i høve endra klimabelastning.
- Unngå bygningar og busetjing i utsette område i fylket.

### Hovudstrategiar

- Auka bevisstgjering om endra risiko for skade på og endra metodar for å førebyggje/tilpassa bygningar til klimaendringar.
- Styrka rettleiing regionalt og lokalt.
- Styrka offentleg byggesaksforvaltning.

### Korleis er stoda i dag?

#### Kartlegging av lokalklimatiske tilhøve

Bygningar og infrastruktur kan påførast skade som følgje av nedbør, vind, skred og flaum. Ein auke i klimabelastninga vil krevje teknisk tilpassing av bygningsmassen og/eller omgjevnadane. Eksisterande bygg som ikkje vil tåle klimaendringar bør difor utbetrastr teknisk og/eller gjevast betre skjerming. Utfordringa er at det er store variasjonar i fylket i type belastning. Same standard og krav til bygga kan såleis ikkje nyttast over alt.

For at bygningar skal kunne byggjast med detaljar tilpassa klimasoner/klimautfordringar, har Sintef-byggforsk tilrådd at kommunane bør lage kommunale klimasonekart. Alternativet er å ta med klimasoner og lokal påkjennung i reguleringsplanane.

Klimaendring fører også til endra skredrisiko. Endringar i temperaturar, vindretning, nedbørsmengde og tidspunkt for nedbør kan gje endra vilkår for indirekte og direkte skadepotensiale. Tidlegare utarbeidde skredfaresonekart må oppdaterast i høve forventa endringar i skredaktiviteten.

#### Behovet for betre klimatilpassa bygging og fornya stad- og klimatilpassa arkitektur

Innafor fylket finn vi døme på byggjeskikk som er tilpassa dei ulike værsituasjonane, men det er også mange døme på det motsette. Aukande vind og nedbør vil gje meir slagregn og auka råtefare på bygg. I tillegg til slagregn vil vinden for høgreliggjande bygg også kunne føre til snøinntrenging i konstruksjonen. Bygg som er därleg tilpassa vil få auka råtefare i perioden fram til 2050/2100.

Sintef-byggforsk tilrår at det vert utarbeidd ulike byggdetaljar som er tilpassa aktuelle klimasoner/klimautfordringar.

Det er fokus på bevaring og vidareutvikling av lokal byggjeskikk. Men det er mindre fokus på korleis det lokale klimaet har påverka utforming og materialbruk opp gjennom tida.

#### Aktiv forvaltning av historisk byggeskikk og miljø

Klimaendringa kan auke skadane på store delar av den historiske bygningsmassen i fylket.

Kulturavdelinga jobbar aktivt med forvaltning og rådgjeving i høve freda og verneverdige bygg. Vi må også vurdere om klimaendringar vil påverke viktige kulturminne.

## Tiltak

Tiltak	Ansvarleg	Organisering	Når
Kartlegge lokalklimatiske tilhøve: <ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikle nødvendig kunnskap om lokalklimatiske tilhøve i kommunane og blant konsulentar/ arkitektar/ byggjefirma. Dette som grunnlag for arealplanlegging og byggjesaker.</li> <li>Vurdere skredfare for bygningar/bygningsmiljø og setje i verk sikringstiltak.</li> </ul>		Sjå kap. 5.1 Klimaendringar og regionale ulikskapar	
Sikre betre klimatilpassa bygging og fornya stad- og klimatilpassa arkitektur: <ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere/systematisere kunnskap i høve til kva bygg og bygningsmiljø som er mest og minst sårbare.</li> </ul>	1. Fylkeskommunen  2. Kommunane	1. Utarbeide eksempel- og rettleiingshefte som skisserer aktuelle tiltak.  2. Oppfølging i planverket og byggjesaker	Innan 2011  Kontinuerleg
Utarbeide samla forvaltningsplan for historisk byggeskikk og bygningsmiljø.	Fylkeskommunen initierer	Eige prosjekt	Oppstart 2010

## 5.9 Vasskraftproduksjon

### Delmål vasskraftproduksjon

Tilpasser forvaltninga av vasskraftressursane i fylket konsekvensane av klimaendringane.

#### Hovudstrategiar

- Sikre og utvikle vasskraftproduksjonen i fylket i forhold til endra klima.

#### Korleis er stoda i dag?

##### Verknader av klimaendringar for vasskraftproduksjonen

Klimaendringar vil føre til endra forhold i mange vassdrag, mellom anna på grunn av endringar i snømagasina. Fleire periodar med mildt ver om vinteren og ein generell auke i nedbør gir større vassføring om vinteren. Om våren vil vassføringa bli redusert i låglandet på grunn av lite snødekkje, mens den vil auke i høgreliggande område som følgje av tidlegare snøsmelting. Vassføringa kan bli mindre om sommaren på grunn av mindre nedbør og større fordamping, mens vassføringa kan auke om hausten på grunn av auka nedbør.

I ein rapport for Statnett SF konkluderer forskar Asgeir Sorteberg ved Bjerknessenteret med at nedbören i landet har auka med 18 prosent dei siste hundre åra.

For kraftbransjen innebærer dette et stort potensial til å øke produksjonen, samtidig som mildere vintrar fører til redusert energibehov for oppvarming, seier Sorteberg.

Det er venta at Vestlandet vil få den største absolutte auken i nedbør framover. Austlandet vil få den største prosentvise auken, medan Nord-Noreg vil bli mindre påverka av endringane. Vi vil få den største nedbørsauken om hausten og på vinterstid. Om sommaren vil vi få ein reduksjon i Sør-Noreg, særleg på Austlandet.

Forskarane er ganske sikre på endringar i temperatur, men er meir usikre på nedbørsutviklinga. Nedbørsendringa frå 1965 og fram til i dag er langt høgre enn i klimamodellane. Vidare er det store sprik i de ulike modellane. I verste fall kan vi få 35 % meir regn i løpet av dette århundret, men mest trulig vil auken ligge på rundt 10-15 %.

#### Skilnader i tilsig for kraftverk med og utan brefelt.

Brear er følsame for klimaendringar og er av FN sitt klimapanel sett på som nøkkelindikator for globale og regionale klimaendringar. Klimaendringane vil kunne få store konsekvensar for norske brear.

Norske isbrear dekker knapt 1% av landarealet. I Noreg kjem 98% av elektrisiteten frå vasskraft og 15 % av vassføringa kjem frå vassdrag med brear. Minkande brear vil difor kunne føre til store endringar i tilsiget frå norsk høgfjell.

Om ein bre minkar eller aukar er avhengig av kor mykje snø som kjem om vinteren og kor mykje som smeltar om sommaren. Sidan 2001 har breane våre minka vesentleg i både volum og utstrekning som følgje av lite vinternedbør og varme somrar. Dette er også utviklinga i resten av verda der ein også ser ein tilbakegang dei siste 10-åra. Masseauken til norske maritime brear før årtusenskiftet var difor ganske unik i verdssamanheng. No er utviklinga meir i tråd med resten av verda.

Brear med liten høgdeskilnad frå lågaste til høgste punktet som til dømes Ålfotbreen her i fylket, kan forsvinne raskt. Brear med større høgdeskilnad kan derimot stå imot effektane av klimaendringar. Samtidig vert det spådd meir nedbør ved dei kystnære breane i lag med den globale oppvarminga. Slik sett kan brear ved kysten faktisk klare seg betre enn brear i innlandet.

For mellom anna Sogn og Fjordane Energi AS er bretilsiget om sommaren svært viktig for produksjonen. Ved varme somrar er det som regel lite nedbør. Dette fører ofte til at vassbalansen i Noreg/Norden blir dårligare og straumprisen stig. Kraftverk med bretilsig får då eit relativt større tilsig enn kraftverk utan bre. Dette fører til at ein kan produsere meir til høgare pris.

I samband med klimaplanarbeidet har SFE AS studert tilsig til kraftverk med og utan bretilsig for eventuelt å kunne påvise effektar av klimaendringar. SFE har to store kraftverk med bre i nedbørsfeltet : Åskåra, Bremanger ved Ålfotbreen og Mel, Balestrand ved Jostedalsbreen. Skogheim kraftverk, Hyen i Gloppen har lite eller uvesentleg brefelt. Registreringar over ein periode på 15 år viser at tilsiget har hatt ein stigande tendens ved dei kraftstasjonane som har bretilsig (Åskåra og Mel), mens det i Skogheim (som ikkje har bretilsig) har vore ein negativ tendens i registrert tilsig.

Desse registreringane dekker ein for liten periode til at ein kan trekke bastante konklusjonar. Dei gir likevel grunnlag for å forvente at kraftverk med bretilsig vil få ei jamnare fordeling av tilsig på lang sikt. Når det er tørt, vil det også vere varmt og breane vil smelte.

Når det gjeld tilgang på vatn, er det vanskeleg å seie noko om konsekvensar for kraftprodusentane i framtida. Men klimaendringane kan føre til endringar i køyremønster for kraftverka. Sommarsesongen vert forlenga i begge endar sidan vintersesongen blir kortare. Heile landet vil få mindre snø og kortare sesong med snødekk. I følgje klimamodellar som Bjerknessenteret i Bergen brukar vil det i område som er over 800 meter falle meir snø dei neste 50-100 åra, mens nedbøren i lægre område vil falle som regn. Dette får konsekvensar for mellom anna intensiteten i snøsmeltinga, noko som igjen vil bety utfordringar i både regulerte og uregulerte vassdrag.

Spørsmål som å auke inntaksvolumet til kraftstasjonen for å kunne ta unna store mengder nedbør på kort tid vil dukke opp. Eller skal det byggast større magasin for å kunne ta imot vatnet og for å hindre flaumar?

### **Konsekvensar av klimaendringar for kraftanlegg og regulerte vassdrag.**

I regulerte vassdrag vil flaumane generelt vere dempa, men for ekstremflaumane betyr dette mindre. Meir haust- og vinterflaumar vil føre til fare for flaum i oppfylte magasin og dermed større flaum i vassdrag som tidlegare hadde damping frå magasin.

Ansvar for tryggleiken til vassdragsanlegga ligg til den enkelte anleggseigaren. NVE stiller strenge krav til bygging og vedlikehald av anlegg med skadepotensiale. Det skjer ei kontinuerleg oppdatering av forskrifter og retningslinjer. Eldre anlegg som vart bygde etter andre krav, må stadig oppgraderast og forsterkast. Spesielt for større damanlegg betyr dette betydelege kostnader.

Det er rutinar for årlege tilsyn av anlegg med overvaking av lekkasje og deformasjonar. Det finst beredskapsplanar med forsterka overvaking i krisesituasjonar med eigne innsatsplanar for moglege scenario.

## Tiltak

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samle kunnskap om verknader av klimaendringar for vasskraftproduksjonen.</li> <li>• Kartlegge skilnader i tilsig for kraftverk med og utan brefelt.</li> <li>• Vurdere tryggleiksmessige konsekvensar for anlegg og samfunn.</li> </ul>	NVE og kraftselskapa	Eigen prosess	Oppstart 2009

## 5.10 Samfunnsendringar og klimatilpassing

Det er behov for å sjå klimatilpassing og sårbarheit i eit langsiktig samfunnsperspektiv. Samstundes er det behov for å utvikle metodar for denne typen samfunnsscenario.

## Tiltak

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Vurdere klimatilpassing og sårbarheit i Sogn og Fjordane i eit langsiktig samfunnsperspektiv.	Fylkeskommunen	Sjå skissert prosjekt innleiingsvis kap. 5 og kap. 5.1	Oppstart 2009

## 5.11 Reiselivet

Det blir her vist til eigen reiselivsplan for fylket som er under utarbeiding. Denne planen skal ta opp i seg følgjande føring frå planprogrammet for Fylkesdelplan for klima og miljø:

- Reiselivsplanen bør på generelt grunnlag kunne vurdere moglege konsekvensar for reiselivet som følgje av klimaendringar.
- Der vi i dag ikkje har tilstrekkeleg med kunnskap, skal ein likevel innanfor ulike tema i denne planen tydeleggjere kva konsekvensar klimaendringar og klimasårbarheit vil ha for reiselivet. Reiselivsplanen bør seinare kunne ta opp i seg desse elementa.

## **6. OPPFØLGING FYLKESDELPLAN FOR KLIMA OG ENERGI 2003**

### **Hovudstrategiar**

- Målretta oppfølging av relevante tiltak i Fylkesdelplan for klima og energi frå 2003
- Sogn og Fjordane har eit stort unytta potensiale for produksjon av fornybar energi basert på vasskraft, vindkraft, havvindmøller, fjordvarme og bioenergi. Fylket har som målsetting å vere leiande innan forsking og utvikling av vindkraft/havvindmøller og fjordvarme.
- Utnytte fylket sitt potensiale for vasskraftproduksjon.

Mål og strategiar for vind- og vasskraft vert definert i eigne planprosessar.

### **Korleis er stoda i dag?**

Gjeldande fylkesdelplan inneheld aktuelle og relevante mål, strategiar og tiltak som skal vidareførast. Så langt det gjeld tiltak for å redusere klimagassutslepp, er desse vurderte på nytt og er med i den føreliggande klima og miljøplanen under industri, transport, landbruk og offentleg sektor. Problemstillingar knytt til energiproduksjon basert på bioenergi og fjordvarme og energiøkonomisering er drøfta vidare i teksten nedanfor. Ny utsleppsfree energiproduksjon basert på småkraftverk og vindkraft vert handtert i eigne planprosessar.

#### **1. Vasskraft og vindkraft**

Mot slutten av 2007 vart det sett i gang sett arbeid med Fylkesdelplan med tema knytt til vasskraftutbygging og Fylkesdelplan for vindkraft. Fylkesutvalet vedtok planprogram 21.04.2008. Planforslag er tenkt lagt fram i juni 2009 med framlegging for fylkestinget i desember 2009.

Det er sett slikt mål for arbeidet med vasskraftplanen:

Målet med planarbeidet er å samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningsliner som sikrar at desse verdiene vert teke omsyn til, ved handsaming av utbyggingstiltak etter vassdragslovgjevinga og plan og bygningslova. Planarbeidet skal også på eit overordna nivå synleggjere dei positive verknadene av vasskraftutbygging. Aktuelle retningsliner skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vasskraftkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

Det er sett slike mål for arbeidet med vindkraftplanen:

#### Overordna mål:

- Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.

#### Operative mål:

- Kartlegge resursar og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylke. Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser.
- Samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningsliner som sikrar at desse verdiene vert teke tilfredsstillande omsyn til, ved handsaming av konsesjonssøknader. Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

## **2. Bioenergi og fjordvarme**

Sidan klima- og energiplanen frå 2003 vart vedteken, er det etablert eit fjernvarmeanlegg basert på biobrensel i Stryn. Vidare er det under planlegging eit anlegg i Vågsøy basert på avfall og eitt i Førde basert på biomasse frå skogen. Skogeigarlaget med fleire er i gang med eit fylkesdekkande bioenergiprojekt der det er gjeve noko offentleg støtte. Fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid er under stadig utvikling. Fjordvarmeselskapet har gitt og gir råd til andre kommunar. Selskapet har fått støtte frå fylkeskommunen sitt ENØK-fond.

Energiproduksjon basert på bioenergi og fjordvarme har det til felles at det er behov for å etablere infrastruktur for distribusjonen av vassboren varme. Etablering av eit slikt system i noko storleik er ein kritisk faktor for å kunne ta desse energiformene i bruk, og vil først og fremst vere rasjonelt i område der det er mange og helst fleire brukarar som har eller vil ta i bruk vassboren varme innomhus.

Planlegging av slike system fordrar mellom anna lokalkunnskap og kapital. Sentrale aktørar i ein slik samanheng vil vere kommunane og energiselskapa. Det er forventningar om at kommunane skal integrere energi-, klima- og miljøspørsmål i si planlegging. I Sogn og Fjordane er det mange små kommunar og det kan gjere det ekstra krevjande å utvikle denne type planverk. I kapittel 7 blir det peikt på ulike samarbeidsløysingar; mellom anna med omsyn til kunnskapsoppbygging og overføring av beste praksis.

## **3. Eventuell vidareføring av ENØK-fondet**

Det fylkeskommunale ENØK-fondet har vore operativt sidan hausten 2003. Det er årlege tildelingsrundar med søknadsfrist 1. april. Det er høve til å dele ut inntil to millionar kroner kvart år. Til og med tildelinga for 2008 er det brukt om lag 6,7 millionar kroner av fondet. Det er såleis 3,3 millionar i restmidlar. Det aller meste av støtta har gått til konkrete tiltak i kommunal bygningsmasse.

Etter vedtekten er det med unntak av det som gjeld halldningsskapande arbeid, berre kommunane i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen som kan søke om midlar frå fondet. Denne avgrensinga vart gjort ut frå den tanken at 10 millionar kroner (som var den opphavlege storleiken på fondet) var ein relativt avgrensa sum om det skulle opnast for søknader frå svært mange. Det vart også tenkt på at det i liten grad var alternative finansieringskjelder for kommunane i slike saker.

Søknadsprosessen er gjort sjablongmessig for å unngå å måtte bruke mykje av midlane til å leige spesialkompetanse. Etter kvart er krava til gjennomført enøkanalyse stramma inn. På den måten får ein stadig betre grunnlag for å prioritere søknader i høve effekten av tiltaka.

Dei fleste kommunane i fylket har både søkt om og fått tildelt midlar frå fondet. Fondet har vore populært og det har normalt vore søkt om vesentleg meir enn den maksimale årlege tildelinga.

ENØK-fondet synest å fylle eit tomrom. Bygningsmassen som kommunane søker i forhold til er i svært mange tilfelle mindre enn kva det har vore aktuelt å få støtte til gjennom statlege ordningar forvalta av Enova. Konklusjonen kan endre seg ut frå endringar i nasjonale støtteordningar, men pr 2008 synest fondet å ha ein funksjon, både med omsyn til konkrete investeringar, men også som spore til å halde enøk høgt på dagsorden.

Med 3,3 millionar kroner i restmidlar er det lite truleg at fondet vil vare meir enn ut 2010. Det vil ha lite føre seg å endre retningslinene i forhold til denne summen og dette tidsperspektivet.

Dersom fondet skal vidareførast og det vert tilført nye fondsmidlar, vil spørsmålet derimot få ny relevans.

Hovudspørsmålet som ein må finne svar på, er om målgruppa skal utvidast. Det vil også vere naturleg å gå gjennom historikken til fondet og halde denne opp mot erfaringar frå liknande ordningar for å sjå om ein kan få endå betre utbytte av midlane. Likevel utan å gjere ordninga så rigid at den tek vekk interessa for å søkje.

## Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
<p>Følgje opp relevante tiltak frå Fylkesdelplan for klima og energi 2003, mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innslaget av vassboren varmedistribusjon og bruken av alternative energiformer som bioenergi og fjordvarme skal aukast.</li> <li>• Utnytte kompetansen som er i fylket på fjordvarme.</li> <li>• Stimulere til gjennomføring av energi- og klimaeffektive tiltak</li> <li>• Energi-, klima- og miljøspørsmål skal integrererast i offentleg planlegging. Fylkeskommunen skal mellom anna bidra til kunnskapsinnhenting og overføring av beste praksis.</li> <li>• System for vassboren varmedistribusjon skal utgreiast ved større nybygging/rehabilitering.</li> <li>• FOU-prosjekt for utvikling av ny teknologi og fagmiljø for etablering av havvindmøller.</li> <li>• Arbeide aktivt for nasjonale støtteordningar for produksjon av fornybar energi.</li> </ul>	Fylkeskommunen	Oppfølging mål, hovudstrategiar og aktuelle tiltak i Fylkesdelplan for klima og miljø og andre relevante prosessar	Kontinuerleg

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere positiv til søknader om utbygging av vasskraftproduksjon.</li> <li>• Legge til rette for etablering av solcelleproduksjon.</li> <li>• Legge til rette for studieretningar innan fornybar energi.</li> </ul>	Fylkeskommunen	Oppfølging mål, hovudstrategiar og aktuelle tiltak i Fylkesdelplan for klima og miljø og andre relevante prosessar	Kontinuerleg
Vidareføre ENØK-fondet	Fylkeskommunen	Setje av 10 mill kroner for perioden 2010-2014	2010
Vurdere ENØK-fond for ikkje offentlege instansar og private	Fylkeskommunen		Avklarast i 2010

## **7. KOMMUNAL VERKSEMD OG PLANLEGGING**

### **Delmål kommunal verksemd og planlegging**

- |                                                                                        |
|----------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. Setje fylket og kommunane i Sogn og Fjordane i stand til å møte klimautfordringane. |
| 2. Alle kommunane i fylket har utarbeidd klimaplanar innan 31.12.10.                   |

### **Hovudstrategiar**

- Fylkesnivået, kommunane og regionane skal setje i verk både direkte - og førebyggjande tiltak for utsleppsreduksjon og klimatilpassing.
- Styrke institusjonane sin kapasitet til å møte klimautfordringane både på fylkesnivået og i kommunane, herunder vurdere korleis ein i offentleg sektor organiserer seg i høve klimautfordringane.
- Sikre regional og lokal kunnskapsutvikling og formidling/rettleiing om klimaendringar, utsleppsreduksjon og klimatilpassing.

### **Korleis er stoda i dag?**

Mange kommunar er alt i gang med å utarbeide kommunale klimaplanar. Dei fleste av desse nyttar seg av Enova sitt støtteprogram og opplegg for kommunane. Innretninga på Enova sitt opplegg er noko smalare enn det vi legg opp til i denne fylkesdelplanen. Fokuset er mykje på energieffektivitet/-omlegging og reduksjon utslepp av klimagassar gjennom endring av produksjon. Fylkesdelplanen derimot har ei breiare tilnærming med fokus også på utslepp som følge av forbruk og ikkje minst tilpassing til klimaendringar.

Flora kommune er både nasjonalt og internasjonal ein pilotkommune i høve klimatilpassing. Også andre kommunar som til dømes Lærdal forheld seg aktivt til klimautfordringane.

Miljøverndepartementet og KS har inngått ein samarbeidsavtale om programmet ”Livskraftige kommuner” (2006-2010) – kommunenettverk for miljø og samfunnsutvikling. Som ein del av dette programmet er det i Sogn og Fjordane etablert eit klimanettverk. I ”Klimanettverk Sogn og Fjordane” deltek kommunane Bremanger, Førde, Eid, Gloppen, Jølster og Sogndal. Nettverket skal først og fremst arbeide med desse tema: Arbeid med klimaplanar og involvering, klimatilpassing og alternative energikjelder.

Kommunane har på dette området store utfordringar i høve kapasitet, kompetanse, kunnskapsformidling og kunnskapsutvikling om lokale verknader av klimaendringar.

Det er etablert eit samarbeid mellom KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen i høve dette satsingsområdet i fylkesdelplanen. Dette mellom anna for at kommunane skulle få reell påverknad i planprosessen. Samarbeidet har mellom anna resultert i ei tilråding frå ei nedsett arbeidsgruppe som har sett på korleis dette samarbeidet kan organiserast.

Aktuelle område for oppfølging nedanfor byggjer på denne tilrådinga:

#### **1. Oppfølging av sjølv fylkesdelplanen i kommunane**

Kommunane bør få same innretning/mål for sine planar som fylkeskommunen. Det vil seie at dei bør ta opp i seg både klimagassutslepp (både i høve produksjon og forbruk) og klimatilpassing (klimasårbarheit i høve både at klimaet og samfunnet endrar seg).

Det bør difor utarbeidast ei sjekkliste for oppfølging i kommunane.

## **2. Korleis kan vi saman utvikle den institusjonelle kapasiteten i kommunane/regionalt?**

Dette vil vere eit viktig satsingsområde som ein ikkje kan forvente at kommunane skal kunne handtere kvar for seg. Området bør prioriterast då dette er avgjerande for korleis klimaarbeidet blir følgt opp både lokalt og regionalt.

Fleire tiltak må vurderast. Vi vil i denne omgangen peike på at det må utarbeidast ein samla plan for kompetanseutvikling, samt at det etablerte ”klimanettverket” må få auka status og styrkast som arena for felles læring og erfaringsutveksling.

- a) Etablering av eigen plan for kompetanseutvikling og andre tiltak på dette området må komme som tiltak i fylkesdelplanen.
- b) Korleis kommunane/fylkesnivået organiserer seg i høve klimautfordringane blir for det første ei intern utfordring som dei respektive kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen må handtere kvar for seg i eigen organisasjon. Men det blir også ei utfordring å finne ut av korleis vi organiserer og løyser oppgåver som best let seg løyse på det regionale nivået.

## **3. Kartlegge ver�emiddel og ansvarsforhold**

Dette gjeld både i forhold til klimagassutslepp og klimatilpassing.

Ei eiga arbeidsgruppe bør sjå på dette og arbeidet bør setjast i gang så fort som mogleg uavhengig av andre prosessar.

## **4. Behovet for lokal/regional kunnskapsutvikling om klimaendringar og klimatilpassing**

Vi foreslår ein ”analysedugnad” som involverer KS, kommunane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, aktuelle fagmiljø og andre relevante aktørar.

Det er gjort nærmare greie for dette innleigingsvis i kapittel 5 under ”Konkretisering og avgrensing”. Både i dette arbeidet og elles bør ein kunne nytte kommunar som alt har gjort noko på området som referanse-/ressurskommunar – til dømes Flora og Lærdal.

Det er på gang eit EU-prosjekt – ClimAtic – som det vil vere naturleg å kople seg på i denne samanhengen. To av dei skisserte arbeidspakkane i dette prosjektet dreier seg om desse problemstillingane.

## **5. Behovet for rettleiing og informasjon/formidling og korleis sikre lokal forankring hjå politikarar, kommuneadministrasjonen og folk flest**

Informasjonsbehovet er stort på alle nivå – blant politikarar, administrativt og blant folk flest. Det blir diskutert om det bør opprettast eit nasjonalt kunnskaps- og formidlingssenter for klima og klimatilpassing. I alle høve bør vi regionalt bli samde om og få på plass ein informasjonsstrategi. Ikkje minst vil dette vere viktig for å sikre den lokale forankringa.

Også behovet for rettleiing i kommunane er stort. Det kan organiserast regionalt, men det må likevel vurderast om ikkje dette bør organiserast på fylkesnivået. Fylkeskommunen og fylkesmannen må bygge opp nødvendig kompetanse for å kunne rettleie kommunane.

## **6. Vidare organisering av samarbeidet mellom KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen**

Dette etablerte samarbeidet må vidareførast utover denne planprosessen og samstundes styrkast og formaliserast.

## Tiltak:

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Når
Samarbeid om oppfølging av fylkesdelplanen.	KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen	Etablere ei fast styringsgruppe med medlemar frå KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Fylkeskommunen er sekretær for gruppa.	2009
Utarbeide klimaplanar i alle kommunane med konkrete tiltak for reduksjon av klimagassar og klimatilpassing.	KS	Vedtak om ei slik målsetting på KS sitt fylkesmøte 2009	Innan 31.12.2010
Sikre oppfølging av fylkesdelplanen i kommunane.	Styringsgruppa	Årleg rapportering og gjennom arbeidet i styringsgruppa	Kontinuerleg
Regional og lokal kompetanseutvikling (Fylkesmannen har alt starta arbeidet med å førebu dette).	Fylkesmannen	Utarbeide eige opplegg for kompetanseutvikling basert på nasjonalt- og lokalt utvikla tiltak	2009 med kontinuerleg oppfølging
Kartlegge verkemiddel og ansvarsforhold.	Fylkeskommunen	Etablere eiga arbeidsgruppe som skal jobbe over fleire år. Første oppdrag blir å gå igjennom og kartlegge konsekvensane av den nye plan- og bygningslova for klimaarbeidet.	Etablering 2009
Vurdere eiga organisering i høve klimautfordringane.	Offentleg sektor – m.a. kommunane, Fylkesmannen og fylkeskommunen.	Dei ulike instansane innan offentleg sektor må vurdere om dei reint organisatorisk er robuste nok til å møte klimautfordringane.	Kontinuerleg
Lokal og regional kunnskapsutvikling om klimaendringar og klimatilpassing.	Fylkeskommunen	Analysedugnad, jf. innleiing kap.5- ”Avgrensing og konkretisering” og kap. 5.1	Oppstart 2009
Vurdere behovet for nettverksbygging, rettleiing, informasjon, formidling, lokal forankring.	Styringsgruppa	Må arbeidast vidare med	Innan 2011

## **8. KRAV TIL STATEN - nasjonale rammer og føringer**

Fylkeskommunen har eit sentralt ansvar for å målbere krav til staten.

### **8.1 Reduksjon av klimagassutslepp**

#### **Generelt**

- Få tydleggjort ansvar og plikter for regionale og lokale styresmakter i høve reduksjon av klimagassutslepp
- Auka kunnskapsgrunnlaget for korleis redusere klimagassutslepp. Engasjere sentrale og regionale fagmiljø i dette arbeidet.
- Det er eit hovudmål å redusere bruken av fossile brennstoff. Det må difor satsast tungt på å utvikle alternative energikjelder.
- Tilrettelegge for bruk av naturgass i Norge.
- Betre avskrivingsatsar for energi- og miljøtiltak i nybygg.
- Satse på langsiktige FOU-prosjekt som gir miljøgevinst.

#### **Industri**

- Arbeide for at den kraftkrevjande industrien i fylket får rammevilkår som gjer at den kan vidareutviklast på mest mogleg berekraftig måte.

#### **Transport**

- Statlege samferdsleløyvingar må bli slik at vegstandarden i Sogn og Fjordane kan betrast monaleg.
- Rammevilkåra til samferdsla må bli slik at ein får kollektivtilbod som konkurrerer på frekvens, betre komfort, kortare reisetid og prisar.
- Få til ei rask realisering av Stadt skipstunnel, noko som vil medverke direkte på målet om overføring av gods frå land til sjø.
- Den nasjonale klimapolitikken må få meir sikker kunnskap om biodrivstoff som effektivt klimatiltak.
- Utbeta infrastruktur for å oppnå miljøgevinst med køyring/transport.
- Avgiftslette for å oppnå raskare fornying av bilparken.
- Redusere avgifter på hybridbilar og liknande.
- Vrakpanten vert auka vesentleg.
- Skatte/avgiftslette som stimulerer til bruk av alternativt drivstoff.

#### **Forbruk**

- Ta opp overfor nasjonale styresmakter at klimagassutslepp som kan knytast til nordmenn sitt private forbruk må inn som ein naturleg del av den nasjonale klimapolitikken.

## **8.2 Tilpassing til klimaendringar**

### **Generelt**

- Utvikle ein nasjonal strategi for tilpassing til klimaendringane og få tydlegjort regionale og lokale styresmakter sine plikter og ansvar.
- Ta initiativ overfor regionale og nasjonale fagmiljø for auka kunnskapsproduksjon på område der det er behov for dette.
- Avklare om det bør kome nasjonale føringar og krav om byggjehögde ved havnivåauke.
- Den tidlegare ordninga med øyremerka statlege midlar til kommunale miljøkonsulentar bør vurderast innført på nytt.
- Gjennomføre nasjonale konsekvensutgreiingar av forventa klimaendringar.

## 9. AKTUELLE TILTAK – budsjettmessige konsekvensar

Dette er tiltak med behov for konkrete løyingar i perioden 2010-2015. Lista er ikkje uttømmande og kan supplerast i den politiske behandlinga og ved den årlege rulleringa av handlingsprogrammet.

I 2009 er det sett av 1,5 mill kroner til klimaarbeidet. Utgiftene som er stipulerte for dette året ligg innanfor denne ramma.

**Tal i 1000 kr.**

<b>TILTAK</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Prosjekt indikator-system jf. kap. 3 <sup>1)</sup>	200	750	750				
Analysedugnad jf. kap. 5 <sup>2)</sup>	100	400	500	250	250	250	250
Miljøsertifisering Bedrifter <sup>3)</sup>		500	500	500	500	500	
Utviklingsprosjekt landbruk <sup>4)</sup>							
Utvikle metode for kartlegging av reelle utslepp for den fylkeskommunale verksemda og utvikle system for retningsanalyse med klimaindikatorar <sup>5)</sup>		50	50				
Miljøsertifisering av den fylkeskommunale verksemda <sup>6)</sup>	20	80	80	80	60		
Bestille meir detaljerte og nye Klimamodellar for fylket		500	500				
Aktuelle tiltak landskap, biologisk mangfold og leveområde <sup>7)</sup>		500					
Kunnskapsutvikling tilpassing klimaendringar landbruk <sup>8)</sup>			250				
Kartleggingsarbeid konsekvensar klimaendringar fiskeri og fiskeoppdrett <sup>9)</sup>			250				
Vidareføring ENØK-fondet		2000	2000	2000	2000	2000	
Kommunesamarbeidet; jf. kap. 7 <sup>10)</sup>		100	100	100	100	100	100
Regional og lokal kompetanseutvikling <sup>11)</sup>		150	150	150	150		
Kjøp av tenester utarbeiding klimarekneskap 2015							150
<b>Sum</b>	<b>320</b>	<b>5030</b>	<b>5130</b>	<b>3080</b>	<b>3060</b>	<b>2850</b>	<b>500</b>

**Fotnotar:**

- 1) Forprosjekt 2009. Kjøp av tenester 2010-2011.
- 2) Kjøp av tenester m.v. – mest i 2010-11 for å byggje opp systemet.
- 3) Tilskotsordninga blir oppretta for å stimulere til at små og mellomstore bedrifter blir miljøsertifisert. Kan søkje om refusjon for inntil 50 % - maksimalt kr. 20 000. Kriteria må utarbeidast i samarbeid med partane i næringslivet.
- 4) Bør vurderast ved revisjon av BU-strategien for 2010. Dette er midlar som fylkeskommunen ikkje rår over.
- 5) Kjøp av ekstern bistand.
- 6) Tilskot for å dekke kostnader – maks. 20 000 pr. institusjon. Inkluderer Fylkeshuset (2009) og 15 vidaregåande skular. Legg her opp til eit løp der desse er miljøsertifiserte innan 2013. Miljøsertifisering andre (tannklinikkane) må vurderast nærmare. Fylkeskommunen som organisasjon skal likevel vere miljøsertifisert innan 2014.
- 7) Tilskot til Fylkesmannen for å kunne setje i verk aktuelle tiltak – kunnskapsutvikling.
- 8) Tilskot Fylkesmannen si landbruksavdeling.
- 9) Disponerast av fylkeskommunen i samarbeid med aktørane. Overførbare midlar.
- 10) Skal disponerast til kompetanseutviklingstiltak, arbeidsgruppe som skal kartlegge verkemiddel og ansvarsforhold m.v..
- 11) Tilskot som blir disponert av Fylkesmannen som ansvarleg for gjennomføring av kompetanseutviklingstiltak. 4-årig satsing. Ny vurdering om ev. vidareføring i 2013.

# VEDLEGG nr. 1

## Nasjonale hjelpemiddel til bruk i kommunalt klimaarbeid

Dette er ein oversikt over norske lover, forskrifter og rettleiingsmateriell som har relevans til det kommunale klimaarbeidet – forstått både som arbeid med utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. Lista er ikkje uttømmande.

### Utsleppsreduksjonar

#### Lovverk

Ny [planlov](#) (jf også omtale under) slår fast at kommunar og fylke skal ta klimaomsyn i planlegginga si og at dei skal utgreie planar som reduserer energibruk og transportbehov.<sup>1</sup>

[Miljøverndepartementet](#) skriv dette på nettsidene sine om korleis plandelen av plan- og bygningsloven kan bli ein meir effektiv reiskap for det kommunale energi- og klimaarbeidet<sup>2</sup>:

- Kommunen kan i en generell planbestemmelse stille krav om at nye utbyggingsområder skal tilrettelegges for vannbåren varme (ny).
- De områdene som omfattes av denne bestemmelsen kan vises som hensynssone på plankartet (denne bestemmelsen er ny)
- Kommunen kan fastsette krav om tilrettelegging for vannbåren varme i den enkelte reguleringsplan (ny som reguleringsbestemmelse)
- Kommunen kan fastsette en rekkefølgebestemmelse som gjør at et område ikke kan bygges ut før energiforsyningen er løst.
- Gjennom utbyggingsavtaler kan utbygger påta seg utbyggingen.
- Utbygging av vannbåren varme krever fortsatt konsesjon etter energiloven.
- Når det foreligger konsesjon for et område vil det være tilknytningsplikt.
- Plan- og bygningsloven gir ikke hjemmel til å bestemme hva slags energibærer som skal brukes.
- Kommunen kan gjennom lokale klima og energiplaner ha en policy for dette (jf. pkt. 4).
- Loven angir i en bestemmelse om oppgaver og hensyn i planleggingen at planer skal ta klimahensyn gjennom løsninger for energiforsyning og transport. Dette gjelder både for kommunale og regionale planer.
- Kommunale klima og energiplaner kan utarbeides som kommunedelplaner. Slike planer skal ha en handlingsdel som sier hvordan tiltakene i planen skal følges opp, enten av kommunen, andre offentlige myndigheter eller private. Kommunen kan inngå avtaler om oppfølging.
- Handlingsdelen av planen forutsettes revidert årlig. Dette kan skje i tilknytning til budsjettprosessen.

[Klimakovtloven](#) og [klimakovteforskriften](#)<sup>3</sup>

<sup>1</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/presesenter/pressemeldinger/2008/Ny-planlov-styrker-hensynet-til-miljo-og.html?id=500670> (pressemelding og framlegg til lovtekst)

<sup>2</sup> Henta frå [http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/planlegging\\_plan-\\_og\\_bygningsloven/vedlegg/Effektivt-redskap-for-klimaarbeidet.html?id=500749&epsLanguage=NO](http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/planlegging_plan-_og_bygningsloven/vedlegg/Effektivt-redskap-for-klimaarbeidet.html?id=500749&epsLanguage=NO)

<sup>3</sup> [http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/lover\\_regler/retningslinjer/2007/Veiviser-i-miljolovverket/Regelverk/Klimakovtloven.html?id=455489](http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/lover_regler/retningslinjer/2007/Veiviser-i-miljolovverket/Regelverk/Klimakovtloven.html?id=455489) (i utgangspunktet mindre relevant for kommunar)

Forskrift om [lokale energiutredninger](#)<sup>4</sup>

Retningsliner om fylkes- og kommuneplanlegging ([T-2/98B](#))<sup>5</sup>

[Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre](#)<sup>6</sup>

[Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg](#)<sup>7</sup>

[Teknisk forskrift \(TEK\) – nye energikrav](#)<sup>8</sup>

## Rettleiarar og støtteordningar

SFT sin [rettleiar](#) for kommunalt klimaarbeid<sup>9</sup>

ENOVA sin [rettleiar](#) for kommunal energi- og klimaplanlegging.<sup>10</sup>

ENOVA-nettside med [informasjon til kommunane](#)<sup>11</sup>

ENOVA har ulike støtteordningar – sjå eiga nettside for [søknad og rapportering](#)<sup>12</sup>

ENOVA: [Tilskotsordning](#)<sup>13</sup> og [brosjyrer](#)<sup>14</sup> for hushalda.

## Klimatilpassing

### Lovverk

[Plan- og bygningsloven](#)<sup>15</sup> av 1985 er den viktigaste reiskapen for kommunal klimatilpassing, forstått som fysisk tilpassing av bygningar og infrastruktur til klimaendringar. Ny plan- og bygningslov vil snart tre i kraft. Plandelen er vedtatt, medan bygningsdelen truleg blir behandla i Stortinget våren 2009. På grunn av forseinking med bygningsdelen, er det uklart om plandelen vil tre i kraft 1. juli 2009 slik planen var eller om heile lova vil tre i kraft på same tid, truleg 1. januar 2010.

<sup>4</sup> <http://www.lovdata.no/for/sf/xe-20021216-1607.html> (pålegg i høve nettselskap motivert m.a. ut frå omsynet å redusere klimagassutslepp)

<sup>5</sup> <http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/Rundskriv/1998/T-298-B-Fylkes-og-kommuneplanleggingen.html?id=108218> (m.a omtale av klimaarbeid i fylkeskommunar og kommunar)

<sup>6</sup> <http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/Lover-og-reglar/Retningsliner-og-juridiske-rettleiingar/2008/forskrift-om-rikspolitisk-bestemmelse-fo.html?id=519346> (motivert m.a. ut frå ønsket om å redusere klimagassutsleppa)

<sup>7</sup> <http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/Lover-og-reglar/Retningsliner-og-juridiske-rettleiingar/2007/retningslinjer-for-vindkraft.html?id=472954> (motivert m.a. ut frå ønsket om å redusere klimagassutsleppa)

<sup>8</sup> <http://www.be.no/beweb/info/energi.html>

<sup>9</sup> <http://sft.no/artikel/40817.aspx>

<sup>10</sup> <http://www.enova.no/publikasjonoversikt/publicationdetails.aspx?publicationID=259>

<sup>11</sup> <http://naring.enova.no/sitepageview.aspx?sitePageID=1136>

<sup>12</sup> <http://www.enova.no/soknad/>

<sup>13</sup> <http://minenergi.no/sitepageview.aspx?sitePageID=1013&overrideArticleID=213>

<sup>14</sup> <http://www.enova.no/publikasjonoversikt/publicationlist.aspx?keywordID=15>

<sup>15</sup> <http://www.lovdata.no/all/nl-19850614-077.html>

[Regjeringa](#)<sup>16</sup> si nettside om gjeldande plan- og bygningslov.

[Statens bygningstekniske etat](#)<sup>17</sup> si nettside om bygningsdelen av gjeldande plan- og bygningslov.

[Miljøverndepartementet](#)<sup>18</sup> om ny planlov.

[Naturskadeloven](#)<sup>19</sup> gir kommunane hovudansvaret for sikring mot naturskadar. Naturskadeloven er under revisjon. I april 2008 la Statens landbruksforvaltning fram ei [utgreiing](#) med sine tilrådingar til endringar av lova.<sup>20</sup>

## Retningsliner

NVE Retningsliner 1/2007: "[Planlegging og utbygging i fareområde langs vassdrag](#)"<sup>21</sup>. Sjå òg NVE sine [flaumsonekart](#).

## Forvaltningsorgan

Fra 1. januar 2009 har NVE ansvaret for statlege forvaltningsoppgåver når det gjeld førebygging av skred. Fakta-ark om [NVE sitt arbeid med skred](#)<sup>22</sup>

## Tilskot

Tilskot til sakkyndig kartlegging/utgreiing og sikring mot naturskade vert forvalta av NVE (tidlegare var det styret for Statens naturskadefond som gav slike tilskot).<sup>23</sup> Kommunen sender søknad om tilskot til sikringstiltak mot naturfarar til eit av dei fem [regionkontora til NVE](#)<sup>24</sup>.

## Kompetanseheving klima

### Informasjon

Miljøverndepartementet har fleire nettstader med informasjon om klima og mange lenker til andre nyttige nettsteder; m.a. [Miljøstatus Noreg](#)<sup>25</sup>, [Klimatilpassing Noreg](#)<sup>26</sup> og [Klimaløftet](#)<sup>27</sup>.

---

<sup>16</sup> [http://www.regjeringen.no/nb/dok/lover\\_regler/Lover/Plan--og-bygningsloven.html?id=173817](http://www.regjeringen.no/nb/dok/lover_regler/Lover/Plan--og-bygningsloven.html?id=173817)

<sup>17</sup> <http://www.be.no/beweb/regler/regeltop.html>

<sup>18</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/presesenter/pressemeldinger/2008/Ny-planlov-styrker-hensynet-til-miljo-og.html?id=500670>

<sup>19</sup> <http://www.lovdata.no/all/hl-19940325-007.html>

<sup>20</sup>

<http://www.slf.dep.no/iKnowBase/Content/8740/FERDIG%20UTREDNING%20NY%20NATURSKADELOV%20PDF%20070508.PDF>

<sup>21</sup> <http://www.nve.no/admin/FileArchive/612/Retningslinjer%2001-08.pdf>

<sup>22</sup> <http://www.nve.no/admin/FileArchive/620/3-08%20Skred%20L.pdf>

<sup>23</sup> [http://www.slf.dep.no/portal/page?\\_pageid=53,418236&\\_dad=portal&\\_schema=PORTAL&p\\_d\\_i=-121&p\\_d\\_c=&p\\_d\\_v=10071&p\\_d\\_i=-221&p\\_d\\_c=&p\\_d\\_v=10071](http://www.slf.dep.no/portal/page?_pageid=53,418236&_dad=portal&_schema=PORTAL&p_d_i=-121&p_d_c=&p_d_v=10071&p_d_i=-221&p_d_c=&p_d_v=10071)

<sup>24</sup> [http://www.nve.no/modules/module\\_109/publisher\\_view\\_product.asp?iEntityId=751#](http://www.nve.no/modules/module_109/publisher_view_product.asp?iEntityId=751#)

<sup>25</sup> [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

<sup>26</sup> [www.klimatilpasning.no](http://www.klimatilpasning.no)

<sup>27</sup> [www.klimaloftet.no](http://www.klimaloftet.no)

## Kommunenettverk

KS og Miljøverndepartementet har oppretta eit kommunenettverk – [Livskraftige kommuner](#) – for å styrke arbeidet m.a. for arbeid med klima.

## Kurs / etterutdanning

Nasjonalt utdanningssenter for samfunnssikkerheit og beredskap (NUSB) tilbyr kurs i m.a. ”klimatilpassing i samfunnsplanlegginga” og ”Risiko- og sårbarheitsanalyse – samfunnssikkerheit”. Sjå [kursoversikt](#).<sup>28</sup>

## Forskningsprosjekt om klimagassutslepp

Generelt om klima: prosjektoversyn for forskningsprogrammet [NORKLIMA](#)<sup>29</sup>.

Nokre særleg relevante prosjekt med omsyn til kommunar og klimaarbeid:

- [KS naturskade](#): kommunane og naturskade<sup>30</sup>
- [CIVILCLIM](#): sivil beredskap og klimatilpassing<sup>31</sup>
- [CLIM-ATIC](#): EU prosjekt om kommunal tilpassing<sup>32</sup>
- [NORADAPT](#): kommunal klimatilpassing<sup>33</sup>
- [PLAN](#): studie av faktisk lokal klimatilpassing i dag<sup>34</sup>
- [Tilpasning til ekstremvær i norske kommuner](#)<sup>35</sup>

---

<sup>28</sup>

[http://www.totalforsvaret.no/presentation\\_nusb/course\\_overview.asp?page=course\\_overview&Framework=nor](http://www.totalforsvaret.no/presentation_nusb/course_overview.asp?page=course_overview&Framework=nor)  
malt

<sup>29</sup> <http://www.forskningsradet.no/NORKLIMA>

<sup>30</sup> <http://www.ks.no/templates/Page.aspx?id=50532>

<sup>31</sup> <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=10&articleid=1819>

<sup>32</sup> [www.clim-atic.org](http://www.clim-atic.org)

<sup>33</sup> <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=10&articleid=1900>

<sup>34</sup> <http://www.iss.uio.no/forskning/prosjekter/plan/en/>

<sup>35</sup> [www.klimakommune.no](http://www.klimakommune.no)

## VEDLEGG nr. 2

### ORDLISTE

**Drivhuseffekten:** Oppvarming av atmosfæren på grunn av at drivhusgassar absorberer varmestråling. Energirike kortbølgja solstrålar trengjer gjennom atmosfæren og vert omdanna til langbølgja varmestrålar når dei treff jordoverflata eller skyer. Ein del varme som elles ville blitt reflektert ut i verdsrommet vert fanga i atmosfæren (og etterkvart i havet) på grunn av drivhuseffekten. Utan den naturlege drivhuseffekten ville gjennomsnittstemperaturen på jorda vore -18 grader i staden for +15 grader. Den menneskeskapte drivhuseffekten, særleg knytt til utslepp frå bruk av fossilt brensel, gjer at det globale klimasystemet vert skipla. Dette er årsaken til at utslepp av drivhusgassar kan føre til global oppvarming.

**Drivhusgassar** (klimagassar): Gassar som fører til drivhuseffekten ved at dei effektivt fangar opp varmestråling i atmosfæren. Dei viktigaste drivhusgassane menneska slepp ut er karbondioksid (ca.50%), metan (ca. 20%) og lystgass (N<sub>2</sub>O). Andre drivhusgassar er ozon og klorfluorkarbonar.

**Energiattest:** Energiattest for ein bygning. Inneheld energimerke, berekningar, tiltaksliste og annan dokumentasjon. Regjeringa føreslo i desember 2008 at alle bustader som skal omsettast og alle næringsbygg/offentlege bygg over 1000 m<sup>2</sup> skal ha energiattest.

**Energimerking:** EU-ordning som er påbode for kjøleskap, frysarar, vaskemaskiner, tørketromlar, el-ovnar og oppvaskmaskiner (pr. 31.juli 1999). Fleire produktgrupper blir vurderte fortløpande. Energimerkinga gir mellom anna opplysningar om kor stort energiforbruket er, nettovolum og støy. Straumforbruket vert synt på ein skala frå A til G, der A er kategorien for dei minst energikrevjande apparata. EU sitt energimerke gjeld også i Noreg.

**Energisertifikat:** EU-direktiv om energibruk i bygningar. Sette frå 2006 krav til energisertifikat for nye bygg og eldre bygg som vert omsett. Dette kravet blir implementert i norsk regelverk gjennom ordninga med energiattest.

**Fornybare ressursar:** Dette er ressursar som blir bygde opp att like fort som vi brukar dei. Energi frå sola, vasskraft og vindkraft er døme på slike. Skogen og torskestammen er døme på *betinga* fornybare ressursar. Desse er berre fornybare så lenge vi ikkje hentar ut meir enn det som blir gjendanna. Sjå òg ikkje-fonybare ressursar.

**Fossilt brensel:** Ikkje-fonybart brensel danna av restar frå plantar og dyr som har blitt lagra og omdanna i bergartar over lang tid. Døme på fossile brensel er naturgass, råolje, kol og oljeskifer. Bruk av fossile brensel fører til utslepp av drivhusgassar, særleg CO<sub>2</sub>.

**Føre-var-prinsippet:** Eit prinsipp om at når menneskeleg aktivitet (1) kan føre til tilstrekkeleg store negative konsekvensar som (2) også er vitskapleg sannsynlege, men usikre; skal tvilen kome menneske og miljø til gode. Prinsippet er nedfelt i ei rekke internasjonale miljøavtalar og skal også vere eit førande prinsipp i norsk miljøpolitikk.

**Grøn energi:** I Noreg blir dette omgrepet vanlegvis brukt om ny, fornybar energi: Det vil seie fornybar energi som ikkje er vasskraft. Dei viktigaste formene for grøn energi er då vindkraft og

bioenergi, men også energi frå småkraftverk (små vasskraftverk med installert effekt 1-10 MW) kan bli rekna med.

**Grøne (el)sertifikat:** Energipolitisk verkemiddel som skal fungere som finansieringsordning for utbygging av fornybar (grøn) energi. Sertifikata er verdipapir som stadfestar at ei viss mengd fornybar energi er produsert. Straumforbrukarane får pålegg om å kjøpe sertifikat (og dermed fornybar energi) som svarer til ein viss del av straumforbruket deira. Sverige innførte eit slikt system i 2003.

**Grøne skattar:** Skattar som vert lagt på åtferd eller produkt som belastar miljøet slik at desse relativt sett blir dyrare og dermed får svekka konkurranseskraft.

**Grønt Flagg:** Miljøsertifiseringsordning for barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular der desse skal delta i miljøarbeid og miljøopplæring. Skular som oppfyller visse krav blir løna med eit grønt flagg i skulegarden. Meir info: [FEE](#). Sjå også [Blått Flagg](#).

**Høgverdig energi:** Høgverdig energi kan brukast til alle føremål. Denne typen energi kan (i alle fall i teorien) omgjerast til elektrisitet. Høgverdig energi bør ikkje nyttast til oppvarming som kan skje ved hjelp av lågverdig energi (sjå dette).

**Industriell økologi:** Heilskapleg konsept for næringsutvikling der ein gjennom samlokalisering av verksemder og industrielt samarbeid arbeider for maksimal synergi og miljøeffektivitet. Industriell økologi fokuserer på å lukke krinsløp av materiale og energi. Viktige verkemiddel er m.a. [okodesign](#), [reinare produksjon](#) og [utvida produsentansvar](#).

**Ikkje-fornybare ressursar:** Ressursar som vi brukar i eit høgare tempo enn dei blir bygde opp att og som dermed kan bli tømde. Fossile brensel som kol, olje og gass er døme på ikkje-fornybare ressursar. Prosessane som skapar slike brensel går føre seg heile tida, men desse prosessane tar svært lang tid.

**IPCC (Intergovernmental Panel on Climate Change):** Internasjonalt forskingsbasert organ som studerer klimautviklinga og er nedsett av Verdas meteorologiorganisasjon (WMO) og FN sitt miljøprogram (UNEP). IPPC består av eit forskarpanel på fleire hundre forskrarar og arrangerer i tillegg fellesseminar for politikarar frå heile verda. Forskarane gjev ut statusrapportar på klimaområdet. Dei hevdar i den siste rapporten at det er meir enn 90 prosent sannsynleg at klimaendringane er påverka av menneskeleg aktivitet.

**ISO (International Organization for Standardization):** Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen; består av nasjonale standardiseringsorganisasjonar frå 117 land. [Standard Norge](#) representerer Noreg i ISO.

**ISO 14001:** Internasjonal standard for oppbygging av miljøstyring og miljørevisjon i verksemda.

**Karbonnøytral:** Det å oppnå netto nullutslepp av karbon ved at CO<sub>2</sub>-utslepp ein stad vert kompensert med tilsvarende karbonbinding eller utsleppsreduserande tiltak andre stader. Fordi andre klimagassar enn CO<sub>2</sub> ofte går inn i slike reknestykke, kan klimanøytral vere eit meir eigna uttrykk.

**Lågverdig energi:** Lågverdig energi kan berre brukast til oppvarming. Det ligg eit effektiviseringspotensiale i å nytte meir lågverdig energi til oppvarming for å spare på høgverdig energi.

**Miljøfyrtårn:** Norsk, offentleg miljøsertifiseringsordning retta mot verksemder i privat og offentleg sektor, særleg små og mellomstore bedrifter. Ordninga er frivillig og verksemder får miljøfyrtårnsertifisering ved å gå gjennom ein miljøanalyse og oppfylle definerte bransjekrav. Sjå også dei internasjonale [EMAS](#)- og [ISO14001](#)-ordningane.

**Miljøindikatorar:** Hjelpemiddel til å måle tilstanden til miljøet på ein forenkla måte. Indikatorane kan vere av ulike slag som til dømes økologiske (temperatur, CO<sub>2</sub>-konsentrasjon) eller økonomiske (kostnader knytte til miljøtiltak). Miljøindikatorar kan fortelje om påverknad frå menneskeleg aktivitet (energi, transport, industri), tilstand (naturressursar, luft, vatn, jord) eller reaksjon (som viser korleis samfunnet reagerer og handlar i samband med miljøendringar).

**Miljøinformasjonsloven:** Lov som gir rammene for innbyggjarane sin rett til informasjon om forhold som kan påverke miljøet som omgir oss. Lova set krav til både private og offentlege verksemder. Det er også lagt inn tilsvarende reglar om miljøinformasjon om produkt i [produktkontolloven](#).

**Miljømerke:** Positivt merke som er knytta til eit produkt (vare og/eller teneste) for å synleggjere at produktet skaper mindre miljøbelastning enn andre samanliknande produkt. Dei to offisielle miljømerka i Noreg er det nordiske [Svanemerket](#) og den europeiske Blomsten. NB! Ikkje alle grøne, tilsynelatande miljømerke seier noko om produktet si miljøbelastning (jf. t.d.. [det grøne punktet](#), som berre seier at produsenten er knytta til ei ordning for resirkulering av emballasje).

**Miljøpolitikk:** Den politikken som offentlege styresmakter eller private verksemder har for å redusere miljøproblema. Politikken kan vere formalisert i form av offentlege planar, eigne budsjettpostar og eigne utval (for offentlege styresmakter) eller miljøstyringssystem (sjå under) for private verksemder.

**Miljøpolitiske mål:** Mål for ei offentleg eller privat verksemde sin miljøpolitikk (sjå over). Slike mål kan gjelde til dømes miljøtilstand (t.d. øvre grense for kor surt eit vassdrag kan vere), miljøpåverknad (t.d. øvre grense for utslepp av miljøskadelege stoff) eller miljøinnsats (t.d. kor stort landareal som bør vere vernat).

**Miljøpolitiske verkemiddel:** Verkemiddel (sjå under) iverksett av offentlege styresmakter for å oppnå miljøpolitiske mål.

**Verkemiddel:** Samlenemning for [fiskale](#)-, [juridiske](#)- og [informasjonstiltak](#) som styresmakter nyttar for å oppnå gitte politiske mål:

- a) Fiskale (økonomiske) tiltak (som gjer det lønsamt å handle miljøriktig):
  - avgifter (t.d. på CO<sub>2</sub>, emballasje, energi, flystøy, avfall, vegbruk). Sjå [Grøne skattar](#),
  - subsidiar (t.d. tog, parkar, frivillige organisasjonar) og
  - pantesystem (t.d. bilar, drikkeemballasje, bilbatteri, bildekks, elektriske og elektronisk varer)
- b) Juridiske/administrative tiltak (dvs. lover, forskrifter eller avtalar som beskyttar menneske og miljøet), til dømes:
  - utsleppsløyve,
  - forbod mot bestemt åtferd, kjemikalar, produkt,
  - plikt til å informere om fare, vurdere alternativ, utgreie konsekvensar og

- frivillige avtalar med næringslivet om miljøtiltak.
- c) Informasjonstiltak:
- informasjonsmateriell om miljøutvikling,
  - utvikling av skulepensum og
  - kompetanseutvikling - nye metodar for auka miljøeffektivitet.

**Miljøprofil:** Den miljøstandarden som ei verksemd, eit produkt eller ei teneste blir oppfatta å ha av andre aktørar.

**Miljørappor:** Skriftleg eller nettbasert rapport utarbeidd av styresmakter eller private verksemder. Ein miljørappor kan ha ulikt innhald. Han kan omtale ei konkret og avgrensa hending eller situasjon – til dømes rapportere tilstanden i eit vassdrag – eller han kan gje eit samla bilet av ein kommune. Ein miljørappor kan omtale både miljøtilstand og miljøarbeidet. I siste tilfellet vil rapporten normalt ta utgangspunkt i verksemda sin miljøpolitikk (sjå over) og miljømål (sjå over) og gje ei omtale av miljøarbeidet til verksemda sett i høve til politikk og mål, eventuelt også vurdere effekten av arbeidet i høve til miljøet.

**EMAS - Eco-Management and Audit Scheme:** Ei frivillig ordning for miljøregistrering av verksemder innan EU. Gjennom EØS-avtalen kan også norske bedrifter delta i ordninga. Ei EMAS-godkjenning betyr at bedifta både overheld og går lenger i sitt miljøarbeid enn det som er lovfesta miljøkrav.

**Miljøredegjørelse:** [EMAS](#) sitt namn på miljørapporar som tilfredsstiller [EMAS](#)-krav.

**Miljørekneskap:** Kvantitativ oversikt over verksemda si belastning av og bidrag til miljøet. Miljørekneskapen inkluderer ofte også ein oversikt over verksemda si investering i tiltak for å redusere miljøbelastningen.

**Miljørevisjon:** Styringsverktøy som omfattar ei systematisk, dokumentert, regelmessig og mest mogeleg objektiv vurdering av korleis verksemda (privat eller offentleg) sikrar vern av miljøet i forhold til oppsette mål eller standardkrav. I offentleg verksemd (stat, fylke, kommune) vert miljørevisjonen gjennomført som ein del av forvalningsrevisjonen.

**Miljøstyringssystem: (alternativt miljøleiingssystem)** Ein systematisk måte å organisere miljøarbeidet på som normalt føreset etablering av rutinar og avklaring av roller internt i organisasjonen (privat eller offentleg) og utarbeidning av styringsdokument (planar, retningslinjer, mål, rapportar). Eit miljøstyringssystem kan eventuelt bli sertifisert (sjå miljøsertifisering).

**Miljøsertifisering:** Bevis for at ei verksemd har innført eit miljøstyringssystem (sjå over) og at systemet er kontrollert av ein uavhengig tredjepart. Sertifiseringsordningar som anten har innebygde klare miljøkriteria/mål eller kvalitetssikringssystem som blir nytta for å følgje opp mål som ein sjølv har definert eller som er definert av andre. Miljøfyrtårn, EMAS, ISO 14001, Grønt flagg med fleire.

**Resultatmål:** Konkrete resultat som skal oppnåast i eit prosjekt, i motsetning til [effektmål](#) som er de ønska eksterne verknadane av prosjektet.

**Økologisk bæreevne:** Vert nytta på to måtar: A) For å seie noko om kor mykje uønska belastning (t.d. ureining) eit område, ein ressurs eller ein organisme kan tolke utan at ein på førehand uønska situasjon oppstår (t.d. redusert bruksverdi av området eller ressursen). B) Det

maksimale og vedvarande tal organismar som kan leve i eit gitt område utan at ressursgrunnlaget vert svekka – og dermed grunnlaget for å oppretthalde talet av organismar fell bort.

**Økologisk fotavtrykk:** Eit forsøk på å slå saman ulike former for ressursforbruk til éi eining; nemleg forbruk av biologisk produktivt areal. Følgjande kategoriar av arealforbruk vert tekne med: Dyrka areal, skogareal, beiteareal, bygd areal, havareal og eit hypotetisk energiareal knytt til utslepp av drivhusgassar. Energiarealet vert rekna som det skogarealet som er teoretisk naudsynt for å binde karbon frå utsleppa av klimagassar. Økologisk fotavtrykk vert ofte rekna ut pr person og tek utgangspunkt i ein teoretisk utrekna samla tilgang av biologisk produktivt areal globalt. Typisk vil fotavtrykk i den rike delen av verda vere høgre enn det globale gjennomsnittet for tilgangen på produktivt areal.

**For fleire oppslagsord sjå:**

- <http://miljolare.no/info/ordliste/>,
- <http://www.grip.no/Felles/begreper.htm>



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

**Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset  
Askedalen 2  
6863 Leikanger**

**Telefon: 57 65 61 00  
Telefax: 57 65 61 01**

**[postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)**